



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693

Innhald

Del I	Innleiing	9	Kap.3021 Statsrådet	35
1	Oversikt	11	Kap. 24 Regjeringsadvokaten	35
1.1	Område	11	Kap. 3024 Regjeringsadvokaten	36
1.2	Hovudoppgåver og organisering	11	<i>Programkategori 00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar</i>	37
1.3	Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet	12	Kap. 41 Stortinget	37
1.3.1	Betaling av premie til Statens pensjonskasse	13	Kap. 3041 Stortinget	41
2	Nokre viktige oppgåver i 2019	14	Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	41
2.1	Oppfølging av NOU 2017: 13 Ny sentralbanklov – organisering av Noregs Bank og Statens pensjonsfond utland	14	Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga	42
2.2	Statens pensjonsfond	14	Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste	44
2.3	Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet	14	Kap. 45 Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar	45
2.4	Statistikklovutvalet	15	Kap. 51 Riksrevisjonen	46
2.5	Skatte- og avgiftsområdet	15	Kap. 3051 Riksrevisjonen	48
2.6	Fornye, forenkle og forbetre	15	Programområde 23	
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	17	Finansadministrasjon	49
3.1	Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2017–2018	18	<i>Programkategori 23.10 Finansadministrasjon</i>	49
3.2	Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2016–2017	23	Kap. 1600 Finansdepartementet	49
3.3	Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2015–2016	24	Kap. 4600 Finansdepartementet	57
3.4	Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2014–2015	25	Kap. 1602 Finanstilsynet	57
4	Oversiktstabellar for budsjettet	26	Kap. 4602 Finanstilsynet	61
4.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	29	Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet	62
4.2	Talet på tilsette	29	Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring... ..	62
Del II	Budsjettframlegget for 2019 ..	31	Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring... ..	66
5	Nærare omtale av løyvingframlegga m.m.	33	Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	66
Programområde 00	Konstitusjonelle institusjonar	33	<i>Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon</i>	67
<i>Programkategori 00.30 Regjeringa</i>	33	<i>Programkategori 23.30 Offisiell statistikk</i>	88	
Kap. 20 Statsministerens kontor	34	Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå	88	
Kap. 21 Statsrådet	34	Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå	94	
			<i>Programkategori 23.40 Andre føremål</i>	95
			Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift	95
			Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	96

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	97	7	Omtale av klima- og miljørelevante saker	111
<i>Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.</i>	97	7.1	Finansdepartementet	111
Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	98	7.2	Statistisk sentralbyrå	111
Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyising ...	99	7.3	Avsetning til tapsfond for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken	112
<i>Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	100	8	Finansielle tenester som samfunnskritisk funksjon – vurdering av status og tilstand	113
Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	100	8.1	Innleiing	113
Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar	102	8.2	Fordeling av ansvar og oppgåver	114
Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank	102	8.3	Svakheiter i IKT-systema	115
Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	103	8.4	Digital kriminalitet, sabotasje og andre åtak	118
Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	104	8.5	Konsentrasjonsrisiko og underleveransar	119
Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	104	8.6	Endringar i tilbodet av kunderetta tenester	120
		8.7	Nye krav til kontantar og beredskap i betalingssystemet	121
Del III Andre saker	105			
6 Likestilling og mangfald	107	Forslag		123
6.1 Finansdepartementet	107	Vedlegg 1		
6.2 Etatane under Finansdepartementet	107	Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak		130
6.2.1 Likestilling	107			
6.2.2 Etnisitet	108			
6.3 Programkategori 00.30 Regjering	109			

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak	17	Tabell 5.10	Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt	89
Tabell 5.1	Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen	69	Tabell 5.11	Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent	89
Tabell 5.2	Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	69	Tabell 5.12	Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk	90
Tabell 5.3	Skatte- og avgiftsproveny (mrd. kroner)	76	Tabell 5.13	Statistikkpubliseringar	90
Tabell 5.4	Gjennomsnittleg avdekte beløp per avdekkingskontroll (kroner)	77	Tabell 5.14	Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2017	97
Tabell 5.5	Innkrevjing av skatt og meirverdiavgift	78	Tabell 5.15	Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken	101
Tabell 5.6	Restansar for skatt og meirverdiavgift (mrd. kroner) ...	78	Tabell 6.1	Likestilling mellom kjønna	107
Tabell 5.7	Tal på behandla klager på skattevedtak	79	Tabell 6.2	Legemeldt sjukefråvær i pst. – baa kjøn, kvinner og menn ...	108
Tabell 5.8	Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu	87	Tabell 6.3	Tilsette med innvandrarbakgrunn	108
Tabell 5.9	Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	89			

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementets område i 2017 ...	11	Figur 8.1	Rapporterte IKT-hendingar 2013–2017	117
Figur 5.1	Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter. .	75			

Oversikt over bokser

Boks 8.1	Publikasjonar om finansiell stabilitet og finansiell infrastruktur	114	Boks 8.2	Utdrag frå IKT-forskrifta	116
			Boks 8.3	Ulike formar for cyberåtak	118



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2019

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693

*Tilråding frå Finansdepartementet 28. september 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Oversikt

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med framlegg om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadministrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvar for løyvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriane 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortinget sine egne institusjonar. Av praktiske grunnar vert desse programkategoriane førte opp i Finansdepartementets proposisjon, og beløpa er tekne med i oversikt over løyvingar på Finansdepartementets område. Framlegg under programkategori 00.40 er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovudoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for m.a. å

- medverke til eit høveleg grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentleg og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på dei ovannemnde områda er omtalt i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, Prop. 1 S (2018–2019) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2019* og Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekkje forvaltninga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er ei oversikt over verksemder på Finansdepartementets område.



Figur 1.1 Verksemder på Finansdepartementets område i 2017

¹ Ansvarstilhøvet mellom Noregs Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert ved lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

³ Verksemd med eige styre.

1.3 Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet

Programområde under departementet

Nemning	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 645 623	2 855 292	2 763 700	-3,2
Programområde 23 Finansadministrasjon	41 242 856	42 583 689	44 244 800	3,9
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	59 964 988	8 925 415	87 047 900	875,3
<i>Sum Utgift</i>	<i>103 853 467</i>	<i>54 364 396</i>	<i>134 056 400</i>	<i>146,6</i>
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	42 324	30 500	31 800	4,3
Programområde 23 Finansadministrasjon	3 043 803	3 044 257	3 060 600	0,5
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	27 693 456	16 843 800	23 659 700	40,5
<i>Sum Inntekt</i>	<i>30 779 583</i>	<i>19 918 557</i>	<i>26 752 100</i>	<i>34,3</i>

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar omfattar regjeringa og Stortinget med underliggjande institusjonar. Framlegg til løyving for 2019 under dette programområdet utgjer 2 763,7 mill. kroner som er ein reduksjon med 91,6 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Under programkategori 00.30 *Regjeringa*, er det en auke med nærare 25,5 mill. kroner eller 6,3 pst. Nærare 9,8 mill. kroner av auken kjem av at også kap. 21 *Statsrådet* no kjem inn under ordninga med premiebetaling til Statens pensjonskasse. Under programkategori 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar*, gjer ein framlegg om å redusere løyvingane med 117,1 mill. kroner. Reduksjonen kjem serleg av lågare behov til rehabilitering av Stortingets eigedom Prinsens gate 26 mv.

Framlegget under programkategori 00.40 Stortinget og underliggjande institusjonar er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte-, avgifts- og tolladministrasjonen, offisi-

ell statistikk, finansadministrasjon og nokre andre føremål. Det samla framlegget til løyving for 2019 under dette programområdet utgjer 44 244,8 mill. kroner. Det er ein auke på 1 661,1 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Av auken gjeld 950 mill. kroner auka meirverdiavgiftskompensasjon til kommunesektoren og 311,4 mill. kroner meir til nettoordninga for statleg betalt meirverdiavgift. Løyvinga til større IT-prosjekt i Skatteetaten vert redusert med 103,7 mill. kroner, særleg fordi to store prosjekt under fullføring har lågare behov.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statskassa sine krav. Departementet sine renter og avdrag på statsgjeld er budsjetterte til 87 047,9 mill. kroner. Hovudgrunnen til ein auke her på 78 122,5 mill. kroner frå saldert budsjett 2018 er at eit stort obligasjonslån har forfall i 2019, medan det for 2018 ikkje vert rekna med nokon avdrag.

Inntekter

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 26 752,1 mill. kroner. Av det er 12 113,3 mill. kroner utbyte og renteinntekter, m.a. 12 000 mill. kroner i overføring frå overføringsfondet i Noregs

Bank. Statens renteinntekter av foliokontoen i Noregs Bank og andre krav i 2019 er omtalte i kap. 5605 *Renter av kontantar i statskassa og andre fordringar*. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*.

Utgifter fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
01–23	Driftsutgifter	18 096 375	18 570 596	19 289 000	3,9
30–49	Nybygg, anlegg m.m.	756 335	851 800	714 200	-16,2
50–59	Overføringar til andre statsrekneskap	20 000	10 000	8 000	-20,0
60–69	Overføringar til kommunar	22 816 399	23 650 000	24 600 000	4,0
70–89	Overføringar til private	11 090 452	11 282 000	12 930 200	14,6
90–99	Utlån, avdrag m.m.	51 073 906		76 515 000	
	Sum under departementet	103 853 467	54 364 396	134 056 400	146,6

1.3.1 Betaling av premie til Statens pensjonskasse

Frå 2017 av tok ein i bruk ein forenkla modell for betaling av premie til Statens pensjonskasse for verksemder som ikkje tidlegare hadde betalt premie til pensjonskassa. Nyordninga gav for 2017 ei meirutgift på 19,2 mill. kroner under programkategorien 00.30 *Regjeringa*, medan meirutgifta på programområde 23 *Finansadministrasjon*, var

811,6 mill. kroner. Frå 2018 kom òg programkategori 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar* inn under ordninga, og dette gav ei meirutgift på 106,1 mill. kroner. Under programkategori 00.30 *Regjeringa* var kap. 21 *Statsrådet* ikkje med frå 2017 av, men kjem med i 2019 med ei meirutgift på nærmare 9,8 mill. kroner. Motstykket til desse meirutgiftene i 2017–2019 er lågare løyvingar på kap. 612 *Tilskot til Statens pensjonskasse* og kap. 613 *Arbeidsgjevaravgift til folketrygda*.

2 Nokre viktige oppgåver i 2019

Nedanfor er det gjort greie for nokre av dei viktige oppgåvene Finansdepartementet skal utføre i 2019, i tillegg til å samordne den økonomiske politikken.

2.1 Oppfølging av NOU 2017: 13 Ny sentralbanklov – organisering av Noregs Bank og Statens pensjonsfond utland

Regjeringa sette 10. april 2015 ned eit offentleg utval som skulle fremje forslag til ny sentralbanklov. Utvalet vart også bede om å vurdere organiseringa av Noregs Bank og forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU). Utvalet, som vart leia av Svein Gjedrem, leverte si utgreiing (NOU 2017: 13) til Finansdepartementet 23. juni 2017. Utgreiinga har vore på høyring. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei melding for Stortinget i oktober 2018.

2.2 Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gjeve Finansdepartementet ansvaret for forvaltninga av fondet. Den operasjonelle forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tek hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegnar for forvaltninga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet. Her er det gjort greie for referanseindeksar og rammer for forvaltninga, og ein finn føresegnar om risikostyring, rapportering og ansvarleg investeringspraksis. Mandata er i hovudsak prinsippbaserte, og dei føreset at Noregs Bank og Folketrygdfondet fastset meir detaljerte interne reglar.

Den samla marknadsverdien av Statens pensjonsfond var 8 588 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2018. Av dette var 8 337 mrd. kroner i SPU og 251 mrd. kroner i SPN. Langsiktig og god forvaltning av denne fellesformuen er ei viktig oppgåve.

Målet med investeringane i Statens pensjonsfond er høgast mogleg avkastning innafor akseptabel risiko. Fondet skal vere ein ansvarleg investor innafor den overordna finansielle målsettinga.

Finansdepartementet fastset investeringsstrategien for fondet og følgjer opp forvaltninga.

Arbeidet med Statens pensjonsfond er nærare omtalt i Meld. St. 13 (2017–2018) *Statens pensjonsfond 2018* og i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*.

2.3 Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet har det gjennom mange år vore arbeidd mykje med å utvikle og tilpasse rammevilkåra for finansnæringa gjennom føremålstenlege lover og forskrifter. Regelverket skal medverke til at finansmarknadene og finansinstitusjonane er effektive. Samtidig skal det fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i finansmarknaden. Det er lagt stor vekt på at den samla reguleringa skjer på ein konsistent måte for dei ulike typar finansinstitusjonar, med lik regulering av lik type risiko, uavhengig av kva slags finansinstitusjon som tek risikoen. Kundane sine interesser skal òg takast vare på når ein fastset reglar. Regelverksarbeidet speglar i stor mon arbeidet med nye reglar i EU/EØS, i tillegg til enkelte nasjonalt initierte prosessar. Rapportering av gjennomførte regelverksoppgåver og gjennomgang av prioriterte regelverksoppgåver er omtalt i del II av proposisjonen under kap. 1600 Finansdepartementet.

Arbeidet med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Finanstilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet arbeider særleg med rammevilkåra for finanssektoren. Ein omtale av dette området og av stoda i dei internasjonale finansmarknadene er gjeven i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019* og i den årlege finansmarknadsmeldinga som har meir utførlig informasjon om utviklinga i finansmarknadene, utsiktene for finansiell stabilitet og omtale av finansmarknadsreguleringa. Meld. St. 14

(2017–2018) *Finansmarkedsmeldingen 2018* vart framlagd i april 2018 og drøfta då Stortinget behandla Innst. 371 S (2017–2018). Arbeidet i internasjonale fora som G 20, Baselkomiteen og EU for å styrkje reguleringa i finansmarknadene etter den internasjonale finanskrisa i 2008–2009, er langt på veg slutført. Noreg, Island og Liechtenstein samarbeider med EU om å utvikle EØS-avtalen ved å ta inn ei stor mengd nye rettsaktar på finansmarknadsområdet, og som skal gjennomførast i nasjonal rett. Sentrale soliditetskrav og krav til krisebehandling i tråd med internasjonale anbefalingar og vedtekne EU-reglar, er allereie gjennomførte eller foreslått gjennomført. I del II i denne proposisjonen er det under kap. 1600 Finansdepartementet, Rapport, gjeve ei meir detaljert framstilling av arbeidet med EØS-relevante forordningar og direktiv, og om anna regelverksarbeid.

2.4 Statistikklovutvalet

Dagens statistikklov er frå 1989. Rammeverket for statistikkproduksjon har sidan endra seg mykje. Finansdepartementet sette difor i 2016 ned eit offentleg utval for å vurdere statistikklova. Utvalet la i mars 2018 fram si utgreiing. Tiltrådingane frå det er kort referert under kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, avsnittet Viktige utfordringar. Departementet tek sikte på å fremje ein proposisjon med forslag til ny statistikklov i 2019.

2.5 Skatte- og avgiftsområdet

Regelverk på skatte- og avgiftsområdet vert stadig endra. I del II er det under kap. 1600 Finansdepartementet rapportert om fleire regelrevisjonar og nytt regelverk som det òg vil verte arbeidd med etter 2018, og om aktivitetar i 2019 og seinare. Dette gjeld mellom anna

- arbeid med å lage eit bilavgiftssystem som er berekraftig etter 2025
- eit utval som skal vurdere skattlegginga av havbruksnæringa
- eit utval som gjer ei heilskapleg vurdering av skattlegginga av kraftverk.
- reglar for kjeldes katt på renter og royalty

Ein meir detaljert gjennomgang av pågåande oppgaver er å finne under kap. 1600.

2.6 Fornye, forenkla og forbetre

Skatte- og avgiftsområdet

Skatteetaten har dei seinare åra gjennomført fleire store omstillingsprosessar der målet er ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning. Statens innkrevjingssentral vart innlemma i Skatteetaten i 2015. Ansvar for særavgifter og meirverdiavgift ved innførsel vart overført frå Tolletaten til Skatteetaten i 2016 og 2017. I 2018 vart Nav Innkrevjing overført frå Arbeids- og velferdsetaten til Skatteetaten.

Skatteetaten er òg i ferd med å innføre ein ny kontorstruktur med færre kontor og større fagmiljø og ein ny organisasjonsmodell basert på landsdekkjande oppgåveløysing. Den nye organiseringa legg til rette for at Skatteetaten kan løyse sine oppgaver på ein betre og meir effektiv måte.

Skatteetatens pågåande arbeid med modernisering av Folkeregisteret, eit nytt IT-system for særavgiftsforvaltninga (SAFIR) og ei ny, dialogbasert skattemelding (SIRIUS) vil gje både meir effektiv ressursbruk i etaten og store gevinstar for samfunnet. Regjeringa gjer framlegg om å starte arbeidet med eit nytt IT-system for meirverdiavgift i 2019. Dette systemet vil mellom anna leggje til rette for auka etterleving av regelverket, sikring av meirverdiavgiftsprovenyet og meir effektive løysingar og arbeidsprosessar for Skatteetaten og næringslivet.

Forenklingar er naudsynt av omsyn til både dei skattepliktige og Skatteetaten. Som ei oppfølging av omtala i Prop. 1 LS (2017–2018) har Finansdepartementet saman med Skatteetaten starta eit forenklingssprosjekt. Forenklingssprosjektet utgreier tiltak som kan minske dei administrative byrdene for både dei skattepliktige og Skatteetaten. Prosjektet starta opp i desember 2017 og vil halde fram til 30. november 2019.

Fleire av tiltaka er òg omtalte under kap. 1618 Skatteetaten.

Tolletaten

Regjeringa gjer framlegg om å starte arbeidet med digitalisering av Tolletatens kontrollprosessar og ein ny prosedyre for deklarerering og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling). Føremålet er mellom anna å effektivisere oppgåveløysinga for både næringslivet og Tolletaten. Ekspressfortollingsprosedyren vil gje ei føreseieleg og smidig grensepassering for næringslivet. For aktørar som fortollar på grensa, betyr dette at ein, i normalsituasjonen, slepp å

stanse for å få behandla papira sine i ekspedisjonen. Det vert starta eit forsøksprosjekt med ekspressfortølling på Ørje tollstad allereie i 2018.

Tolleetaten arbeider òg med ei vurdering av organiseringa av etaten og skal i 2018 leggje fram for Finansdepartementet eit forslag til ny organisering.

Tiltaka er òg omtalte under kap. 1610 *Tolleetaten*.

Interne fellestenester i staten

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) legg til rette for effektiv ressursbruk i staten gjennom å levere standardiserte og effektive tenester til verksemdene. Gjentekne, regelbaserte oppgåver med store volum gjer verksemda godt eigna for digitalisering og automatisering. DFØ har teke i bruk robotisert prosessautomatisering på utvalde løns- og rekneskapsprosessar. DFØ har også utvikla ein praterobot på lønsområdet som nyttar kunstig intelligens.

Direktoratet bidrar òg til at staten får lågare investerings- og driftskostnader ved å kjøpe løysingar som mange kundar kan nytte. Fleire store og komplekse verksemdar skal verte kundar av DFØ. Dette gjeld m.a. Politiet. De fire store universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø vil ta i bruk DFØs løns- og rekneskapstenester frå 2021.

Finansområdet

Finanstilsynet vil fortsetje arbeidet med å effektivisere verksemda si. Redusert sakshandsamings-

tid gjennom systematisk forbetring av interne arbeidsprosessar, samstundes som eksterne og interne kvalitetskrav skal møtast, er sentralt. Utnytting av IT skal bidra til eit effektivt tilsyn gjennom å utvikle effektive rapporterings- og analyseløysingar og etablere moderne informasjons- og samhandlingskanalar internt og mot tilsyns- einingar og publikum.

Finanstilsynet har gjennomført ei rekkje tiltak som har auka kvaliteten på data og effektivisert og forenkla verksemda. Utan desse tiltaka villa auka tilsynskrav og -volum dei seinaste åra ha vore vanskeleg å handsame. Tiltak som har hatt, og vil ha god effekt, er til dømes bruk av Altinn ved innrapporteringar og konsesjonssøknader.

Modernisering av statistikkproduksjonen

For å møte auka krav frå brukarane, samstundes som det vert sett krav til å effektivisere verksemda, må SSB modernisere statistikkproduksjonen. I 2018 byrja arbeidet i dei fyrste, avgrensa prosjekta for å etablere ei moderne IT-plattform, gje ny datalagring og fellesløysingar for datafangst og førebu prosessforbetringar i dei statistikkproduserande avdelingane. Ei ekstern kvalitetssikring av prosjektet har vist at det er naudsynt med meir utgreiing før eit samla program vert sett i verk. Arbeidet med å førebu prosjektet og prosjektmandatet vil difor halde fram. For 2019 er det øyremerkt 20 mill. kroner til dette arbeidet.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Finansdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortings-sesjonen 2017–2018 og alle vedtak frå tidlegere sesjonar der rapporteringa ikkje vart avslutta i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018) eller Meld. St. 7 (2017–2018) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2016–2017*. I nokre tilfelle er det annanstad i budsjettframlegget gjeve ei meir omfattande framstilling av oppfølginga. I slike tilfelle er det vist til kor denne framstillinga finst.

I kolonnen lengst til høgre i tabellen nedanfor er oppgitt om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no vert avslutta eller om

det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal leggje fram ei konkret sak for Stortinget, vil normalt fyrst verte avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa vert avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølging av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan t.d. gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle vert Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar eller andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtaks nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/nei)
2017–2018	3	Stortingsmelding om ulikskap og sosial berekraft	Nei
2017–2018	37	Meirverdiavgift – fritak for digital journalistikk	Nei
2017–2018	38	Avskrivningsreglar for profesjonell utleige av bustad	Ja
2017–2018	56	Betydning av familien og hushaldsstrukturen for norsk økonomi	Nei
2017–2018	64	Om å leggje om flypassasjeravgifta	Ja
2017–2018	596	Tilsyn med OTP-ordningar	Nei
2017–2018	660	Klimaverkemiddel i oppdrettsnæringa	Nei
2017–2018	693	Spillselskap – Statens pensjonsfond utland	Nei
2017–2018	711	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Nei
2017–2018	712	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Nei
2017–2018	713	Omsetjingsavgift – digital økonomi	Nei
2017–2018	727	Om tiltak for å styrkje forbrukarane sine rettar i handel med bustad	Nei
2017–2018	826	NOU om ulike former for beskatning av havbruksnæringa	Ja
2017–2018	858	Likestille praksis frå kommunal og privat revisjon	Nei
2017–2018	867	Finansskatt	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/nei)
2017–2018	868	Finansskatt	Nei
2017–2018	869	Fjerning av avgiftsfritak for sending av varer med låg verdi	Nei
2017–2018	871	Kolkriteriet – Statens pensjonsfond utland	Nei
2017–2018	874	Etablering av regulatorisk sandkasse	Nei
2017–2018	877	Utgreiing av ulike modellar for rentetak	Nei
2017–2018	1004	Leggje om avgiften på alkoholfrie drikkevarer	Nei
2017–2018	1006	Kursreguleringsfond	Nei
2016–2017	48	Land-for-land-rapportering	Nei
2016–2017	557	Vurdering av om det er føremålstjenleg med rentetak	Ja
2016–2017	787	Utgreie muligheten for å innføre rentetak	Ja
2016–2017	1040	Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustad-handelen	Nei
2016–2017	1104	Differensiert avgift på biodrivstoff	Nei
2016–2017	1116	Frådrag for tilskot til vitskapeleg forskning og yrkesopplæring	Ja
2015–2016	761	Kost/nytte-investeringsstrategiar i Statens pensjonsfond utland	Ja
2015–2016	1002	Vegbruksavgift – fritak for naturgass som erstatning for biogass	Nei
2014–2015	513	Innhenting av opplysningar i skattesaker	Ja
2014–2015	514	Utlevering av opplysningar frå Skatteetaten til andre offentlege styresmakter	Ja
2014–2015	602	Register over reelle rettshavarar	Nei

3.1 Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2017–2018

Stortingsmelding om ulikskap og sosial berekraft

Vedtak nr. 3 (2017–2018), 11. oktober 2017

«Stortinget ber regjeringa fremme en stortingsmelding om tiltak mot den økende ulikheten i makt og rikdom i Norge.»

Vedtaket vart gjort i samband med trontaledebatten i 2017, jf. forslag nr. 3 frå representanten Audun Lysbakken.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om ulikskap og sosial berekraft rundt årsskiftet 2018/2019.

Meirverdiavgift – fritak for digital journalistikk

Vedtak nr. 37 (2017–2018), 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringa utrede utvidelse av merverdiavgiftsfritaket for medier til å gjelde all digital journalistikk, herunder betydningen for uavhengige journalister, og legge dette frem i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2018.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2017–2018), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S

Tillegg 1 (2017–2018 jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*

Regjeringa varsla i Prop. 86 LS (2017–2018) at den tok sikte på å innføre eit fritak for elektroniske tidsskrift slik at trykte tidsskrift som er fritakne for meirverdiavgift også kan givast ut elektronisk med meirverdiavgiftsfritak. Fordi eit fritak for meirverdiavgift inneber støtte frå staten og difor må få ESA si godkjenning før det kan verte sett i verk, tek regjeringa sikte på at eit slikt fritak vert innført frå 1. juli 2019. Regjeringa kjem difor tilbake med denne saka ved budsjettrevisjonen våren 2019.

Avskrivningsreglar for profesjonell utleige av bustad
Vedtak nr. 38 (2017–2018), 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2019 om å vurdere å utvide avskrivningsreglene for næringsutleie til også å omfatte profesjonell boligutleie.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*.

Departementet har vurdert om bustadbygg bør kunne avskrivast for skatteforemål. Etter ei samla vurdering frarår departementet eit slikt forslag. Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 33.

Betydning av familien og hushaldsstrukturen for norsk økonomi

Vedtak nr. 56 (2017–2018), 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen om at betydningen av familien og husholdningsstrukturen for norsk økonomi, herunder utviklingen i fødselstallene, omtales i nasjonalbudsjettet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2017–2018), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*.

Oppmodingsvedtaket er omtalt i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, kap. 2.

Departementet omtalar mellom anna utviklinga i hushaldsstruktur- og storleik opp mot utviklingstrekk i bustadmarknaden i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*, kap. 2. Ein

omtale av fødselstall opp mot folketilvekst er gjeve i kap. 3 i same melding.

Om å leggje om flypassasjeravgifta

Vedtak nr. 64 (2017–2018), 4. desember 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere en omlegging av dagens flypassasjeravgift, slik at den får en miljøprofil, for eksempel differensiering etter flyreisens lengde.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2017–2018), Prop. 1 S (2017–2018) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018) *Innstilling fra finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2018 og forslaget til statsbudsjett for 2018*.

I Prop. 1 LS (2018–2019) foreslår regjeringa å leggje om flypassasjeravgifta slik at den får to satser i hovudsak differensiert etter avstand frå Oslo. Regjeringa legg opp til ei provenynøytral omlegging og ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom forslaget.

Tilsyn med OTP-ordningar

Vedtak nr. 596 (2017–2018), 10. april 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere å etablere en tilsynsordning med tilhørende sanksjoner, som skal sikre at bedriftene følger opp den lovbestede plikten til å opprette og beholde obligatorisk tjenestepensjon for sine ansatte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:101 S (2017–2018), Innst. 197 S (2017–2018), jf. forslag nr. 5 frå representanten Tore Storehaug.

Oppmodingsvedtaket vil verte følgt opp i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet. Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om saka.

Klimaverkemiddel i oppdrettsnæringa

Vedtak nr. 660 (2017–2018), 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede virkemidler for at oppdrettsnæringen kan kutte sine klimagassutslipp, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, jf. Innst. 253 S (2017–2018).

Oppmodingsvedtaket er under behandling i Finansdepartementet. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Spillselskap – Statens pensjonsfond utland

Vedtak nr. 693 (2017–2018), 7. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede grunnlaget for å trekke Statens pensjonsfond utland (SPU) ut av pengespillselskaper med sikte på en vurdering i forbindelse med den årlige forvaltningsmeldingen om fondet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:110 S (2017–2018) Representantforslag fra stortingsrepresentantane Anette Trettebergstuen og Geir Jørgen Bekkevold om en mer ansvarlig spillpolitikk, jf. Innst. 242 S (2017–2018).

Departementet vil kome tilbake til oppfølginga av vedtaket i meldinga *Statens pensjonsfond 2019* våren 2019.

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 711 (2017–2018), 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen betydelig forsterke arbeidet med skattlegging av multinasjonale selskaper med liten fysisk tilstedeværelse blant annet gjennom aktivt arbeid i OECD samt støtte til arbeidet i G20, og vurdere mulige midlertidige modeller for skattlegging av selskaper med digital inntjeningsplattform, i tråd med intensjonen i Representantforslag 69 S (2017–2018).»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentant Une Bastholm om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt», jf. Innst. 242 S (2017–2018).

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 5.6. Regjeringa vil kome tilbake til saka seinast hausten 2019. Sjå også oppmodingsvedtaka nr. 712 og 713.

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 712 (2017–2018), 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte, og senest innen høsten 2019, med en vurdering av hvordan Norge skal følge opp arbeidet som er gjort i OECD.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av dokument 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentant Une Bastholm om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt», jf. Innst. 242 S (2017–2018).

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 5.6. Regjeringa vil kome tilbake til saka seinast hausten 2019. Sjå også oppmodingsvedtaka nr. 711 og 713.

Omsetjingsavgift – digital økonomi

Vedtak nr. 713 (2017–2018), 14. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilke konsekvenser innføring av en omsetningsavgift tilsvarende den som er foreslått av EU-kommisjonen, vil ha for skattlegging av multinasjonale selskaper, norsk næringsliv og norsk eksportnæring.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av dokument 8:69 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentant Une Bastholm om å utrede en norsk skatt for selskaper med digitale inntektsmodeller – en «Google-skatt».

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 5.6. Regjeringa vil kome tilbake til saka seinast hausten 2019. Sjå også oppmodingsvedtaka nr. 711 og 712.

Om tiltak for å styrkje forbrukarane sine rettar i handel med bustad

Vedtak nr. 727 (2017–2018), 15. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen legge innstilling 477 S (2016–2017) til grunn for oppfølging av stortingsvedtakene 1035, 1036, 1037, 1038, 1039 og 1040, om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bustad.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 7 (2017–2018) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingslesjonen 2016–2017*, jf. Innst. 275 S (2017–2018),

Finansdepartementet tek sikte på å setje ned eit lovutval for å revidere eiendomsmeulingslova i inneverande stortingslesjon. Utvalet vil også kunne vurdere reglane om bodgjevning som ledd i ein revisjon av lova. Finansdepartementet vil leggje Innst. 477 S (2016–2017) til grunn for å følgje opp stortingsvedtaket nr. 1040 (2016–2017) om å sikre behovet hos bustadkjøparar for meir tid i bustadhandelen.

NOU om ulike former for beskatning av havbruksnæringa

Vedtak nr. 826 (2017–2018), 4. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen om å nedsette et partssammensatt utvalg som skal utarbeide en NOU som behandler ulike former for beskatning av havbruksnæringa, herunder produksjonsavgift og grunnrentebeskatning/ressursrenteavgift. Ett av målene med utredningen er at vertskommuner skal sikres stabile og forutsigbare årlige inntekter for bruk av areal og for å tilrettelegge for nytt areal for oppdrettsnæringa også når det ikke er vekst. Utredningen må også vurdere den internasjonale konkurranse situasjonen for havbruksnæringa, forutsetninger for lønnsomhet, risikoen ved biologisk produksjon i sjø, samt hvordan skatte- og avgiftssystemet påvirker sysselsettingen og industrialisering i Norge og forholdet mellom norsk og utenlandsk eierskap. Beskatningen må innrettes slik at næringa har et godt grunnlag for kunnskapsutvikling, innovasjon, investeringer og bærekraftig vekst.

Saken må sluttføres i Stortinget våren 2020, med sikte på mulig ikrafttredelse medio 2020. Havbruksfondets innretning og fordeling sees i sammenheng med annen beskatning.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:192 S (2017–2018) Representantforslag fra stortingsrepresentantane Torgeir Knag Fylkesnes, Mona Fagerås, Arne Nævra, Eirik Faret Sakariasen og Lars Haltbrekken om innføring av et produksjonsvederlag for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret innanfor territoriallinjen, jf. Innst. 338 S (2017–2018).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom nedsetting 7. september 2018 av eit partssamansett utval. Regjeringa vil deretter kome tilbake til Stortinget med eventuelle forslag om endringar i skattlegginga av havbruksnæringa.

Finansskatt

Vedtak nr. 867 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa vurdere om utvida grunnlag for meirverdiavgift på finansielle tenester og avgift på margininntekter er ein modell som det framleis bør jobbast med å innføre eller ikkje. Vidare ber Stortinget regjeringa om å gi ei vurdering av forslaget om forhøgd selskapskatt som vert betalt inn i terminar. Stortinget ber regjeringa kome attende til Stortinget med

omtale av dette på eigna måte, seinast i statsbudsjettet for 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:190 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Heggø, Sigbjørn Gjelsvik, Kari Elisabeth Kaski og Kjell Ingolf Ropstad om provenynøytral omlegging av finansskatten der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna, jf. Innst. 365 (2017–2018).

Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2018–2019), Skatter, avgifter og toll 2019, kap. 32. Her orienterer departementet om at det ser det som lite føremålstenleg å utgreie vidare ein avgift på margininntekter. Departementet frarår vidare å leggje om finansskatten til ein rein overskotsskatt, betalt i terminar. Departementet foreslår å utgreie ein ny modell for å skatte meirverdien i finansiell tenesteyting og å utgreie konsekvensane av å utvide meirverdiavgiftsgrunnlaget til å omfatte skadeforsikring.

Revisjon

Vedtak nr. 858 (2017–2018), 7. juni 201

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag om endringer i revisjonsloven gjennom å likestille praksis fra kommunal og privat revisjon når det gjelder godkjenning som statsautorisert og registrert revisor.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 46 L (2017–2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), jf. Innst. 369 L (2017–2018).

Finansdepartementet vil behandle oppmodingsvedtaket i samband med oppfølginga av NOU 2017: 15 Revisorloven – forslag til ny lov om revisjon og revisorer.

Finansskatt

Vedtak nr. 868 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa kome attende til Stortinget på eigna måte, seinast i samband med statsbudsjettet for 2020, med framlegg om ei provenynøytral omlegging av finansskatten og der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:190 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Heggø, Sigbjørn Gjelsvik, Kari Elisabeth Kaski og Kjell Ingolf Ropstad om provenynøytral omlegging av finansskatten

der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna, jf. Innst. 365 (2017–2018).

Departementet gjev Stortinget ei førebels orientering om oppfølginga av vedtaket i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, sjå kap. 32 Sjø også oppmodingsvedtak nr. 867.

Fjerning av avgiftsfritak for sending av varer med låg verdi

Vedtak nr. 869 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede fjerning av avgiftsfritaket for varesendinger fra utlandet med verdi under 350 kroner og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:213 S (2017–2018) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Hans Fredrik Grøvan, Kjell Ingolf Ropstad, Knut Arild Hareide og Olaug V. Bollestad om å utrede fjerning av 350-kronersgrensen for varesendinger fra utlandet, jf. Innst. 364 S (2017–2018).

På bakgrunn av ei utgreiing av dette legg regjeringa ikkje opp til å gjere endringar i grensa på 350 kroner (inkl. kostnader til forsikring og frakt til Noreg). I Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 35, omtalar regjeringa grensa for avgiftsfrie varesendingar frå utlandet og den utgreiinga som er gjort.

Kolkriteriet – Statens pensjonsfond utland

Vedtak nr. 871 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem en vurdering i neste års stortingsmelding om Statens pensjonsfond av om dagens kriterier for uttrekk av kullselskaper fra SPU er tilstrekkelige med tanke på å ekskludere selskaper med en betydelig kullrelatert virksomhet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 13 (2017–2018) *Statens pensjonsfond 2018*, jf. Innst. 370 S (2017–2018).

Departementet vil kome tilbake til oppfølginga av vedtaket i meldinga *Statens pensjonsfond 2019* våren 2019.

Etablering av regulatorisk sandkasse

Vedtak nr. 874 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen etablere en regulatorisk sandkasse for fintech i Norge innen utgangen av 2019. En regulatorisk sandkasse bør underlegges Finanstilsynet, men etableres i samarbeid med finansnæringen og om hensiktsmessig også inkludere øvrige relevante tilsynsorgan som for eksempel Datatilsynet, Konkurransetilsynet og Forbrukerombudet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 14 (2017–2018) *Finansmarkedsmeldingen 2019*, jf. Innst. 371 S (2017–2018).

Departementet vil følgje opp saka i tråd med vedtaket og vil etablere ei såkalla regulatorisk sandkasse for fintech, og som Finanstilsynet skal drive, innan utgangen av 2019. Finansdepartementet vil orientere Stortinget om arbeidet med å etablere ei regulatorisk sandkasse i *Finansmarkedsmeldingen 2019*.

Utgreiing av ulike modellar for rentetak

Vedtak nr. 877 (2017–2018), 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede ulike modeller for et rentetak i Norge og komme tilbake med dette i Finansmarkedsmeldingen 2019.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 14 (2017–2018) *Finansmarkedsmeldingen 2018*, jf. forslag nr. 9 frå representanten Åsunn Lyngdal.

Oppmodingsvedtaket vil verte følgt opp i *Finansmarkedsmeldingen 2019*.

Leggje om avgiften på alkoholfrie drikkevarer

Vedtak nr. 1004 (2017–2018), 15. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede en reduksjon av særavgiften på alkoholfrie drikkevarer slik at avgiften differensieres ut fra sukkerinnhold, med utgangspunkt i modellene fra Storbritannia, Irland og Finland.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2017–2018) *Revidert nasjonalbudsjett 2018*, jf. Innst. 400 S (2017–2018).

Vedtaket vert følgt opp i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 13.15.

Kursreguleringsfond

Vedtak nr. 1006 (2017–2018), 15. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede nødvendige endringer i reglene om at en andel av kursreguleringsfondet kan holdes tilbake ved flytting av kommunale pensjonsordninger, slik at kommunene kan velge den pensjonsløsning de ønsker.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2017–2018) *Revidert nasjonalbudsjett 2018*, jf. Innst. 400 S (2017–2018).

Departementet vil utgreie saka i samarbeid med Finanstilsynet og sende eit forslag til regelverksendring på høyring.

3.2 Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2016–2017

Land-for-land-rapportering

Vedtak nr. 48 (2016–2017), 15. november 2016

«Stortinget ber regjeringen sørge for at selskap som etter forslagene i land-for-land-rapportering til skattemyndighetene, også blir pliktige til å rapportere etter regnskaps- og verdipapirloven, og at selskapene skal rapportere betalt inntektskatt og påløpt inntektsskatt, antall ansatte, akkumulert fortjeneste, resultat før skattekostnad, summen av inntekter fra transaksjoner med nærstående/ikke nærstående foretak og bokført egenkapital.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 120 L (2015–2016) *Endringer i ligningsloven (land-for-land-rapportering til skattemyndighetene)*, jf. Innst. 42 L (2016–2017).

Finansdepartementet tek sikte på å utarbeide forslag til lovendringar som vil verte sendt på høyring våren 2019.

Vurdering av om det er føremålstjenleg med rentetak

Vedtak nr. 557 (2016–2017), 4. april 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere hensiktsmessigheten av rentetak og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:121 S (2015–2016) Representantforslag fra stor-

tingsrepresentantene Karin Andersen og Audun Lysbakken om å lukke gjeldsfeller, jf. Innst. 231 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp i *Finansmarkedsmeldingen 2018*, jf. også vedtak nr. 787 (2016–2017). Departementet konkluderte med at eit rentetak kan vere eit aktuelt verkemiddel, men at det fyrst bør vurderast når ein har fått meir røynsle med allereie gjennomførte og planlagde tiltak. Finanskomiteens fleirtal slutta seg til vurderinga, jf. Innst. 371 S (2017–2018), pkt. 4.2. Samstundes fatta Stortinget nytt vedtak om å be regjeringa greie ut ulike modellar for rentetak, jf. vedtak nr. 877 (2017–2018).

Utgreie muligheten for å innføre rentetak

Vedtak nr. 787 (2016–2017), 7. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å innføre et rentetak og komme tilbake til Stortinget med en sak om dette.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 87 L (2016–2017) *Lov om gjeldsinformasjon ved kredittvurdering av privatpersoner (gjeldsinformasjonsloven)*, jf. Innst. 356 L (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp i *Finansmarkedsmeldingen 2018*, jf. også vedtak nr. 557 (2016–2017). Departementet konkluderte med at eit rentetak kan vere eit aktuelt verkemiddel, men at det fyrst bør vurderast når ein har fått meir røynsle med allereie gjennomførte og planlagde tiltak. Finanskomiteens fleirtal slutta seg til vurderinga, jf. Innst. 371 S (2017–2018), pkt. 4.2. Samstundes fatta Stortinget nytt vedtak om å be regjeringa greie ut ulike modellar for rentetak, jf. vedtak nr. 877 (2017–2018).

Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen

Vedtak nr. 1040 (2016–2017), 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen sikre boligkjøpernes behov for mer tid i bolighandelen gjennom forskriftene til eiendomsmeglingsloven eller ved å fremme forslag for Stortinget om endringer i avhendingsloven.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:123 S (2016–2017) om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bolig, jf. Innst. 477 S (2016–2017).

Finansdepartementet tek sikte på i inneverande stortingssesjon. å setje ned eit lovutval for å revidere eiendomsmeglingsloven. Lovutvalet vil også kunne vurdere reglar om korleis ein skal gje bod.

Differensiert avgift på biodrivstoff

Vedtak nr. 1104 (2016–2017), 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa utrede muligheten for differensiert avgift på biodrivstoff utanfor omsetningskravet med sikte på å fremme bærekraftig bio-drivstoff. EØS-rettslige konsekvenser må vurderes nærmere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2016–2017) Revidert nasjonalbudsjett 2017, jf. Innst. 401 S (2016–2017).

Oppfølginga av vedtaket er omtalt på side 54 i Prop. 1 S (2017–2018) for Finansdepartementet. Finanskomiteen tok omtalen til orientering, jf. Innst. 5 S (2017–2018), pkt. 2.2.

Regjeringa varslar i Prop. 1 LS (2018–2019) at regjeringa vil kome tilbake til saka i statsbudsjettet for 2020.

Frådrag for tilskot til vitenskapelig forskning og yrkesopplæring

Vedtak nr. 1116 (2016–2017), 21. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå ordninga med skattefrådrag for vitenskapelig forskning og kome tilbake til Stortinget med forslag til eventuelle endringer. Evalueringa skal vurdere en endring av dagens praktisering av regelverket, en fjerning av kravet til statlig styrerepresentant, en ny ordning tilpasset EØS-regelverk eller om kravet til statlig styrerepresentant kan oppfylles enklere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2016–2017) Revidert nasjonalbudsjett 2017, jf. Innst. 401 S (2016–2017).

Oppmodingsvedtaket er følgd opp gjennom ein omtale i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 31. Skattedirektoratet har gjennomført ei rettsleg vurdering av praktiseringa av kravet om statleg medverknad. Etter ein gjennomgang har direktoratet kome til at kravet om statleg medverknad kan sjåast som oppfylt der staten medverkar på annan måte enn gjennom ein statleg styrerepresentant, dersom medverknaden gjer det mogeleg å ha tilstrekkeleg kontroll med bruken av tilskota.

3.3 Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2015–2016

Kost/nytte-investeringsstrategiar i Statens pensjonsfond utland

Vedtak nr. 761 (2015–2016), 3. juni 2016

«Stortinget ber regjeringa om at neste års gjennomgang også vurderer resultatene fra, og kost/nytte-verdiene av de ulike investeringsstrategiene, både på kort og lang sikt, og fremme eventuelle endringer i lys av disse vurderingene i forbindelse med fondsmeldingen for 2017.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 23 (2015–2016) Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2015, jf. Innst. 326 S (2015–2016).

Vedtaket vart følgd opp gjennom omtale i Meld. St. 13 (2017–2018) Statens pensjonsfond 2018, avsnitt 2.4. Finanskomiteen hadde ikkje merknadar til dette i Innst. 370 S (2017–2018).

Vegbruksavgift – fritak for naturgass som erstatning for biogass

Vedtak nr. 1002 (2015–2016), 17. juni 2016

«Stortinget ber regjeringa påse at midlertidig ordning for 2016 med kr 0,00 i sats for veibruksavgift for naturgass (LNG) opphører i 2017 ved snarest mulig å utarbeide grunnlag for notifikasjon og iverksette prosessen med ESA, slik at det 1. januar 2017 kan innføres 100 pst. veibruksavgift på LNG i kombinasjon med en overgangsordning med unntak for veibruksavgift på naturgass brukt som supplement som settes til 50 pst. som et første skritt, men nedtrapping mot 0 pst i 2025.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2016, sjå Prop. 122 S (2015–2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016, jf. Innst. 400 S (2015–2016).

Saka vart omtalt i Prop. 1 LS (2017–2018), Skatter, avgifter og toll 2018, pkt. 9.5, der det går fram at departementet arbeider med saka og at tiltaket vil verte gjennomført når ESA har godkjent ordninga. Finanskomiteen tok dette til orientering, sjå Innst. 3 S (2017–2018) pkt. 9.5. Vedtaket vart også omtalt i Prop. 86 LS (2017–2018) Endringer i skatte-, avgifts- og tollavgivinga, der det vart vist til at notifikasjonsprosessen framleis er i gang. Finanskomiteen tok omtalen til orientering, sjå Innst. 400 S (2017–2018), pkt. 4.1.1. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med saka.

3.4 Oppmodings- og utredningsvedtak frå 2014–2015

Innhenting av opplysningar i skattesaker

Vedtak nr. 513 (2014–2015), 28. april 2015

«Stortinget ber regjeringen utrede om Skatteetaten kan få bedre muligheter til å innhente relevant informasjon og sikre bevis, blant annet gjennom beslag.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:7 S (2014–2015) Representantforslag frå stortingsrepresentantene Hans Olav Syversen, Line Henriette Hjemdal og Kjell Ingolf Ropstad om tiltak for å styrke kampen mot svart arbeid, jf. Innst. 218 S (2014–2015).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom forslag i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 16, om at Skatteetaten skal få høve til å gjere bevissikring i skattesaker. I Prop. 1 LS er det også gjeve ei vurdering av i kva grad Skatteetaten bør innhente informasjon gjennom skjult observasjon i skattesaker.

Utlevering av opplysningar frå Skatteetaten til andre offentlege styresmakter

Vedtak nr. 514 (2014–2015), 28. april 2015

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag som kan gi Skatteetaten bedre mulighet til å dele informasjon, som for eksempel ileggelse av skjerpert tilleggsskatt og manglende levering av selvangivelse, med andre offentlige etater, for å bekjempe svart virksomhet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok 8:7 S (2014–2015) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Olav Syversen, Line Henriette Hjemdal og Kjell Ingolf Ropstad om tiltak for å styrke kampen mot svart arbeid, jf. Innst. 218 S (2014–2015).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom forslag i Prop. 1 LS (2018–2019), kap. 17, om å betre Skatteetatens høve til å dele informasjon med

andre offentlege etatar, m.a. med sikte på å motverke svart verksemd. Det vert òg foreslått eigne heimlar for at Skatteetaten og Tolletaten kan dele opplysningar med medarbeidarar frå andre etatar som deltek i NTAES (Nasjonalt tverretattlig analyse- og etterretningssenter) og a-krimsentrene.

Register over reelle rettshavarar

Vedtak nr. 602 (2014–2015), 5. juni 2015

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et norsk offentlig eierskapsregister for å sikre åpenhet om eierskap i norske selskap og styrke innsatsen mot skattekriminalitet, korrupsjon og hvitvasking. Et slikt register må følge opp Financial Action Task Forces anbefalinger fra 2012 om internasjonale standarder for bekjempelse av hvitvasking og bekjempelse av terrorfinansiering og spredning, og registeret må også følge opp EU-reguleringen på dette området.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:57 S (2014–2015) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Marianne Marthinsen og Hans Olav Syversen om å opprette et norsk offentlig eierskapsregister for å sikre åpenhet om eierskap i norske selskap, jf. Innst. 298 S (2014–2015).

Regjeringen satte i 2015 ned eit kvitvaskingslovutval som mellom anna har greidd ut naudsynte endringar i kvitvaskingsregelverket for å følgje opp FATFs tilrådingar og komande EØS-reglar som svarar til EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv. Ei vurdering av korleis informasjon om reelt eigarskap skal kunne gjerast tilgjengeleg i eit offentlig register, inngår i den andre delutgreiing frå utvalet som vart levert til Finansdepartementet i desember 2016. Utgreiinga var på høyring våren 2017. Regjeringa la 22. juni 2018 fram Prop. 109 L (2017–2018) som inneheld forslag til lov om register over reelle rettshavarar. Lovforslaget legg til rette for å opprette eit register over reelle rettshavarar i Noreg. Departementet vil førebu forskrifter om opprettinga av registeret i lys av Stortingets handsaming av lovforslaget.

4 Oversiktstabellar for budsjettet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
Regjeringa					
20	Statsministerens kontor	118 095	118 465	121 200	2,3
21	Statsrådet	175 960	173 061	190 200	9,9
24	Regjeringsadvokaten	108 248	114 566	120 200	4,9
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>402 303</i>	<i>406 092</i>	<i>431 600</i>	<i>6,3</i>
Stortinget og underliggjande institusjonar					
41	Stortinget	1 641 559	1 762 700	1 595 800	-9,5
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 409	7 300	7 300	0,0
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	79 841	83 500	88 900	6,5
44	Stortingets kontrollutval for etterrettings-, overvakings- og tryggingsteneste	13 633	18 800	51 200	172,3
45	Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar	19 927	24 500	25 000	2,0
51	Riksrevisjonen	481 951	552 400	563 900	2,1
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>2 243 320</i>	<i>2 449 200</i>	<i>2 332 100</i>	<i>-4,8</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>2 645 623</i>	<i>2 855 292</i>	<i>2 763 700</i>	<i>-3,2</i>
Finansadministrasjon					
1600	Finansdepartementet	433 745	462 648	494 400	6,9
1602	Finanstilsynet	356 078	385 914	415 400	7,6
1605	Direktoratet for økonomistyring	501 085	473 144	523 400	10,6
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	20 360	18 809		-100,0
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>1 311 268</i>	<i>1 340 515</i>	<i>1 433 200</i>	<i>6,9</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon				
1610	Tolletaten	1 574 719	1 578 247	1 617 800	2,5
1618	Skatteetaten	6 462 397	6 739 605	6 947 400	3,1
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>8 037 116</i>	<i>8 317 852</i>	<i>8 565 200</i>	<i>3,0</i>
	Offisiell statistikk				
1620	Statistisk sentralbyrå	852 229	826 689	866 400	4,8
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>852 229</i>	<i>826 689</i>	<i>866 400</i>	<i>4,8</i>
	Andre foremål				
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	24 825 480	25 810 000	26 780 000	3,8
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	6 216 763	6 288 633	6 600 000	5,0
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>31 042 243</i>	<i>32 098 633</i>	<i>33 380 000</i>	<i>4,0</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>41 242 856</i>	<i>42 583 689</i>	<i>44 244 800</i>	<i>3,9</i>
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.				
1650	Statsgjeld, renter m.m.	8 871 082	8 915 415	10 532 900	18,1
1651	Statsgjeld, avdrag og innløysing	50 959 276		76 515 000	
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>59 830 358</i>	<i>8 915 415</i>	<i>87 047 900</i>	<i>876,4</i>
	Statlege fordringar, avsetningar m.m.				
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	134 630	10 000		-100,0
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>134 630</i>	<i>10 000</i>		<i>-100,0</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>59 964 988</i>	<i>8 925 415</i>	<i>87 047 900</i>	<i>875,3</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>103 853 467</i>	<i>54 364 396</i>	<i>134 056 400</i>	<i>146,6</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
Regjeringa					
3021	Statsrådet	212	100	100	0,0
3024	Regjeringsadvokaten	27 586	18 500	19 000	2,7
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>27 798</i>	<i>18 600</i>	<i>19 100</i>	<i>2,7</i>
Stortinget og underliggende institusjoner					
3041	Stortinget	11 611	9 400	10 400	10,6
3051	Riksrevisjonen	2 915	2 500	2 300	-8,0
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>14 526</i>	<i>11 900</i>	<i>12 700</i>	<i>6,7</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>42 324</i>	<i>30 500</i>	<i>31 800</i>	<i>4,3</i>
Finansadministrasjon					
4600	Finansdepartementet	16 963	399	400	0,3
4602	Finanstilsynet	12 709	11 579	12 500	8,0
4605	Direktoratet for økonomistyring	99 018	50 600	51 600	2,0
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	362 043	389 200	418 400	7,5
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>490 733</i>	<i>451 778</i>	<i>482 900</i>	<i>6,9</i>
Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon					
4610	Tolletaten	46 635	50 332	52 300	3,9
4618	Skatteetaten	2 247 396	2 271 201	2 244 300	-1,2
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>2 294 031</i>	<i>2 321 533</i>	<i>2 296 600</i>	<i>-1,1</i>
	Offisiell statistikk				
4620	Statistisk sentralbyrå	259 039	270 946	281 100	3,7
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>259 039</i>	<i>270 946</i>	<i>281 100</i>	<i>3,7</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>3 043 803</i>	<i>3 044 257</i>	<i>3 060 600</i>	<i>0,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
Statlege fordringar, avsetningar m.m.					
5341	Avdrag på uteståande fordringar	8 000 457	500	8 000 500	-
5351	Overføring frå Noregs Bank	17 725 862	14 500 000	12 000 000	-17,2
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	1 854 646	2 230 500	3 545 900	59,0
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	111 771	112 200	112 700	0,4
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	720	600	600	0,0
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>27 693 456</i>	<i>16 843 800</i>	<i>23 659 700</i>	<i>40,5</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>27 693 456</i>	<i>16 843 800</i>	<i>23 659 700</i>	<i>40,5</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>30 779 583</i>	<i>19 918 557</i>	<i>26 752 100</i>	<i>34,3</i>

4.1 Bruk av stikkordet «kan overførast»

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2018	Framlegg 2019
41	21	Spesielle driftsutgifter	-	8 000
1600	21	Spesielle driftsutgifter	27 831	90 900
1608	21	Spesielle driftsutgifter	1 558	-
1618	22	Større IT-prosjekt	95 602	472 800
1620	21	Spesielle driftsutgifter	28 549	253 100

4.2 Talet på tilsette

I omtala av kvar verksemd under Finansdepartementet er det gjeve tal for tilsette, målt i årsverk. Alle tal er henta frå verksemdene sine årsrapportar. I noko utstrekning er det skilnader mellom

reknemetodane som er brukte for dette, og ein kan difor ikkje jamstille tala direkte. Difor vil det òg vere avvik mellom tala frå verksemdene og dei berekningar Statistisk sentralbyrå gjer av årsverk i offentleg sektor.

Del II
Budsjettframlegget for 2019

5 Nærare omtale av løyvingframlegga m.m.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
20	Statsministerens kontor	118 095	118 465	121 200	2,3
21	Statsrådet	175 960	173 061	190 200	9,9
24	Regjeringsadvokaten	108 248	114 566	120 200	4,9
	Sum kategori 00.30	402 303	406 092	431 600	6,3

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor støt statsministeren i arbeidet med å leie og samordne arbeidet i regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker vert behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes framlegg til nye lover, budsjettframlegg og andre framlegg til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp Statsrådet sine møte hos Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemene si deltaking i enkelte debattar og munnlege spørjetimar på Stortinget. Kontoret skal òg støt statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret arbeidsgjeverfunksjonar for regjeringsmedlemene og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell avdeling, innanriksavdelinga og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon. Regjeringa si bilteneste høyrer inn under administrativ og konstitusjonell avdeling.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre sivile rettssaker på vegner av staten og gje fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattenester på ein god måte, og slik at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg sett under eitt. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlinga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemdene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, trygd, konsesjonar, ekspropriasjon m.m.), skadebotsaker, eigedomssaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	118 095	118 465	121 200
	Sum kap. 0020	118 095	118 465	121 200

Rapport 2017**Post 01 Driftsutgifter**

Statsministerens kontor har støtt statsministeren i å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følge opp regjeringskonferansane. Om lag 78 pst. av utgiftene i 2017 var løn og godtgjersler til tilsette. Andre større utgifter var husleige og reiseutgifter.

Budsjett 2019**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 20 *Statsministerens kontor* dekkjer vanlege driftsutgifter for kontoret. Framlegget inneber ei budsjetttramme på 121,2 mill. kroner.

Kap. 21 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	175 960	173 061	190 200
	Sum kap. 0021	175 960	173 061	190 200

Rapport 2017**Post 01 Driftsutgifter**

Større utgifter i 2017 har vore løn til regjeringa og dei politisk tilsette i departementa, investeringar i Regjeringa si bilteneste, reiseutgifter og husleige for pendlarbustader.

Budsjett 2019**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kapittel 21 *Statsrådet* skal dekkje lønsutgifter for regjeringsmedlemene, statssekretærene og dei politiske rådgjevarane, og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga i departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser, besøksreiser for familie og tenestereiser. Løyvinga dekkjer dessutan alle driftsutgifter knytt til Regjeringa si bilteneste.

Nærare reglar om kva for ytingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «*Reglement om arbeidsvilkår for politisk ledelse*», fastsett ved kgl.res. 28.

mars 2003. Reglementet er supplert og utfyllt i «*Håndbok for politisk ledelse*», som vert gjeve ut av Statsministerens kontor.

Frå 2019 kjem kap. 21 *Statsrådet* inn under ordninga med forenkla modell for betaling av premie til Statens pensjonskasse. Ordninga gjev ei meirutgift på om lag 9,8 mill. kroner i 2019.

Framlegget inneber ei budsjetttramme på 190,2 mill. kroner.

Fullmakt til overskriding

I samråd med politiet set Statsministerens kontor i verk visse tryggingstiltak for regjeringa. Det er vanskeleg å budsjettere behova, og dei kan endre seg i løpet av budsjettåret. Difor gjer departementet framlegg om samtykkje til at Statsministerens kontor i 2019 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 *Driftsutgifter* for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa, jf. framlegg til romartalsvedtak III.1.

Kap. 3021 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
02	Diverse refusjonar	212	100	100
	Sum kap. 3021	212	100	100

Post 02 Diverse refusjonar

Posten dekkjer i hovudsak refusjonar av utgifter der Statsministerens kontor har lagt ut for andre. Refusjonsbeløp kan variere mykje frå år til år. Det

vert difor gjort framlegg om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 21, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter på posten, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	93 477	100 910	106 200
21	Spesielle driftsutgifter	14 771	13 656	14 000
	Sum kap. 0024	108 248	114 566	120 200

Rapport 2017

I 2017 kom det inn 1 118 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein nedgang på 3 pst. i høve til 2016. Sakene er ofte meir komplekse enn før og krev stadig meir ressursar til førebuing og gjennomføring.

Utviklinga går òg i retning av at både fråsegnssaker og rettssaker vert større og meir kompliserte. Det har særleg samanheng med at rettskjeldematerialet er meir omfattande og samansett, og at sakene oftare har eit internasjonalt tilsnitt. Difor aukar behovet for spesialkompetanse innan menneskerettar, EØS-rett og allmenn folkerett.

Av dei nemnde sakene er 813 rettssaker (857 i 2016), 183 rådgjevande fråsegner (143 i 2016) og 120 høyringar (150 i 2016). Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del.

Utlendingssakene viser ein auke til 176 saker (160 saker i 2016). Talet på psykisk helsevernssaker var 249 i 2017, og på trygdesaker 88, ein nedgang frå 114 i 2016.

Arbeidsmengda for dei tilsette hos Regjeringsadvokaten er høg. Noko vert løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenpro-

sedyre i etatane. Sakene som vert sett ut til private advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Krevjande saker må behandlast av Regjeringsadvokaten.

Budsjett 2019**Post 01 Driftsutgifter**

Framlegget inneber ei budsjetttramme på 106,2 mill. kroner for 2019. Løyvinga skal fyrst og fremst dekkje løns- og driftsutgifter hos Regjeringsadvokaten. For å sikre eit kvalifisert advokatkorps i ei tid der sakene stadig vert meir innfløkte, er Regjeringsadvokaten meir enn før nøydd til å halde på dei mest røynde advokatane, særleg dei som har møterett for Høgsterett.

I samsvar med tidlegare vedtak fortsetter styrkinga av Regjeringsadvokaten. For 2019 gjer regjeringa framlegg om at ramma vert auka med 5,3 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2018. Forslaget fører til at Regjeringsadvokaten sine tenester kan vidareførast på ein forsvarleg måte, og at kapasiteten aukar på område som er særleg viktige og som det er pågang på frå regjering og forvaltning.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar, til dømes utlendings- og trygdesaker, er tyngjande fordi det er så mange einskildsaker. Talet på nye rettssaker

er uvisse. Dei siste åra har Regjeringsadvokaten hatt ein aukande tendens i talet på utlendingsaker og trygdesaker.

Framlegget inneber ei budsjetttramme på 14,0 mill. kroner.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	27 586	18 500	19 000
	Sum kap. 3024	27 586	18 500	19 000

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Inntektsframlegget dekkjer inntekter som følgjer av at staten vert tilkjend sakskostnader i sivile

saker der Regjeringsadvokaten var prosessfullmektig. Inntektene er vanskeleg å anslå, og departementet føreslår ei ramme for 2019 på 19,0 mill. kroner.

Programkategori 00.40 Stortinget og underliggende institusjoner

Utgifter under programkategori 00.40, fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
41	Stortinget	1 641 559	1 762 700	1 595 800	-9,5
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 409	7 300	7 300	0,0
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	79 841	83 500	88 900	6,5
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	13 633	18 800	51 200	172,3
45	Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar	19 927	24 500	25 000	2,0
51	Riksrevisjonen	481 951	552 400	563 900	2,1
	Sum kategori 00.40	2 243 320	2 449 200	2 332 100	-4,8

Kap. 41 Stortinget

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	
01	Driftsutgifter	881 241	961 300	956 500	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	10 648			
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	543 052	593 400	412 800	
50	Sannings- og forsoningskommisjonen			8 000	
70	Tilskot til partigruppene	185 360	186 000	197 000	
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500	1 500	1 500	
73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	14 758	15 500	15 000	
74	Reisetilskot til skular	5 000	5 000	5 000	
	Sum kap. 0041	1 641 559	1 762 700	1 595 800	

Hovudoppgåver

Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelte i Grunnlova, lover, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stortingets konstitusjonelle hovudoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjering og forvaltning.

Stortingets administrasjon skal organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og leggje til rette for at representantane kan vareta verva sine. Administrasjonen skal formidle kunnskap om Stortingets verksemd og folkestyret. Stortingets administrasjon skal drifte og modernisere Stortingets bygningar og system på ein måte som tek vare på dei historiske verdiane.

Det administrative arbeidet skal utførast slik at det sikrar omdømet til Stortinget på best mogleg måte. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell, effektiv og samfunnsmedviten av stortingsrepresentantane og andre målgrupper. Stortingets administrasjon har ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Direktøren er den øvste leiaren for Stortingets administrasjon og står direkte under Stortingets presidentskap.

Prioriteringar 2019

Budsjettet for 2019 er, som i dei seinare åra, prega av moderasjon og auka kostnadskontroll. Stortingets administrasjon har dei seinare åra gjennomført ei rekkje tiltak for å utvikle styringa si og dei administrative prosessane sine, og har arbeidd strukturert med å tilnærme seg dei standardane og krava som gjeld i staten elles. Stortinget har også gjennomført reduksjonar i driftsbudsjetta sine i same omfang som avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Stortinget ser eit behov for å auke innsatsen med å effektivisere og modernisere drifta si framover. Dette pregar budsjettet for 2019, som er 0,5 prosent lågare nominelt enn budsjettet for 2018, eit reelt kutt på om lag 3 prosent. Effektivisering vil framleis prege budsjetta framover.

Stortingets administrasjon har starta arbeidet med å utarbeide eit program for modernisering og effektivisering av verksemda. Dette skal ta utgangspunkt i kjerneoppgåva til Stortingets administrasjon, som er å organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og leggje til rette for at representantane kan vareta verva sine. Programmet skal sikre at dei prosessane og tenestene som blir ytte, er målretta, nyttige og effektive, samtidig

som tenestene skal ytast så kostnadseffektivt som mogleg.

Etter mange års arbeid skal det omfattande byggjeprojektet P26, som omfattar Prinsens gate 26, nytt post- og varemottak og ny tunnel, avsluttast. Planlegginga av dette projektet starta i 2011, med forprosjektfase frå 2014. Forslag til løyving for 2019 er basert på kostnadsramma til projektet, som blei vedteken i samband med revidert nasjonalbudsjett 2018, på 2 321 millionar kroner. Kostnadsramma blei grundig gjennomgått våren 2018, med ekstern kvalitetssikring inkludert.

I 2019 er det prioritert å gjennomføre aktivitetar i tilknytning til P26-projektet, som er nødvendig for ei god ferdigstilling. Dette dreier seg om å ta i bruk Prinsens gate 26, sprinkling i tilknytte lokale og oppgradering av Wessels plass. Når det gjeld Wessels plass, er oppgraderinga i vesentleg grad knytt til behovet for betre sikringstiltak.

Budsjettet elles prioriterer fullføring av oppstarta prosjekt, heilt nødvendig vedlikehald og forvaltning, og gjennomføring av nye utrekningar og utviklingstiltak som kan auke effektiviteten. Den sterke stillingskontrollen som blei innført i 2018, blir vidareført.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn og godtgjersler for stortingsrepresentantar og tilsette og utgifter til Stortingets kjøp av varer og tenester.

Det følgjande er ein gjennomgang av sentrale oppgåver, og av tidlegare resultat og prioriteringar framover innanfor Stortingets hovudmål.

Eit vitalt parlamentarisk arbeid

Administrasjonen skal sikre god kvalitet og kontinuitet i støtta til presidentskapet og representantane. Administrasjonen varetek alle funksjonar som knyter seg til den verksemda Stortinget utøver som konstitusjonelt organ, medrekna Stortingets saksbehandling og arbeidsordning, forretningsorden og løyvingsreglement, komitéreiser og formelle spørsmål i tilknytning til verksemda i komiteane, og til Stortingets internasjonale arbeid. Dessutan innhentar og legg administrasjonen til rette informasjon til arbeidet i Stortinget, og dokumenterer Stortingets verksemd.

Det har dei siste par åra gått føre seg ei omfattande utvikling i IT-støtta knytt til det parlamentariske arbeidet gjennom ei større fornying av dagens elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem. Ved årsskiftet 2019/2020 skal arbeidet ferdigstillast, og den nye løysinga vil leggje til rette

for ei enklare saksbehandling knytt til gjennomføring av møte i salen og enklare samhandling med departement, ministrar og Stortingets folkevalde spesielt. Arbeidet med spørsmål og interpellasjonar vil også bli enklare.

Andre brukarvenlege IT-verktøy for representantar, komitear og partigrupper blir ferdigstilte og tatte i bruk i 2019. Det blir lagt vekt på brukarvenleg og påliteleg digital støtte tilpassa den parlamentariske saksgangen. Nytt arbeidsverktøy får eit enklare og meir einsarta brukargrensesnitt tilpassa ulike brukarbehov.

Aktuell kunnskapsformidling om folkestyret

Stortinget skal formidle aktuell kunnskap om folkestyret, og på den måten leggje eit grunnlag for engasjement og demokratisk deltaking. Kommunikasjonen med omverda skal vere aktiv og relevant og opne for samhandling mellom folket og dei folkevalde, særleg retta mot vaksne med låg demokratisk deltaking, førstegongsveljarar og folk som i arbeidet sitt er i kontakt med Stortinget.

Gjennom kanalane sine informerer Stortinget fortløpande om arbeidet dei folkevalde gjer, og om sakene som blir behandla. Stortingets nettstad gir brukarane tilgang til all informasjon om sakene Stortinget behandlar, møter og høyringar, biografar m.m., og utgjer kjerneinformasjonen om det parlamentariske arbeidet. Møte i salen og høyringar er opne for publikum, og ein kan følgje debattane anten via internett eller ved sjølv å vere til stades. Gjennom brosjyrar, filmar og tekstar på nett kan kvar enkelt setje seg inn i og lære om Stortingets oppgåver og arbeid. Omvisingar, utstillingar og interaktive spel gir levande og engasjerande formidling til dei som besøker Stortinget.

I 2019 skal Stortingets opne datateneste kompletterast ytterlegare. Tenesta er tatt i bruk som datagrunnlag for andre nettsider, til forskingsprosjekt og til undervising. Tenesta er også mykje brukt av journalistar. For å gjere datamaterialet tilgjengeleg for fleire vil administrasjonen i 2019 arbeide med å lage løysingar for visualisering (som infografikk) med utgangspunkt i data frå den opne datatenesta.

Stortinget har sidan 2017 satsa på sosiale medium. Stortinget ønskjer å formidle stortingskunnskap til brukarane der dei er, noko som har ført til kontakt med opp mot fleire tusen menneske månadleg i sosiale medium. For å lukkast i det vidare arbeidet skal Stortinget produsere innhald av høg kvalitet og utvikle seg i tråd med endringane i kanalane.

Det har sidan 2017 vorte arbeidd med eit nytt læringsspel som skal kome i staden for læringspelet som finst i dag, Minitinget. Det kjem elevar i den vidaregåande skulen frå heile landet og får kunnskap om Stortinget gjennom Minitinget. Læringsspelet skal etter planen bli tatt i bruk i 2020.

For å sikre bevaring av, og tilgang til, elektronisk skapt dokumentasjon er det nødvendig å etablere ei løysing for elektronisk langtidslagring. I 2018 sette Stortingets administrasjon i gang eit forprosjekt for å utvikle kunnskap om kva løysingar som er aktuelle. I 2019 skal forprosjektet leggj fram tilråding om vidare arbeid på dette området.

I tillegg til trykte stortingsforhandlingar finst det i Stortingets arkiv og upublisert dokumentasjon frå komitéarbeid og administrasjonsverksemd. Administrasjonen vil halde fram arbeidet med å gjere kunnskap om dette materialet tilgjengeleg gjennom den nasjonale arkivportalen (arkivportalen.no). Slik legg administrasjonen til rette for innsyn og forskning basert på dette materialet. I løpet av 2019 skal 24 valperiodar vere tilgjengelege.

Smart representantservice

Stortingets representantar skal bli tilbydd framtidsetta og tilpassa administrative tenester og verktøy som bidrar til at dei kan konsentrere seg om det parlamentariske arbeidet. Administrasjonen yter direkte service overfor stortingsrepresentantane når det gjeld løn, godtgjersler, reiser, bustader, pensjonar, forsikringar, arbeidsforhold og velferdsordningar.

I 2019 skal servicetenestene framleis styrkast gjennom vidareutvikling av digitale løysingar og profesjonalisering av servicemedarbeidarane. Informasjon til og kommunikasjon med brukarane skal gjerast enklare ved innføring av nye verktøy for digital kommunikasjon.

Profesjonell drift og utvikling av bygningane

Stortingets administrasjon skal forvalte, drifte og utvikle Stortingets eigedommar, slik at dei gir trygge og gode rammer for det parlamentariske arbeidet samtidig som dei funksjonelle behova i stortingsbygningen, og annan bygningsmasse, blir godt tekne vare på. Stortinget arbeider vidare med verne- og forvaltingsplan for å vareta arkitektoniske og kulturhistoriske forhold i bygningsmassen. Tiltaka skal avstemmast med områdeplan (heilskapleg plan) for interiør og uttrykk.

Stortingets administrasjon har utvikla ein planmetodikk for drift og vedlikehald basert på kontinuerleg vurdering av kva tilstandsgrad bygningsmassen er i. Metodikken skal vidareutviklast i 2019, og målet er å etablere ein langtidsplan for drift og vedlikehald av bygningsmassen. Nytt elektronisk verktøy for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsmassen vil ytterlegare bidra til profesjonell drift og utvikling av bygningane, og til overordna disponering og utnytting av areala i bygningsmassen. Ein ventar at verktøyet skal vere i full drift i løpet av året.

Stortinget vil i 2019 ta i bruk det nye kontorbygget i Prinsens gate 26. Det er mål om at dette skal driftast med eksisterande ressursnivå, og det vil difor fokuserast på optimalisering av arbeidsprosessar og vurdering av eksisterande tilbod for å kunne drifte innanfor rammene.

Det vil i 2019 bli jobba med vidareutvikling av tryggingarbeidet ved Stortinget. Førebyggjande tryggingarbeid vil vere eit prioritert område når det gjeld sikkerheitsstyring og vidareutvikling av tilhøyrande dokumentasjon. Ny lov om nasjonal sikkerheit skal gjelde så langt Stortinget sjølv fastset det, og presidentskapet vil leggje fram ei eiga sak for Stortinget om i kva grad føresegner i lova skal gjelde for Stortinget. Sikring av bygningsmassen, inklusiv brannvern, held fram i 2019 og utover tiltaka som er planlagt inn i Prinsens gate 26. Tiltaka vert sette i samanheng med tiltaka innan det organisatoriske og teknologiske dome-

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyving over posten er knytt til ordinært vedlikehald, investeringar innan IKT og andre utstyrsinnkjøp.

Gjennomføring av tiltak for utvendig sikring av Stortinget og utforming av Wessels plass blir ei viktig oppgåve i 2019. Plassen vil få ei ny utforming i tråd med målsetjingar utforma i samarbeid med Oslo kommune om integrerte sikringstiltak som varetek eit ope og levande byrom.

Prosjektet Prinsens gate 26, nytt post- og varemottak og innkjøringstunnel

Løyvinga til prosjektet Prinsens gate 26 mv. utgjer den største delen av denne posten, med 246,3 millionar kroner. Etter ei vurdering av prosjektets økonomiske rammer vart det vinteren 2018 gjennomført ein ny kostnadsanalyse, som resulterte i auka løyvingar for 2018 i revidert nasjonalbud-

sjett. Ombyggingsarbeida i Prinsens gate 26, nytt post- og varemottak og ny innkjøringstunnel har ei estimert total kostnadsramme på 2 321 millionar kroner per 1. januar 2019.

Det blir jobba aktivt med økonomi- og risikostyringa for å gjere prosjektet ferdig i samsvar med kostnad, tid og kvalitet. I 2019 er hovudfokuset å gjennomføre dei siste aktivitetane som står att for byggutviklingsprosjekta for Prinsens gate 26, nytt post- og varemottak og ekstra innkjøringstunnel til Stortinget.

Arbeidet med å setje nye Prinsens gate 26 og nytt post- og varemottak i drift held fram i starten av 2019. Stortingsrepresentantar og tilsette i partigruppene vil gradvis flytte inn i kontorlokala tidleg i 2019.

Post 50 Sannings- og forsoningskommisjonen

Kommisjonen for å granske fornorskingspolitikk og urett overfor samar, kvener og norskfinnar (sannings- og forsoningskommisjonen) blei oppnemnd ved Stortingets vedtak 14. juni 2018. Stortinget vedtok 20. juni 2017 at ein slik kommisjon skulle setjast ned. Kommisjonen er venta å kome i gang med arbeidet i løpet av hausten 2018.

Kommisjonen er sett saman av 12 medlemmer. Dagfinn Høybråten, som er generalsekretær i Nordisk ministerråd og har brei leiarerfaring innan politikk og samfunn, leiar kommisjonen. Medlemene i kommisjonen er elles framstående fagpersonar innan fagfelt som er særleg relevante for arbeidet i kommisjonen. Ved samansetjinga blei det tatt omsyn til at kommisjonen skal ha medlemmer med særleg kunnskap om samiske og kvenske/norskfinske tilhøve og språk, i tillegg til geografisk representasjon. Dei fleste medlemmene var føreslåtte anten av Sametinget eller av kvenske/norskfinske organisasjonar. Ein tar sikte på å etablere eit fagleg kompetent sekretariat for kommisjonen, på ca. tre personar tilsette på heiltid. Det kan i tillegg vere aktuelt for kommisjonsmedlemmene å levere forskingsbaserte, skriftlege bidrag til kommisjonen, i tillegg til å delta i det ordinære kommisjonsarbeidet. Kommisjonen vil òg kunne tinge slike bidrag frå andre. Det blir vidare lagt opp til at kommisjonen kan etablere ei referansegruppe eller eit anna samarbeidsforum, og ein føreset at kommisjonen innhentar personlege erfaringar ved å oppsøkje samiske og kvenske/norsk-finske miljø rundt om i dei distrikta det vedkjem. Innsamling av materiale kan heilt eller delvis utførast av kvalifiserte samarbeidspartnarar ved til dømes forskingsinstitusjonar.

Kostnadane i samband med verksemda til kommisjonen i 2019 blir rekna til 8 millionar kroner. Sekretariatet for kommisjonen vil bli lokalisert ved UiT Norges arktiske universitet i Tromsø, og medarbeidarane vil verte tilsett ved UiT. Midlar til drift av kommisjonen og sekretariatet vil tildeles UiT, med rekneskaps- og rapporteringsplikt til Stortinget.

Post 70 Tilskot til partigruppene

Posten omfattar tilskota frå Stortinget til gruppe-sekretariata i partia. Tilskotet til kvar stortingsgruppe er avhengig av representasjonen til partiet på Stortinget.

Post 72 Tilskot til biblioteket ved Det Norske Nobelinstituttet

Posten omfattar tilskot til biblioteket ved Nobelinstituttet.

Post 73 Kontingentar til internasjonale delegasjonar

Posten omfattar kontingentane til Nordisk råd, OSSEPA og IPU.

Post 74 Reisetilskot til skular

Posten omfattar støtte til søkjarar frå skular som vitjar Stortinget.

Kap. 3041 Stortinget

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Salsinntekter	10 313	8 300	9 300
03	Leigeinntekter	1 298	1 100	1 100
	Sum kap. 3041	11 611	9 400	10 400

Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	6 409	7 300	7 300
	Sum kap. 0042	6 409	7 300	7 300

Hovudoppgåver

Ombodsmannsnemnda skal bidra til å sikre dei allmennmenneskelege rettane for Forsvarets personell, og gjennom arbeidet sitt søkje å medverke til å effektivisere Forsvaret. Ombodsmannsnemnda består av sju medlemmer som blir valde av Stortinget for fire år om gangen. Leiaren av nemnda har tittelen ombodsmann for Forsvaret, er årslønt og leiar ombodsmannens administrasjon. Ombodsmannens kontor består av 3,8 årsverk fordelt på fire personar.

Vernepliktige, befal og sivilt tilsette i Forsvaret kan klage til ombodsmannen dersom dei meiner seg urett, urettferdig eller urimeleg behandla.

Ombodsmannen behandlar om lag 100 klagar kvart år. I tillegg blir det behandla ei betydeleg mengd førespurnader som blir løyste på ein enklare måte.

Ombodsmannsnemnda gjer årleg ei rekkje synfaringar til militære avdelingar og tenestestader. Nemnda fokuserer på dei vernepliktige generelt og på eigedom, bygg og anlegg (EBA) og personleg kleddnad og utrusting (PBU) spesielt. Nemnda fokuserer også på ulike forhold for dei tilsette i Forsvaret, mellom dei HMS-forhold og varetaking ved omorganisering og endringar. Etter kvar synfaring blir det skriva synfaringssrapport.

Ombodsmannsnemnda samarbeider nært med TVO-ordninga i Forsvaret, og med organisasjonane til dei tilsette. Like eins fokuserer nemnda på varetaking av veteranane.

Ombodsmannen deltar også i internasjonalt arbeid i regi av DCAF (Democratic Control of Armed Forces), ICOAF (International Conference Ombudsman for Armed Forces) og OSCE (Organization for Security and Co-operation in Europe). Vidare blir ombodsmannen stadig invitert til å delta for å orientere og presentere den norske modellen i ei rekkje land. Dette arbeidet er stadig aukande.

Melding til Stortinget

Ombodsmannsnemnda sender årleg melding om verksemda si til Stortinget – Dokument 5. Gjenpart av meldinga blir send Forsvarsdepartementet

og Forsvarets organ og avdelingar. Nemnda kan òg, når ho finn det ønskjeleg, sende rapport til Stortinget om enkeltsaker i løpet av året.

Av Dokument 5 for 2017–2018 går det fram at det samla talet på klagar held seg relativt stabilt. Klagar frå vernepliktige omhandlar bl.a. innkalling til HV-øvingar, byte av tenestestad, arbeidstid og økonomiske forhold. Klagane frå befal gjeld ofte relegering, forbigåing ved tilsetjing, husleige og diverse tillegg.

Meldinga til Stortinget inneheld i tillegg fleire faste innspel frå einingar i Forsvaret som alle har eit betydeleg arbeid med og for personellet, slik som Tillitsvaldordninga (TVO), Forsvarets sanitet, Forsvarsstabens personellavdeling (FST-P), Forsvarets sentrale hovudverneombod, Forsvarets høgskule (Fokus), Forsvarets personell- og vernepliktssenter (FPVS), Feltprestkorpsset og Generaladvokaten.

Kap. 43 Stortingets ombodsmann for forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	79 841	83 500	88 900
	Sum kap. 0043	79 841	83 500	88 900

Hovudoppgåver og organisering

Sivilombodsmannens føremål og oppgåver følgjer av lov om Stortingets ombudsmann for forvaltninga av 22. juni 1962, og instruks for Stortingets ombudsmann for forvaltninga av 19. februar 1980. Sivilombodsmannen er vald av Stortinget for ein periode på fire år.

Som Stortingets tillitsmann skal Sivilombodsmannen føre kontroll med at det i den offentlege forvaltninga ikkje blir gjort urett eller feil mot den enkelte borgaren. Ombodsmannen skal også bidra til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene blir først og fremst varetekne gjennom undersøkingar og behandling av klagar frå enkeltpersoner, organisasjonar og selskap. Ombodsmannen står fritt til å ta opp dei spørsmåla han meiner er av interesse, og kan setje i verk saker av eige tiltak. Slike undersøkingar er i hovudsak baserte på kjennskap til forhold i forvaltninga det kan være grunn til å ta opp særskilt. Ombodsmannen er også nasjonal førebyggjande mekanisme for førebygging av tortur og annan grufull, umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff.

Vidare søker ombodsmannen å hindre urett gjennom ulike kommunikasjonstiltak, slik som føredragsverksemd. Gjennom meldingane sine til Stortinget gir Sivilombodsmannen informasjon om korleis Grunnlova, lover og Stortingets vedtak i praksis blir brukte i forvaltninga, og om verksemda som følgjer av førebyggingsmandatet.

Ombodsmannens kontor er organisert i tre avdelingar som behandlar klagesaker innan ulike rettsområde, ei utgreiingsavdeling, ei eining for førebygging av tortur og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2017

Ombodsmannens årsmeldingar for 2017 blei overleverte Stortinget i mars 2018. Sivilombodsmannens årsmelding i Dokument 4 (2017–2018) gjer greie for hovudintrykk frå klagesaksbehandlinga i 2017, og omtaler også enkelte utviklingstrekk i forvaltninga baserte på ombodsmannen sine meir generelle erfaringar. Årsmeldinga for førebyggingseininga, Dokument 4:1 (2017–2018), gir ein nærmare omtale av førebyggingsarbeidet i 2017.

Klagesaksbehandling

Klagesakstalet hos ombodsmannen har i fleire år lege relativt stabilt på ca. 3 000 klagesaker i året, men i 2017 oppstod det ein betydeleg auke. Sakstalet auka med om lag 500 saker, eller ca. 16 prosent. Det er grunn til å tru at auken er eit resultat av at ombodsmannen sidan 2015 har arbeidd systematisk for å bli betre kjend. Det har vore ein aukande pågang innanfor saker om psykisk helsevern, utlendingssaker, trygdesaker og innsynssaker. Det kom inn 3 604 saker i 2017, mot 3 111 året før. I tillegg blei 21 saker tatte opp av eige tiltak i 2017, mot 17 saker i 2016. Talet på avslutta saker var 3 600 i 2017, mot 2 998 året før. Fordelinga mellom realitetsbehandla og avviste saker har vore relativt stabil gjennom fleire år, men i 2017 blei det avvist noko fleire saker enn normalt. Ca. 43 prosent av sakene blei realitetsbehandla og 57 prosent avvist.

Saksbehandlingstida har gått ned igjen i 2017, etter ein auke i 2016. Saksbehandlingstida avheng både av intern ressursbruk, kompleksiteten i sakene og kor raskt forvaltinga responderer på undersøkingar frå ombodsmannen. I den interne verksemdsstyringa er det i stor grad blitt fokusert på å halde saksbehandlingstida på eit så lavt nivå som mogleg.

Sivilombodsmannens førebyggingsarbeid

Førebyggjingsseininga mot tortur og umenneskeleg behandling ved fridomstap blei oppretta ved Sivilombodsmannens kontor i 2014, i tråd med tilleggsprotokollen til FN's torturkonvensjon (OPCAT). Førebyggjingsseininga har åtgang til å besøkje alle stader kor personar har fått fridomen sin tatt frå seg, for å førebyggje tortur og annan grufull, umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff. Det blei gjennomført totalt 13 besøk til stader for fridomstap i 2017, samtidig som tidlegare gjennomførte besøk blei følgde opp. Besøkte sektorar omfatta fengsel med høgt tryggningsnivå, stader innan tvungent psykisk helsevern, politiets utlendingsinternat Trandum og barnevernsinstitusjonar. Det blei også gitt ei rekkje presentasjonar av funn og utfordringar som førebyggingsarbeidet har avdekt, på fagkonferansar, i etatane, i offentlege debattar og til sivilt samfunn.

Menneskerettsarbeid

Sivilombodsmannen arrangerte i 2017 eit seminar om «Helsepersonells rolle i møte med menneske som er fratatt friheten i politiarrest og fengsel».

Sivilombodsmannen ønskte med seminaret å sjå nærmare på kvifor helsepersonell er viktig for arrestantar og innsette, kva som karakteriserer møtet mellom legevaktslegen og arrestanten, og mellom fengselstilsette, helsepersonell og pasientar i fengsel, og på kva styresmaktene gjer for å bidra til godt samarbeid mellom politi, kriminalomsorg og helsepersonell.

Ombodsmannen behandlar jamleg klagesaker som vedkjem Noregs menneskerettslege forpliktingar. Ein omtale av uttaler i 2017 der det er vist til ei menneskerettsleg forplikting, finst i artikkelen «Arbeidet med menneskerettigheter» i ombodsmannens årsmelding for 2017, Dokument 4 (2017–2018). Artikkelen omhandlar også ombodsmannens undersøkingar av eige tiltak, arbeidet med openheit og ytringsfridom i forvaltinga, arbeidet i førebyggjingsseininga og Sivilombodsmannens internasjonale samarbeid.

Mål og budsjett for 2019

Ettersom dei to mandata til ombodsmannen er fastsette i lov, har verksemda stabile føringar for kva hovudmål som skal bli nådde kvart år. Ein stor del av ombodsmannens verksemd går årleg ut på å gjennomføre undersøkingar og gjere rettslege vurderingar av utvalde spørsmål. I fleire år har det vore eit mål at ombodsmannen skal prioritere arbeidsinnsatsen der den får størst betydning. Dette vil også vere av vesentleg betydning framover, og vil bli tatt omsyn til i det pågåande arbeidet med ny strategiplan for perioden 2019–2022.

Auken i talet på klagar frå 2017 er venta å vare ved. Det blir viktig å kunne handtere denne veksten også i 2019. Førespurnader må kunne svarast på på ein slik måte at det støttar opp under rolla til ombodsmannen.

Målet om å bli betre kjent har vorte følgd opp gjennom fleire år. Det blir tatt sikte på at dette er eit mål også for 2019, gitt moglegheitene til å kunne følgje opp den auka sakstilgangen som følgjer av å bli betre kjent.

Funksjonen som nasjonal førebyggjande mekanisme blir vidareutvikla i 2019. I samband med det vil det bli utført besøk til fleire stader der menneske har lidd fridomstap, bl.a. fengsel, politiarrestar, stader under tvungent psykisk helsevern og barnevernsinstitusjonar. Det vil framleis bli lagt stor vekt på vidareutvikling av metodikk og kunnskapsgrunnlag. Det vil også bli lagt vekt på oppfølging av stadene og sektorane som blir besøkte, og på å gjennomføre nye, uvarsla besøk til stader som tidlegare er besøkte, som ledd i ei tett oppfølging.

Institusjonen vil framleis arbeide internt for å ha ei tydeleg leiing og sikre at arbeidsprosessane er effektive og gode.

Ombodsmannen arbeider i 2018 med ei større anskaffing av ny kontrakt for sak- og arkivsystem. Dersom anskaffinga resulterer i byte av kontraktspartner, vil betydeleg arbeid i 2019 gå med til å etablere nytt sak- og arkivsystem og overføre data.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Sivilombodsmannens kjøp av varer og tenester.

Budsjettveksten for 2019 er i hovudsak knytt til nye stillingar. Elles inneheld budsjettet i hovudsak vekst knytt til prisjusteringar.

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	13 633	18 800	22 200
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>			29 000
	Sum kap. 0044	13 633	18 800	51 200

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) er eit permanent utval, oppretta i 1996. Utvalet har sju medlemmer. Medlemmene blir valde for eit tidsrom på inntil fem år av Stortinget i plenum. Medlemmene kan nemnast opp på nytt éin gong etter innstilling av Stortingets presidentskap.

Hovudoppgåver

EOS-utvalet skal føre regelmessig tilsyn med etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-teneste) som blir utført i den sivile og militære forvaltninga. Oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre inspeksjonar, undersøkje klagar og ta opp saker av eige tiltak som utvalet ut frå føremålet finn det rett å behandle. Hovudføremålet er å vareta rettstryggleiken til den enkelte og å sjå til at tenestene respekterer menneskerettane.

Det blir årleg gitt melding til Stortinget om verksemda til utvalet, og særskilte meldingar ved behov.

Rapport 2017

Utvalet har i 2017 gjennomført 21 inspeksjonar; PST er inspisert sju gonger, E-tenesta fem gonger, NSM tre gonger og FSA to gonger. Personelltryggingstenesta ved Statsministerens kontor, personelltryggingstenesta i Riksrevisjonen, Etterret-

ningsbataljonen og Forsvarets spesialstyrker stab er også inspisert.

I 2017 undersøkte utvalet 31 saker av eige tiltak, mot 51 saker i 2016.

Utvalet undersøker klagar frå enkeltpersonar og organisasjonar. Det kom inn 26 klagar til utvalet i 2017, mot 32 klagar i 2016. Utvalet har på formelt grunnlag avvist nokre klagesaker, blant anna under tilvising til at forholdet fell utanfor kontrollområdet til utvalet.

Utvalet meiner at ressursbruken har vore effektiv i 2017, både med tanke på kva det er brukt ressursar på og korleis desse er nytta. Samla sett er utvalet fornøgd med resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2017. Nærmare opplysningar om verksemda er gitte i årsmeldinga frå utvalet for 2017 (Dokument 7:1 (2017–2018)).

Mål og budsjett for 2019

Hovudoppgåva til utvalet er å føre løpande kontroll med EOS-tenestene. Kontrollen blir utøvd i form av inspeksjonar, behandling av klagesaker og behandling av saker som blir tatte opp av eige tiltak. Den faglege verksemda til utvalet blir i hovudsak styrt av kva som kjem fram gjennom inspeksjonsverksemda og klagesaker, og av dei signala Stortinget gir ved behandlinga av årsmeldingane frå utvalet. I tillegg tar utvalet opp saker på bakgrunn av opplysningar som kjem fram i offentlegheita.

Rammene for verksemda til utvalet er fastsette i lov om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS-kontrolova). Krava til inspeksjonsverksemda i utvalet blei endra i 2017. I samsvar med EOS-kontrolova § 7 andre ledd skal den årlege tilsynsverksemda til utvalet bli gjennomført ut frå behov og minst omfatte fleire inspeksjonar årleg av E-tenesta sentralt, NSM, PST sentralt og av Forsvarets tryggingssavdeling. I tillegg skal utvalet gjennomføre ein årleg inspeksjon av PST-einingar i minst to politidistrikt, og av minst ein av E-tenestas stasjonar eller etterretnings-/tryggingsteneste ved militære stabar og avdelingar. Ved lovendringa i 2017 blei utvalet også pålagt å ha minst ein årleg inspeksjon hos

høvesvis Etterretningsbataljonen og Forsvarets spesialstyrker stab. Utvalet kan også undersøkje bistanden politiet gir PST, eller andre delar av forvaltninga om det er nødvendig ut frå kontrolloppgåva. Overordna påtalemakt, det vil seie statsadvokatane og riksadvokaten, er unnatatt frå kontrollområdet. Utvalet vil også i 2019 gjennomføre inspeksjonar i tråd med krava, i tillegg til å behandle innkomne klagesaker og å undersøkje saker i EOS-tenestene.

Det er i budsjettet for 2019 foreslått ei løyving på 29 mill. kroner på kap. 44, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, til finansiering av flytting til nye lokale på Bryn.

Kap. 45 Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	19 927	24 500	25 000
	Sum kap. 0045	19 927	24 500	25 000

Hovudoppgåver og organisering

Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar (Nasjonal institusjon) blei oppretta 1. juli 2015 som eit organ organisatorisk lagt under Stortinget. Føremålet og oppgåvene til institusjonen følger av lov om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter av 22. mai 2015 nr. 33 (NIM-lova), og instruks om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter, som blei vedteken av Stortinget 30. april 2015.

Nasjonal institusjon blir leia av eit styre og ein direktør. Styret har det overordna ansvaret for den faglege verksemda, økonomien og drifta til den nasjonale institusjonen. Stortinget vel både styre og direktør. Styret er vald for ein periode på fire år, mens direktøren er vald for ein periode på seks år.

Nasjonal institusjon skal bidra til å styrkje gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å overvake og rapportere om menneskerettane si stilling i Noreg, medrekna å leggje fram tilrådingar for å sikre at Noreg oppfyller dei menneskerettslege forpliktingane sine, gi råd til Stortinget, regjeringa, Sametinget og andre offentlege organ og private aktørar om gjennomføringa av menneskerettane, informere om menneskerettane, medrekna å rettleie enkeltpersonar om nasjonale og

internasjonale klageordningar, fremje opplæring, utdanning og forskning på menneskerettane, leggje til rette for samarbeid med relevante offentlege organ og andre aktørar som arbeider med menneskerettane, og delta i internasjonalt samarbeid for å fremje og beskytte menneskerettane. Den nasjonale institusjonen skal ikkje prøve enkelsaker om krenking av menneskerettar. Stortinget har føresett at institusjonen skal vere samlokalisert med, og administrativt knytt til, Sivilombodsmannen.

Rapport for 2017

Det følgjer av § 11 i NIM-lova at Nasjonal institusjon årleg skal gi ei årsmelding til Stortinget om institusjonen si verksemd og utviklinga av menneskerettssituasjonen i Noreg. Årsmeldinga, Dokument 6 (2017–2018), blei levert Stortinget 10. april 2018 og dekkjer eit breitt spekter av område, men er på ingen måte uttømmende. I meldinga gir Nasjonal institusjon tilrådingar på nokre område der dei meiner norsk lovgiving eller praksis anten bryt med menneskerettane, det er rom for forbetring eller det er særlege utfordringar som myndigheitene bør vere merksame på.

Mål og budsjett for 2019

Nasjonal institusjon har eit særst brett mandat, då menneskerettane har betydning for nær sagt alle rettsområde. Institusjonen byggjer arbeidet sitt på 27 ulike område av rettar. Desse områda dannar grunnlag både for institusjonen si systematiske overvaking av menneskerettssituasjonen og for den interne arbeidsdelinga innanfor den juridiske analyseavdelinga. Det breie mandatet gir Nasjonal institusjon eit unikt høve til å følgje det store biletet og skape dialog med dei ulike menneskerettsaktørane.

Visjonen er eit sterkt og heilskapleg menneskerettsvern for alle. Det betyr at Nasjonal institusjon må jobbe breitt innanfor ei heil rekkje felt og ha tilsvarende brei kunnskap i organisasjonen. I strategien til Nasjonal institusjon for 2016–2020 er det sett overordna mål om å vere ein sterk fagleg aktør, ein samlande brubyggjar og ei tydeleg vaktbikkje. Ut frå breidda i mandatet til Nasjonal institusjon krev dette ei tydeleg prioritering av arbeidsinnsatsen. Denne prioriteringa byggjer på vurderingar baserte på den systematiske overvåkingsverksemda og med utgangspunkt i kriterium vedtekne av styret for seleksjon av saker i 2016.

Adekvat bemanning med tung fagleg kompetanse og tilstrekkeleg administrativ støtte er avgjerande for kva moglegheit Nasjonal institu-

sjon har til å oppfylle oppdraget sitt og bli ein synleg og effektiv institusjon med legitimitet og gjennomslagskraft. Institusjonen vil framleis arbeide internt for å ha ei tydeleg leiing og sikre at arbeidsprosessane er effektive og gode. Ettersom institusjonen er relativt nyoppretta, er eit av måla som blir følgd opp i 2019, å bli endå betre kjend, styrkje menneskerettsvernet i norsk forvaltning og skape auka forståing og kunnskap om menneskerettane i allmenta elles.

Integreringa av Gáldu – kompetansesenter for urfolksrettar – i Nasjonal institusjon frå 1. januar 2017 medfører at ein har kontor både i Kautokeino og Oslo, noko som i seg sjølv fører til auka utgifter. I tillegg er det teke omsyn til at det vil krevje ekstra utgifter i form av reiser mellom dei to tenestestadene for å sikre ei reell integrering av Gáldu i Nasjonal institusjon.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til kjøp og tenester til Nasjonal institusjon, og driftsutgifter som kjem på hos Sivilombodsmannen. Føresetnaden om samlokalisering med Sivilombodsmannen avgrensar kor mange kontorplassar, og dermed årsverk, Nasjonal institusjon kan ha dei første driftsåra. Det blir ikkje lagt opp til nokon budsjettvekst ut over løns- og prisvekst

Kap. 51 Riksrevisjonen

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	456 951	526 600	537 700
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	25 000	25 800	26 200
	Sum kap. 0051	481 951	552 400	563 900

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leia av eit kollegium som består av fem riksrevisorar som er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisjonens føremål, oppgåver og rammevilkår følgjer av lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens virksomhet av 11. mars 2004. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at staten sine inntekter blir betalte inn som føreset, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein

økonomisk forsvarleg måte, og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen kan også etter avtale påta seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar. Oppgåvene er nærmare utdjupa i instruksjonen om Riksrevisjonens verksemd.

Riksrevisjonen er organisert i sju avdelingar, av dei tre rekneskapsrevisjonsavdelingar, to forvaltingsrevisjonsavdelingar, ei avdeling for meto-

destøtte og utvikling og ei administrasjonsavdeling og ein stabsseksjon knytte til revisjonsråden. Riksrevisjonen har vedtatt ny strategisk plan for perioden 2018–2024. Dette kan resultere i organisatoriske endringar.

Rapport 2017

Riksrevisjonens visjon for planperioden 1. mai 2014 til 30. april 2018 er å bidra til betre offentleg ressursbruk. Det er definert tre strategiske mål for perioden:

- Aktuell og samfunnsnyttig revisjon
- Profesjonell revisjon og kontroll
- God leing og effektiv ressursbruk

Rapporteringa for 2017 viser at Riksrevisjonen har tilfredsstillande måloppnåing, og at revisjonen i hovudsak er gjennomført i tråd med planen. Men ikkje føresette forhold fører alltid med seg eit behov for enkelte omprioriteringar av ressursane. Omprioriteringar er baserte på ei vurdering av vesentlegheit og risiko for feil og manglar.

I 2017 blei 68 prosent av personalressursane brukte på revisjonsfaglege aktivitetar, 4 prosent på internasjonale aktivitetar, 5 prosent på kompetanseutvikling og 23 prosent på administrasjon og andre støttefunksjonar som IKT, informasjon og kommunikasjon, juridiske tenester, økonomi, HR, arkiv og bibliotek, reinhald, resepsjon og sentralbord. Dette er tilnærma likt prosentfordelinga frå det førre året, noko som må sjåast i lys av at det totale talet på årsverk er redusert.

Riksrevisjonen har i samband med bistand til institusjonsutvikling av andre riksrevisjonar innrapportert 10,1 millionar kroner som bistandsmidlar (DAC-midlar) til OECD via Norad i 2017. I 2016 var dette talet 9,7 millionar kroner.

Ei detaljert orientering om verksemda i 2017 blei lagd fram for Stortinget i Dokument 2 (2017–2018).

Mål og budsjett for 2019

Riksrevisjonen utfører arbeidet sitt i tråd med Riksrevisjonens overordna visjon og overordna målsetjingar i gjeldande strategiplan. Kollegiet har vedtatt ny strategisk plan for perioden 2018–2024. Riksrevisjonens visjon for denne perioden er «Revisjon til nytte for morgendagens samfunn», og hovudmåla for verksemda er at

- Riksrevisjonen skal vere den fremste leverandøren i samfunnet av aktuell og relevant offentlig revisjon

- Riksrevisjonen skal gjennomføre revisjon og kontroll av høg kvalitet
- Riksrevisjonen skal vere ein effektiv organisasjon

For å oppfylle måla og følgje samfunnsutviklinga står Riksrevisjonen overfor eit betydeleg omstillingsbehov, og Riksrevisjonen har etablert eit moderniseringsprogram for å koordinere planlegging og gjennomføring av tiltak som skal sikre at dei nødvendige endringane og omstillingane blir realiserte. Gjennom moderniseringsprogrammet skal det også sikrast at tiltaka gir effektiviseringsgevinstar i form av betre kvalitet på revisjonen, og at revisjonen blir gjennomført med lågare ressursbruk enn tidlegere.

Moderniseringsprogrammet består av fleire utviklingsprosjekt. Prosjekta omhandlar i hovudsak tiltak som skal gi betre styring og organisering av verksemda, forbetre kommunikasjonen av revisjonsresultata og annan ekstern kommunikasjon og forbetre utnyttinga av dei moglegheitene som nye IKT-løysingar gir.

Utviklingssamarbeidet med riksrevisjonane i andre land vil bli vidareført i 2019, og Riksrevisjonen vil framleis samarbeide tett med IDI (INTOSAI Development Initiative).

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Riksrevisjonens kjøp av varer og tenester.

Lønsutviklinga i Riksrevisjonen er venta å følgje lønsutviklinga i staten elles.

I budsjettet er det innarbeidd ein netto reduksjon, som er knytt til reduksjon av personalutgifter.

Det er planlagt fleire nyinvesteringar knytte til moderniseringsprogrammet. Desse vil bli finansierte innanfor Riksrevisjonens ordinære utgiftsramme.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Budsjettposten gjeld drifta av INTOSAI Development Initiative (IDI). Eit mål med IDIs arbeid er å styrkje offentlig revisjon i utviklingsland, og gjennom dette bidra til godt styresett, utvikling og kamp mot fattigdom. IDI er organisert som ei stifting med eit styre og eit sekretariat. Styret i stiftinga blir leia av Riksrevisoren.

IDIs utviklingsprogram blir finansierte gjennom tilskot frå fleire land, riksrevisjonar og den internasjonale samanslutninga av riksrevisjonar

(INTOSAI). Fleire riksrevisjonar gir også støtte til IDIs arbeid i form av ressursar og tenester.

Tilskotet frå Riksrevisjonen finansierer drifta for IDI-sekretariat i tråd med intensjonen i Innst. S nr. 8 (1998–1999), og beløpet for 2018 er på 25,8

millionar kroner. Beløpet for 2019 blir føreslått auka med 1,6 prosent for dekning av pris- og lønsvækst og blir føreslått sett til 26,2 millionar kroner.

Kap. 3051 Riksrevisjonen

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Refusjon innland	1 948	2 200	2 000
02	Refusjon utland	967	300	300
Sum kap. 3051		2 915	2 500	2 300

Riksrevisjonen vil ta i mot refusjonar i samband med inngått leigeavtale med IDI-sekretariatet og internasjonale revisjonsoppdrag.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programkategori 23.10 Finansadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.10, fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1600	Finansdepartementet	433 745	462 648	494 400	6,9
1602	Finanstilsynet	356 078	385 914	415 400	7,6
1605	Direktoratet for økonomistyring	501 085	473 144	523 400	10,6
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	20 360	18 809		-100,0
	Sum kategori 23.10	1 311 268	1 340 515	1 433 200	6,9

Kap. 1600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	
01	Driftsutgifter	369 426	372 865	390 800	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	50 519	77 483	90 900	
70	Forskning på og allmennopplysning om finansmarknaden	13 800	12 300	12 700	
	Sum kap. 1600	433 745	462 648	494 400	

Hovudoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovudområde:

1. Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga
 - finanspolitikk
 - pengepolitikk
 - inntekts- og fordelingspolitikk
 - strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene

- samordning av regjeringa sitt arbeid med berekraftig utvikling
 - internasjonalt økonomisk samarbeid
 - offisiell statistikk, irekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå
2. Arbeidet med formues- og gjeldsforvaltning, som omfattar
 - investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg, medrekna strategien for ansvarleg forvaltning
 - oppfølging og vidareutvikling av rammeverket for forvaltninga av Statens pensjonsfond
 - statleg gjeldsforvaltning

3. Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei enskilte fagdepartementa
 - effektivitet og ressursbruk i statsforvaltninga, økonomiske og administrative verknader av offentlege utgifter og ordningane for kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjekt
 - forvaltning og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltninga, tiltak for å leggje til rette for økonomistyring i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for økonomistyring
 - saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - skatte- og avgiftsframlegg som ledd i den samla finanspolitikken
 - utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssystema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - styring av Skatteetaten og Tolletaten
 - internasjonalt samarbeid på skatte-, avgifts- og tollområdet
5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - finansinstitusjonane (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - verdipapirmarknaden og infrastrukturforetaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister m.m.)
 - egedomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - finansiell stabilitet

Rapport

Økonomisk politikk og forvaltning av statsgjelda

Forvaltninga av statsgjelda har tidlegare vore med i den årlege lånefullmaktsproposisjonen. Frå og med for 2016 vart omtalen flytta til statsbudsjettet og nasjonalbudsjettet. For 2019 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2018–2019) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2019* (Gul bok), mens Meld. St. 1 (2018–

2019) *Nasjonalbudsjettet 2019* inneheld ein generell omtale av gjeldsforvaltninga.

Frå og med 2015 overførte Finansdepartementet dei operative oppgåvene på statsgjeldområdet til Noregs Bank. Banken utfører oppgåvene etter eit mandat gjeve av Finansdepartementet. Mandatet gjev banken i oppdrag å dekkje statens lånebehov slik dette er definert av departementet, samt forvalte uteståande statsgjeld.

Formuesforvaltning

Departementet rapporterte om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2017 i Meld. St. 13 (2017–2018) *Statens pensjonsfond 2018*.

Meldinga inneheldt analysar av forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) for 2017 og ein brei analyse av arbeidet med ansvarleg forvaltning. Vidare var det ein nærare gjennomgang av Noregs Banks forvaltning av SPU over lengre tid, der departementets vurdering var at resultatene av forvaltninga samla sett har vore gode. Meldinga drøfta dessutan fleire sider ved investeringsstrategien, m.a. investeringar i unoterte aksjar i SPU og obligasjonsinvesteringane i SPU. Det vart ikkje lagt opp til å opne for investeringar i unoterte aksjar i SPU. Stortinget behandla meldinga 11. juni 2018.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.2 Statens pensjonsfond.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Dei seinare åra er det gjort større endringar i det internadministrative regelverket i staten. Føringa av statlege rekneskap har vorte meir normert og standardisert enn før. Verksemdsrekneskap og årsrapporter vert no presenterte for publikum på ein heilskapleg måte og vert gjorde tilgjengelege på heimesidene til både verksemdar og departement. I oktober 2017 lanserte Finansdepartementet nettsida *statsregnskapet.no* som gjer høve til å samanlikne detaljert rekneskapsinformasjon både mellom verksemdar og over tid. I juni 2018 vart *statsregnskapet.no* utvida til òg å omfatte detaljert rekneskapsinformasjon frå dei nettobudsjetterte verksemdene, m.a. universitet og høgskular. På denne måten har verksemda til staten vorte meir transparent, og ålmenta får innsyn i staten sitt virke på ein heilt annan måte enn tidlegare.

Skatte- og avgiftsområdet

Behandling av informasjon på skatteområdet

Finansdepartementet har, i samarbeid med Skatteetaten, greidd ut endringar i reglane om informasjonsbehandling på skatteområdet. Arbeidet er m.a. eit ledd i oppfølginga av regjeringa si strategi mot arbeidslivskriminalitet og to oppmodingsvedtak frå Stortinget. Departementet foreslår i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 16, at Skatteetaten skal få heimel til å sikre bevis i skattesaker. Departementet gjev også ei vurdering av i kva grad Skatteetaten bør innhente informasjon gjennom skjult observasjon (spaning) i skattesaker. I kapittel 17 i proposisjonen foreslår departementet endringar i reglane om utlevering av opplysningar frå Skatteetaten og Tolletaten til andre offentlege etatar.

Delingsøkonomi – plikt for digitale plattformer til å gje opplysningar

Finansdepartementet har, i samarbeid med Skattedirektoratet, greidd ut ei plikt til å gje opplysningar frå digitale plattformer om utleige og tenester som vert formidla over plattformen. Arbeidet følgjer opp innstillinga til Delingsøkonomiutvalet i NOU 2017: 4 *Delingsøkonomien – muligheter og utfordringer*. Departementet har hatt eit framlegg på høyring våren 2018. I Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 19, foreslår departementet ei slik plikt for digitale plattformer.

Utval som skal greie ut om skatterådgjevarar si opplysningsplikt og teieplikt

Som ei oppfølging av Skattemeldinga (Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – En skattereform for omstilling og vekst*) og skatteforliket i Stortinget (Innst. 273 S (2015–2016)), har regjeringa sett ned eit utval som skal greie ut om opplysningsplikta og teieplikta til skatterådgjevarar. Utvalet skal mellom anna vurdere om opplysningsplikta bør utvidast og om teieplikta bør avgrensast ytterlegare. Utvalet skal levere sin rapport innan 31. desember 2018. Finansdepartementet vil sende rapporten på høyring og følgje opp eventuelle regelframlegg i 2019.

Renter

Finansdepartementet sende 4. mai 2017 på høyring forslag om endringar i reglane om grenser for frådraget for rentekostnader i føretak. Føremålet med endringane er å motverke flytting av over-

skot gjennom rentefrådraget. Høyringa følgde opp Skattemeldinga og skatteforliket i Stortinget. Etter høyringa har departementet vurdert uttalanane frå høyringsinstansane og utarbeidd eit framlegg til lovendringar – sjå Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 9.

Betre skattereglar for naturalytingar i arbeidsforhold

Skattedirektoratet sende i desember 2016 på høyring framlegg til betre skattereglar for naturalytingar i arbeidsforhold. Føremålet med framlegga er å gjere reglane enklare og klårare, meir rettferdige og betre tilpassa samfunnet i dag. Hovudgrepa er å gjere det klart at arbeidsgjevaren til dei tilsette som får ytingar gjennom tredjepartar, har arbeidsgjevarplikta også for desse ytingane, og å gjere reglane mindre skjønnessige. Finansdepartementet fremja 15. mai 2018 endringar som i hovudsak var i samsvar med framlegga i høyringa. Sjø Prop. 86 LS (2017–2018), kap. 2. Stortinget slutta seg til framlegga, sjå Innst. 399 L (2017–2018), kap. 2. Departementet foreslår i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, pkt. 5.1.4, at grensa for skattefri personalrabatt vert sett til 7 000 kroner og at grensa for skattefri overtidsmat vert sett til 200 kroner. Samla gjev dette netto påløpt skattelette på 160 mill. kroner i 2019 for naturalytingar i arbeidsforhold, samanlikna med vedtaka i Innst. 399 L (2017–2018).

Enklare reglar for utanlandske arbeidstakarar

Finansdepartementet la i Prop. 86 LS (2017–2018), kap. 4, fram eit lovforslag om enklare reglar for utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald. I ordninga vert lønsinntekter skattlagde etter ein bruttometode med ein flat sats. Reglane er no vedtekne, medan satsen vert foreslått fastsett til 25 pst. i Stortingets skattevedtak for 2019. Ordninga tek til å gjelde frå og med inntektsåret 2019.

Kjeldeskatt på renter og royalty

Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å greie ut eit framlegg om kjeldeskatt på renter og royalty for å følgje opp Skattemeldinga og skatteforliket i Stortinget. Risikoen for overskotsflytting gjennom store frådrag for renter og royalty er stor, og innføring av ein intern heimel for kjeldeskatt på renter og royalty kan vere eit eigna tiltak mot slik overskotsflytting. Finansdepartementet tek sikte på å sende ut eit høyringsnotat i 2018 og fremje eit lovforslag i 2019.

Endringar i reiarlagsskatteordninga

Den særlege skatteordninga for reiarlag vart i desember 2017 godkjent av EFTAs overvakingsorgan (ESA) for ein ny 10-årsperiode, gjeldande frå 1. januar 2018 til 31. desember 2027. Godkjenninga inneber at gjeldande regelverk kan vidareførast med nokre unntak. For å følgje opp ESAs vedtak om godkjenning av den særlege skatteordninga for reiarlag, og å sikre at gjeldande reglar samsvarer med EØS-regelverket, la Finansdepartementet fram eit forslag til endringar i skattelova i juni 2018, sjå Prop. 104 LS (2017–2018).

Endringar i skattereglane for forsikrings- og pensjonsføretak

Finansdepartementet sende 7. februar 2018 på høyring eit forslag om endringar i skattereglane for forsikrings- og pensjonsføretak. Føremålet med forslaga er å fjerne utilsikta skatteeffektar av asymmetriar i samband med kundemidlane. Etter høyringa har departementet vurdert uttalane frå høyringsinstansane og utarbeidd eit framlegg til lovendringar. Departementet syner til framlegg til nye reglar i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*, kap. 6 og 7.

Finansmarknadsområdet

Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet har i stortingsesjonen 2017–2018 resultert i desse lovendringane og lovframlegga:

Stortinget vedtok 11. desember 2017, etter framlegg i Prop. 158 L (2016–2017), *Endringer i eiendomsmeglingsloven (forenklinger)*. Endringane gjaldt eigedomsmeklingsføretaks filialetablering, tillating til bruk av elektronisk kommunikasjon og elektroniske media, og varsling til Finanstilsynet om endringar i føretakets leing. I tillegg vart reglane om tittelbruk forenkla, slik at alle med tillating til å drive eigedomsmekling etter lova eller etter lovas overgangsreglar, har lov til å kalla seg «*eiendomsmegler*». Lovendringane tredde i kraft 1. januar 2018.

Stortinget vedtok 11. desember 2017, etter framlegg i Prop. 160 L (2016–2017), *Endringer i regnskapsloven mv. (forenklinger)*. Endringane inneber forenklingar og reduserte kostnader for rekneskapspliktige. Endringane inneber mellom anna at små føretak (inkludert aksjeføretak) ikkje lenger skal ha plikt til å utarbeide årsmelding. Usikkerhet om føresetnad om fortsatt drift må

opplysast i note. Endringane opnar vidare for at enkelte små føretak kan utarbeide årsrekneskap etter en regel om avgrensa rekneskapsplikt. Lovendringane tredde i kraft 1. januar 2018, med verknad for rekneskapsår avslutta 31. desember 2017 eller seinare.

Stortinget vedtok 22. mai 2018, etter framlegg i Prop. 40 L (2017–2018), *Lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (hvitvaskingsloven)*. Lova gjennomfører store delar av EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv og inneber at Noreg implementerer ei rekkje av Financial Action Task Forces (FATF) 40 tilrådingar om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering. Lova trer i kraft 15. oktober 2018.

Stortinget vedtok 15. juni 2018, etter framlegg i Prop. 77 L (2017–2018), *Endringer i verdipapirhandelloven og oppheving av børsloven mv. (MiFID II og MiFIR)*. Føremålet med endringane var en overordna gjennomgang av det norske verdipapir- og børsregelverket med utgangspunkt i Verdipapirlovutvalets utredning om EUs reviderte verdipapirmarknadsdirektiv (MiFID II) og verdipapirmarknadsforordning (MiFIR). Lovendringane tredde i kraft 20. juli 2018.

Finansdepartementet la 8. juni 2018 fram Prop. 98 L (2017–2018) *Endringer i finansforetaksloven (forsikrings- og pensjonsforetaks investeringer i forsikringsfremmed virksomhet)*. Framlegget inneber at grensa på maksimalt 15 pst. eigarskap i såkalla forsikringsframand verksemd, vert oppheva. Forbodet for forsikrings- og pensjonsføretaka mot å drive forsikringsframand verksemd vil etter framlegget i staden verte handheva av Finanstilsynet, basert på vurderingar av kvart einskild tilfelle.

Finansdepartementet la 22. juni 2018 fram Prop. 110 L (2017–2018) *Endringer i finansforetaksloven mv. (andre betalingstjenestedirektiv)*. Dei foreslåtte lovreglane vil gjennomføre dei offentlegrettslege delane av EUs betalingstenestedirektiv (PSD 2) og legg mellom anna til rette for at andre enn bankar kan utføre betalningar for kundane. Desse nye aktørane skal etter framlegget underleggjast regulering og tilsyn.

Budsjett 2019

I kap. 2 i del I av denne proposisjonen er det omtalt nokre viktige oppgaver for Finansdepartementet i 2019. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalte der, krev oppfølging i seinare år.

Økonomisk politikk

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa vil vere ei hovudoppgåve for Finansdepartementet også i 2019. Politikken og dei analysane han byggjer på, vil få ein brei omtale i dei laupande budsjett dokumenta til Stortinget. Sjå nærare omtale i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*.

Formuesforvaltning

Finansdepartementets arbeid med Statens pensjonsfond går ut på å utvikle den langsiktige investeringsstrategien til fondet, fastsetje og følgje opp retningslinjer for forvaltninga, medrekna fondet si rolle som ansvarleg investor.

Arbeidet med å utvikle investeringsstrategien for fondet i 2019 tek utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 13 (2017–2018) *Statens pensjonsfond 2018* og Stortingets behandling av denne meldinga, sjå Innst. 370 S (2017–2018). Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2018–2019) *Nasjonalbudsjettet 2019*.

Skatte- og avgiftsområdet

Kraftskatteutval

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal gjere ei heilskapleg vurdering av skattlegginga av kraftverk. Hovudoppgåva er å vurdere om dagens skattlegging av vasskraft hindrar at samfunnsøkonomisk lønsame tiltak i vasskraftsektoren vert gjennomførte. Utvalet skal levere si innstilling innan 1. oktober 2019.

Utval som skal vurdere skattlegginga av havbruk

Regjeringa oppnemnde 7. september 2018 eit utval som skal vurdere skattlegginga av havbruk. Utvalet skal vurdere korleis skattesystemet for havbruk bør vere slik at fellesskapet kan få ein del av grunnrenta. Samtidig bør skattesystemet vere slik at føretaka har insentiv til å gjennomføre lønsame investeringar. Utvalet er bedt om å vurdere ulike former for ekstraskatt på havbruksnæringa, mellom anna grunnrenteskatt og produksjonsavgift. Utvalet skal også vurdere den internasjonale konkurransesituasjonen for havbruksnæringa, føresetnader for lønsemd og risiko ved biologisk produksjon i sjø. I tillegg skal utvalet vurdere korleis skatte- og avgiftssystemet for havbruk verker på sysselsetting og industrialisering i Noreg samt forholdet mellom norsk og utan-

landsk eigarskap. Utvalet skal levere si innstilling innan 1. november 2019.

Forenklingar i skatte- og avgiftslovgivinga

Forenklingar er naudsynte av omsyn til både dei skattepliktige og Skatteetaten. Administrative kostnader og overflødig byråkrati svekker konkurransekrafta til næringslivet. Digitale marknader, internasjonalisering og fleire skattepliktige med utanlandsforhold fører til at oppgåveløysinga til både dei skattepliktige og Skatteetaten vert meir kompleks og utfordrande. Eit enklare regelverk vil leggje til rette for meir automatisering og digitalisering og bidra til at Skatteetaten kan tilby betre og enklare tenester til dei skattepliktige. Som ei oppfølging av omtala i Prop. 1 LS (2017–2018) har Finansdepartementet saman med Skatteetaten sett i verk eit forenklingsprosjekt. Forenklingsprosjektet utgreier tiltak som kan redusere dei administrative byrdene for både dei skattepliktige og Skatteetaten. Prosjektet starta i desember 2017 og er planlagt å vare fram til 30. november 2019.

Gjennomgang av tollova

Departementet arbeider med å gå gjennom reglane i tollova for å få eit regelverk som passar betre til Tolletatens oppgåver. Endringar i regelverket vert sette i samheng med EUs nye tollkodeks som vart vedteken 9. oktober 2013 og delvis tok til å gjelde frå mai 2016. Høvet mellom forvaltingsføresegnene for tollavgift og føresegnene i skatteforvaltingslova vert òg vurdert. Tolletaten er involvert i arbeidet. Arbeidet er meir tidkrevjande enn venta, og dette vil vere ei viktig oppgåve i 2019 òg.

Finansmarknadsområdet

I 2019 vil m.a. desse lovsakene krevje særleg innsats på finansmarknadsområdet:

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat med utkast til føresegner om gjennomføring av reglar som svarer til forsikringsdistribusjonsdirektivet (2016/97/EU) i norsk lov og forskrift. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av den såkalla PRIIPS-forordninga. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til Europaparla-

ments- og rådsforordning (EU) nr. 1286/2014 om nøkkelinformasjonsdokument om samansette og forsikringsbaserte investeringsprodukt (PRIIPS-forordninga). Finansdepartementet vil følge opp forslaget.

Rapporteringsdirektivet (2004/109/EU) vart endra i direktiv 2013/50/EU, og endringane gjeld i EU frå november 2015. Endringsdirektivet er EØS-relevant, men er førebels ikkje teke inn i EØS-avtalen. I NOU 2016: 2 *Endringer i verdipapirhandelloven – flagging og periodisk rapportering*, vart det gjort framlegg til gjennomføring av endringane i rapporteringsdirektivet i norsk rett. Utgreiinga var på høyring våren 2016. Departementet tek sikte på å utarbeide ein lovproposisjon.

Forordning (EU) nr. 596/2014 (marknadsmisbruksforordninga) gjeld i EU frå juli 2016. Forordninga er EØS-relevant, men er førebels ikkje teke inn i EØS-avtalen, Ved NOU 2017: 14 *Nye regler om markedsmissbruk – sanksjoner og straff*, vart det gjort framlegg til gjennomføring av endringane i rapporteringsdirektivet i norsk rett. Utgreiinga vart sendt på høyring sommaren 2017, med høyringsfrist 31. oktober 2017. Departementet tek sikte på å utarbeide ein lovproposisjon.

Forordning (EU) 2017/1129 (prospektforordninga), gjeld i EU, dels frå august 2017 og hovudsakleg frå august 2019. Forordninga er EØS-relevant, men er førebels ikkje teken inn i EØS-avtalen. I NOU 2018: 10 *Nye prospektregler – Gjennomføring av prospektforordningen og fastsettelse av regler for nasjonale prospekter*, vart det gjort framlegg til gjennomføring av prospektforordninga i norsk rett. Utgreiinga har vore på høyring, med frist 1. oktober 2018. Departementet tek sikte på å utarbeide ein lovproposisjon.

Revisor- og regnskapsførerlovutvalet leverte si utgreiing NOU 2017: 15 *Revisorloven – Forslag til ny lov om revisjon og revisorer*, til Finansdepartementet 29. juni 2017. Utvalet kjem i si utgreiing med framlegg til ny lov om revisjon og revisorar. Utgreiinga har vore på høyring. Finansdepartementet vil følge opp forslaget.

Revisor- og regnskapsførerlovutvalet leverte si utgreiing NOU 2018: 9 *Regnskapsførerloven – Forslag til ny lov om regnskapsførere*, til Finansdepartementet 1. juni 2018. Utvalet kjem i si utgreiing med framlegg til ny lov om rekneskapsførarar. Utgreiinga er på høyring, med frist 20. oktober 2018. Finansdepartementet vil deretter følge opp forslaget.

Sentralbankutvalet leverte si utgreiing (NOU 2017: 13) til Finansdepartementet 23. juni 2017. Utgreiinga har vore på høyring, og Finansdepartementet følgjer opp forslaget.

Rettsakter frå EU

Arbeidet med å utvikle det norske regelverket for finansmarknadsområdet hengjer nært saman med arbeidet med å tilpasse og ta inn nye EU-rettsakter i EØS-avtalen. Finansdepartementet vil òg i 2019 prioritere dette innlemmingsarbeidet.

I tråd med den internasjonale utviklinga mot styrka regulering av og tilsyn med finansmarknadene har EU utarbeidd særskilte regelverk for

- finansforetak (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
- verdipapirforetak, verdipapirfond, infrastrukturforetak for verdipapirmarknaden m.m., og
- rekneskap, rekneskapsførarar og revisorar

Dette er dels direktiv, med krav til utforminga av regelverket i dei ein skilde medlemslanda, og dels forordningar, som gjeld direkte i heile EU. Det aller meste av regelverket i EU på desse områda er EØS-relevant og skal difor takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Direktiv som er teke inn i EØS-avtala, skal gjennomførast med eigen norsk regeltekst i lov eller forskrift. Forordningar skal gjennomførast ved tilvising, enten i lov eller forskrift, til EUs regeltekst, slik denne er tilpassa i EØS-avtalen.

Dei tre EØS/EFTA-landa Liechtenstein, Island og Noreg klarlegg seg imellom kva ein treng av tilpassing til EU-rettsaktene og diskuterer dette med representantar for EU. Når partane er einige, kan rettsaktene takast inn i EØS-avtalen ved vedtak i EØS-komiteen.

Vedtaka i EØS-komiteen trer normalt i kraft med ein gong, med mindre EU-rettsakta enno ikkje er i kraft. Dersom det krevst stortingsvedtak, til dømes ny lovgjeving, er det vanleg å ta såkalla konstitusjonelt atterhald, slik at vedtaket i EØS-komiteen ikkje trer i kraft før det er gjeve melding om at konstitusjonelle krav er oppfylte. I slike tilfelle vert det normalt gjort framlegg om at Stortinget gjev samtykkje til innlemming, enten i særskild proposisjon eller saman med eit lovforslag.

Som nemnt mellom anna i *Finansmarkedsmeldingen 2018* (Meld. St. 14 (2017–2018)), kap. 3.3, går EFTA-landa no saman med EU gjennom ei stor mengd direktiv og forordningar på finansmarknadsområdet og som er vedtekne i EU, for tilpassing og innlemming i EØS-avtalen. Dette omfattar m.a. sentrale regelsett for kredittinstitusjonar (CRD IV/CRR) og verdipapirforetak (MiFID II/MiFIR), reglar for verdipapirregistre (CSDR), nye reglar mot misbruk av verdipapirmarknadene (MAR), ny prospektforordning (Prospectus regu-

lation), reglar for pengemarknadsfond (MMFs), reglar for verdipapirisering (STS), nye reglar mot kvitvasking (AML IV og revisjon av AMLD IV), og nytt betalingtenestedirektiv (PSD 2).

EU-kommisjonen har nyleg fremja ei rekkje forslag til nytt regelverk på finansmarknadsområdet, mellom anna om styrking av finanstilsyna til EU, om eit pan-europeisk individuelt pensjonsprodukt (PEPP), om meir hensiktsmessige og risikokjenslege kapitalkrav for verdipapirforetak, om folkefinansiering, om obligasjonar med fortrinnsrett, om forenkla grensekryssande distribusjon av kollektive investeringsfond, om lovvalg for grensekryssande transaksjoner med verdipapir og andre fordringar, om miljømessig bærekraftig finansiering, om tiltak for å lette tilgangen til kapitalmarknaden for små og mellomstore bedrifter, om verdipapir med sikkerhet i statsobligasjonar, om tilsyn med og krisehandtering av sentrale motpartar (CCP-er), om forenkling av EMIR-regelverket, om å gjere det billigare å betale med euro over landegrensene og om betre vern for ofre, skadd av motorvogn. Desse forslaga er til handsaming i Rådet og Parlamentet. Rådet (ECOFIN) prioriterer å ferdigstille forslaga om styrking av finanstilsyna i EU og om nytt paneuropeisk individuelt pensjonsprodukt.

Samfunnstryggleik og beredskap

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap for å sikre finansiell stabilitet. Departementet har òg ansvar for viktige samfunnsfunksjoner som Folkeregisteret og Tolletatens kontroll med den grensekryssande vareførsla.

På Finansdepartementets ansvarsområde skal det arbeidast systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapen for å kunne handtere ekstraordinære hendingar, skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane har beredskapsplanverk for å kunne handtere uynskte hendingar, og desse vert jamleg oppdaterte.

Finansdepartementet avslutta hausten 2017 arbeidet med ei oppdatert risiko- og sårbarheitsvurdering for departementet og sektoren. Departementet deltek òg jamleg i store, nasjonale øvingar innan sikkerhet og beredskap.

Vidare samarbeider Finansdepartementet med mellom anna Nasjonalt tryggingorgan og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Ei sentral utfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga og andre deler av den finansielle infrastrukturen ved lag slik at samfunnet får dekt behovet for mellom anna betalings-

tenester. Finansielle tenester er utpeika som ein av 14 samfunnskritiske funksjonar i Noreg, og Finansdepartementet har i år utarbeidd ei særleg tilstandsvurdering av denne funksjonen, sjå del III pkt. 8 Finansielle tenester som samfunnskritisk funksjon.

Finansdepartementet arbeider også med beredskapen for Statens pensjonsfond.

Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandlar store informasjonsmengder. Gjennomføringa av personvernforordninga (GDPR) i norsk rett inneber òg endra krav til personvern. Finansdepartementet har difor, som ein del av oppfølginga av informasjonstryggleiken i underlagde etatar, starta ei kartlegging av etatane sine styringssystem for informasjonstryggleik, medrekna Folkeregisteret som er eit sentralt grunndataregister for personinformasjon. Skatteetaten starta i 2016 ei modernisering av Folkeregisteret. Dette arbeidet held fram i 2019, jamfør eigen omtale under kap. 1618 Skatteetaten. Moderniseringa skal mellom anna gje betre informasjonstryggleik.

Kontroll av vareførselen over grensa har mellom anna som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av farlege og ulovlege varer. Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning, og etaten vil i 2019 arbeide vidare med å gjere val av kontrollobjekt meir effektivt. I denne samanhengen skal etaten i 2019 starte eit prosjekt for å utvikle ny digitalisert systemstøtte for oppgåver i alle ledd av kontrollprosessane til etaten, jf. eigen omtale under kap. 1610 Tolletaten.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. For 2017 vart talet på årsverk rekna til 285, mot 282 for året før. Lønsutgifter m.m. utgjer om lag 75 pst. av budsjettet. Av andre driftsutgifter utgjer lokalleige den største einskildposten. For 2019 foreslår departementet ei løyving på 390,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar hovudsakleg utgifter til forskingsoppdrag, utgreiingsarbeid og ein del særlege innkjøp. Forskningsmidlane vert særleg brukte til program i regi av Noregs forskingsråd, mellom anna knytt til skatteøkonomi. Kostnader som er knytt til Concept-programmet, eit forskingsarbeid for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitets-

sikring og styring av store statlege investeringsprosjekt, vart tidlegare budsjettert på kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring. Frå 2019 vert dette belasta kap. 1600, post 21.

Hovudlinjene i Concept-programmet vert vidareførte i 2019. Programmet skal vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. Etterevaluering av store statlege investeringsprosjekt som no er komne i driftsfasen, skal vere ein sentral aktivitet i åra framover. I 2017 vart det gjennomført 5 etterevalueringar av store investeringsprosjekt. Forskingsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege frå nettsidene til programmet.

Løyvinga dekkjer òg utgifter til kjøp av utviklingstenester frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Ei viktig oppgåve som SSB utfører for departementet, er å halde ved like det økonomiske modellapparatet som vert brukt i arbeidet med den økonomiske politikken.

Midlane på posten vert òg brukte til ei rekkje særskilte utgreiingsoppgåver. Det kan vere kostnader knytt til utgreiingsutval som regjeringa har sett ned på departementet sitt ansvarsområde, eller kjøp av eksterne konsulenttenester, m.a. i samband med departementet si oppfølging av Statens pensjonsfond. Etikkrådet er administrativt ein del av Finansdepartementet. Det gjev råd til Noregs Bank om utelukking og observasjon av verksemder.

Departementet held fram med å gjere djupare analyse av utvalde område for å skape effektivisering og betre budsjettmessig handlingsrom. Slike analysar er sette i gang om næringsretta verkemiddel, næringfremme i utlandet og bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Tidlegare har det vore slike analysar av tilskot i kommunesektoren, stønadsordningar i klimapolitikken, Statens vegvesen, miljøforvaltninga og Noregs forskingsråd.

For 2019 foreslår departementet ei løyving på 90,9 mill. kroner.

Finansdepartementet får refusjonar frå andre offentlege verksemder som departementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1600, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 70 Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden

I samband med statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å bruke ein del av provenyet frå omdanning og sal av Oslo Børs til å skipe eit finansmarknadsfond med ei fondsavsetning på 90 mill. kroner (Finansmarknadsfondet). Avsetninga vart seinare auka til om lag 206 mill. kroner i samband med omdanning og sal av Verdipapirsentralen (VPS), og ved overføring av unytta midlar frå fyrste driftsår.

Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verkemåten til finansmarknadene, mellom anna regulering av marknader og marknadsaktørar, og å fremje innsikt og auke medvitet om etikk på finansmarknadsområdet. Fondet skal medverke til forskning, utdanning og allmenn opplysning om finansmarknadsspørsmål.

Fram til utgangen av 2012 var kapitalen i Finansmarknadsfondet plassert som kontolån til staten. Fondsutbyttet vart ført som inntekt i statsbudsjettet og gav grunnlag for ei utgiftsløyving til dei nemnde føremåla. Utbyttet frå fondskapitalen året før vart ført som inntekt i statsbudsjettet året etter.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke å skipe ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet, slik at sjølve fondet vart avvikla 1. januar 2013. Fondskapitalen vart tilført statskassa og erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013, sjå side 48–50 i Prop. 1 S (2012–2013) for Finansdepartementet. Med den nye løyvingsmodellen legg ein opp til å halde tildelingane om lag like store som dei var under den tidlegare modellen, målt i faste prisar. For 2012, siste gongen med den tidlegare modellen, vart det løyvd 11,8 mill. kroner. For 2018 vart det løyvd 12,3 mill. kroner til Finansmarknadsfondet og 1,9 mill. kroner til Noregs forskingsråd for utføring av administrative tenester for Finansmarknadsfondet, til saman 14,2 mill. kroner.

Frå 2018 er alle løyvingar til drift av Forskingsrådet samla på ein post på budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit styringssystem for departementa si styring av Forskingsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskingsrådet. Finansdepartementet styrer løyvingane til Forskingsrådet i tråd med dette. Samla resultat av verksemda til Noregs Forskingsråd i 2017 er omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2019.

Finansdepartementet foreslår ei løyving til Finansmarknadsfondet for 2019 på 12,7 mill. kroner på kap. 1600, post 70, som er ei prisjustering av 2018-løyvinga. For nærare om løyvinga til Forskingsrådet til utføring av administrative tenester, sjå omtale i budsjettet for Kunnskapsdepartementet, Verksemdskostnader, kap. 285, post 55.

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane vert ikkje opplåra endå det er gjort mykje for å finna ut kva dei kjem av. Det hender òg at beløp vert tilviste og posterte feil i statsrekneskapen, og at feilen fyrst vert funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett postering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at den rekneskapen òg vert galen. Slik Finansdepartementet ser det, er det

mest korrekt at uopplåra differansar og andre feil vert retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuvingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingerekneskapen det året rettinga vert gjort. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å opplåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98), å gje Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjettdokumenta kvart år sidan. Departementet gjer framlegg om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2019, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.

Kap. 4600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
02	Diverse refusjonar	1 662	399	400
96	Tilbakeføring egenkapital Folketrygdfondet	15 301		
	Sum kap. 4600	16 963	399	400

Post 02 Diverse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemdar som Finansdepartementet samarbeider med.

Kap. 1602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	343 496	360 514	389 400
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 582	25 400	26 000
	Sum kap. 1602	356 078	385 914	415 400

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester vert følgde opp slik dei skal. Finanstilsynet skal sjå til at føretaka under tilsyn tar hand om dei interesser og rettar som forbrukarane har.

I dette arbeidet bruker tilsynet ei rekkje verkemiddel, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Verkemidla er tilsyn, overvaking og kontroll, forvaltning, regelverksutvikling samt informasjon og kommunikasjon. Finanstilsynet har m.a. tilsyn med bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, forsikringsføretak, pensjonsføretak, verdipapirføretak, fondsforvaltarar, eigedomsmeklingsføretak, inkasoføretak, rekneskapsførarar og revisorar. I tillegg har tilsynet kontroll med finansiell rapportering frå noterte føretak og verdipapirmarknaden.

Finanstilsynets styre har eit overordna ansvar for verksemda. Styret har fem medlemar og er supplert med to representantar frå dei tilsette ved behandling av administrative saker. Medlemne og varamedlemne vert peika ut av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Direktøren for Finanstilsynet har ansvaret for den daglege leiinga av Finanstilsynet og vert oppnemnd av Kongen for eit åremål på seks år.

Finanstilsynet hadde ei bemanning tilsvarande 271 årsverk per 31. desember 2017.

Resultat i 2017

Nedanfor følgjer ein nærare omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2017.

Solide og likvide finansføretak

Finanstilsynet vurderer laupande soliditeten, risikoen og risikohandteringa i finansføretaka. Soliditeten i føretaka er følgd opp gjennom ein kombinasjon av stadlege tilsyn, pilar 2-vurderingar (krav til kapital ut over minstekrava for finansføretak), dokumentbasert tilsyn, makroøkonomisk overvaking og stresstestar. Utviklinga i norsk og internasjonal økonomi vert følgd laupande, og det er utarbeidd analysar og vurderingar av utsiktene for finansiell stabilitet. Omfattande endringar i europeisk og norsk regelverk dei seinare åra har ført til omfattande endringar også i krava til innrapportering av nøkkeltal frå føretaka til Finanstilsynet. Betydelege ressursar går med til å utvikle og følge opp ny innrapportering.

Finanstilsynet behandla i 2017 fleire søknadar om å etablere bankar og søknadar om samanlåingar av sparebankar.

Det ble gjennomført stadlege tilsyn i 21 bankar og særskilt IRB-tilsyn (Internal Ratings-Based models) i ti bankar. Dei stadlege tilsyna har retta ekstra merksemd mot bankane sine eksponeringar mot offshorenæringa. Oppfølging av etterlevinga av kvitvaskingsregelverket og bustadlånforskrifta er ført vidare i 2017.

I 2017 vart kredittrisiko i bedriftsmarknadsporføljen i alle bankar analysert. Dette gav grunnlag for å identifisere bankar med avvikande høg kredittrisiko. Det er òg gjennomført stress-testar for vurdering av finansiell stabilitet og til bruk i vurderingane av risiko og kapitalbehov (SREP).

Finanstilsynet publiserte i 2017 ein samle-rapport med observasjonar av gjennomførte tematisyn i 2016 innafor operasjonell risiko i syv bankar. Viktigast var bankane si handtering av planlegging, styring og kontroll av operasjonell risiko. Av dei sju tilsyna var fire stadlege oppfølgingsmøte om offshore-eksponeringar i bankane. Blant funna var svakheiter ved bankane sine system for styring og kontroll av risiko, svak styreinvolvering, manglande rammesetjing og svake kontrollfunksjonar.

Det er nytta vesentlege ressursar på oppfølging av Solvens II-rapporteringa. Soliditeten i livforsikringsføretaka er no vesentleg styrka. Finanstilsynet har i 2017 arbeidd med IFRS 9 (internasjonal rekneskapsstandard for finansielle instrument) for forsikringsføretak, og Finansdepartementet har hatt saka på alminneleg høyring våren 2018.

Robust infrastruktur

Tilsynet med infrastrukturen er konsentrert om verksemdar og leverandørar som har størst innverknad på finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Operasjonell risiko og tryggleik i betalings- og oppgjerssystema, verksemdene sine sentrale IKT-system og utkontraktering vert høgt prioritert. Vidare retta Finanstilsynet i 2017 særleg merksemda mot tilgangsstyring.

Det er gjennomført 18 reine IKT-tilsyn i 2017. IKT-forhold har i tillegg vore eit tema i fleire ordinære, stadlege tilsyn. Som vanleg dei seinaste åra har det vore utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarheit i samband med bruk av IKT i finanssektoren. Vidare har det i 2017 vore brukt meir ressursar på oppfølging av IKT-hendingar enn føregåande år. Finanstilsynet følgde framleis opp

handteringa av hendingar i føretaka for å sikre og setje i verk naudsynte tiltak.

Felleseuropeisk regelverk for føretak som inngår derivatkontraktar (EMIR), vart sett i verk 1. juli 2017. Rundskriv om fastsetjing av nivå-2 reglar og Finanstilsynets handheving har vore fastsett, og det har vore gjennomført informasjonsmøte med bransjen.

Gjennomføring av nytt direktiv og forordning som regulerer marknaden for finansielle instrumentar (MiFID II), er forseinka, og Finanstilsynet har mått tilpassa ressursane til dette. Oppgåver knytte til kartlegging av konsekvensar for den norske marknaden og norske føretak, fastsetjing av regelverk og dialog med aktørane i marknaden, har vore gjennomførte.

Vern av investorar

God marknadsåtfærd hos noterte føretak, mellommenn og investorar er viktig for eit tilfredsstillande investorvern og generell tillit i marknaden.

Det har vore høg aktivitet gjennom 2017 i både aksje- og obligasjonsmarknaden. Det vart kontrollert 227 prospekt, der 65 av desse gjaldt aksjar. Vidare har det vore kontrollert 17 prospekt i samband med børsnoteringar, ein auke frå 2016. Prospektkontrollane har vore gjennomførte innafor gjeldande fristar. Vidare har det vore fleire rekneskapsaker som galdt innrekning og verdivurderingar.

Dokumentbasert og stadleg tilsyn med revisjonsføretak og ansvarlege revisorar er gjennomført. Enkelte av sakene om tilbakekalling av godkjenning på rekneskaps- og revisjonsområdet har vore særleg ressurskrevjande.

Forbrukarvern

Det har vore ein betydeleg vekst i forbrukslån dei seinare åra. Finanstilsynet gjennomførte i 2017 tilsyn med forbruksfinansiering i fleire bankar og kom med fleire merknadar til bankane. I juni 2017 publiserte Finanstilsynet eit rundskriv om retningslinjer for forbruksfinansiering. Etterleving av retningslinjene vil verte følgt opp i 2018.

Det er gjennomført ei ny bustadlånundersøking, tilpassa endringane i forskrifta. Etterleving av bustadlånforskrifta har vore følgt opp i 23 bankar og filialar gjennom rapportering. Etterleving er også vurdert ved fleire stadlege tilsyn i 2017.

På verdipapiriområdet er investeringsrådgjeving til forbrukarar prioritert. Fleire løyve er kalla tilbake på grunn av brot på god forretningsskikk.

Etter innføringa av ordninga for aksjesparekonto (ASK), har Finanstilsynet aktivt følgt opp dei forpliktingar føretak har og medverka i arbeidet med ny forskrift om ny ordning for skattefavourisert, individuell sparing til pensjon.

På eigedomsmeklingsområdet er stadlege tilsyn gjennomførte som planlagt. Sentrale krav for bustadformidling av betydning for forbrukarane, vert prioritert. Finanstilsynet har gjennomgått rapporteringa frå advokatar av klientmidlar frå eigedomsmeklingsverksemd. Alvorlege regelbrot eller manglande oppfylling av konsesjonsvilkår vert laupande følgt opp.

Inkassoføretak og inkassoprosessane har vore følgde opp i 2017. Kontroll av risikohandtering og intern kontroll har vore prioritert ved stadlege tilsyn i inkassoføretak, til dømes der kor skyldnarar har vore utsette for grunnlaus innkrevjing.

Effektiv krisehandtering

Gjenoppretingsplanane i dei større bankane har vorte vurderte. Finanstilsynet skal vurdere om planane held tilstrekkeleg kvalitet og om dei er realistiske og gjennomførlege. Det er vurdert kva for norske føretak som kvalifiserer til forenkla krav i samsvar med forordninga.

Finanstilsynet deltek i Beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur og har delteke i eitt møte og ei kriseøving. Finanstilsynet har delteke i arbeidet med etablering av sektorvis responsmiljø ved sikkerheitshendingar og IKT-tilsyn.

Internasjonal verksemd

Mengda arbeid i samband med både samordning av tilsynspraksis i EU og innlemming av reglar i EØS-avtalen, har auka betydeleg dei siste åra.

Finanstilsynets tilsynsverksemd vert stadig meir samordna med dei andre EU- og EØS/EFTA-landa. Dette omfattar både rapportering, analysar, handheving av regelverk og anna tilsynsarbeid. EUs finanstilsyn, EBA, ESMA, EIOPA og ESRB, har ei sterk koordinerande rolle. Dei utarbeider tilsynshandbøker og fastset anbefalingar om tilsynspraksis som det vert forventa at nasjonale finanstilsyn skal følgje. EUs finanstilsyn koordinerer også såkalla fagfellevurderingar (Peer Reviews), der nasjonal tilsynspraksis vert vurdert opp mot praksis i andre EØS-land.

På finansområdet er det fortsatt eit stort etterlep av EU-reglar som skal inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Finanstilsynet deltek i dette arbeidet.

Samla resultatvurdering

Finanstilsynet har, etter Finansdepartementets vurdering, fulgt opp mål, føringar og planlagde oppgåver og aktivitetar for 2017 på ein god måte.

Utvikling av tenester, oppgåveløysing og arbeidsprosessar gjennom IT-utvikling og digitalisering, krev ekstra merksemd for Finanstilsynet framover. Dette vil gjere tilsynet betre i stand til å møte framtidens utfordringar.

Viktige utfordringar

Omfattande regelverksutvikling i EU gjer at Finanstilsynet må bruke store ressursar på å utvikle tilsvarande norsk regelverk. Det er ei utfordring å handtere regelverktutviklinga og samstundes halde fram med eit tilstrekkeleg omfattande tilsynsarbeid med høg kvalitet. Utfordringa krev mellom anna at Finanstilsynets tilsynsarbeid følgjer beste praksis internasjonalt, og at det aktivt utnyttar tilgjengelege teknologiske løysingar og utviklar eigne støttesystem for å handtere utviklinga.

Generelt fører digitalisering til hyppige endringar i prosessar og produkt på finansområdet. Høg grad av innovasjon vil kunne føre til auka pågang og reise regulatoriske spørsmål. Finansdepartementet vil etablere ei såkalla regulatorisk sandkasse for Fintech, som skal drives av Finanstilsynet, innan utgangen av 2019, slik Stortinget har oppmoda om. Nettbaserte løysingar må tilfredsstille krav til forsvarleg kundevern, identifikasjon, dokumentasjon og teknisk tryggleik. Det nye betalingstenestedirektivet (PSD 2) inneber til dømes at verdikjeda i betalingssystemet vert endra og nye, teknologibaserte tenester vert innførte. Det er òg venta eit auka omfang av aktivitetar i randsona av konsesjonsplikt, til dømes plattformar for folkefinansiering.

Klimaendringane, og handteringa av klimaendringane, kan påverke korleis finansmarknadene fungerer og potensielt utgjere ein risiko for finansiell stabilitet. Finanstilsynet vil difor ha ei oppgåve i å kartleggje og analysere moglege konsekvensar av klimaendringane for finansnæringa og kva risiko klimaendringane kan utgjere på området.

På pensjonsområdet har det dei seinare åra skjedd ein gradvis overgang frå ytingspensjon til innskotspensjon med investeringsval. Dei nye produkta krev fagleg forsvarleg og balansert rådgiving, og både på forsikringsområdet og verdipapiriområdet må Finanstilsynet sjå til at føretaka rettar seg etter god forretningssskikk i sals- og rådgjevingsverksemda.

Det er venta at Finanstilsynet framleis må bruke store ressursar på regelverksutvikling. I hovudsak vil det vere oppdrag frå Finansdepartementet i samband med gjennomføring av direktiv og forordningar som ein del av EØS-pliktene. Regelverksendringane frå EU vil krevje ytterlegare systemutvikling og behandlingsskapitet med aukande krav til rapportering til EBA, ESMA og EIOPA. Omfattande data skal hentast inn frå norske finansføretak som skal inngå i den overordna overvakinga av finanssektoren i Europa.

Oppfølging av EUs krisehandteringsdirektiv og gjennomføring i norsk rett vil krevje mykje ressursar frå Finanstilsynet dei nærmaste åra. Med det nye regelverket må alle bankar utarbeide gjenopprettingsplanar for å handtere finansielle krisesituasjonar. I del II, pkt. 8, i proposisjonen her er det gjeve ei breiare orientering om finansielle tenester som samfunnskritisk funksjon og ei tilstandsvurdering av funksjonen.

Vidare har nye EU-forskrifter ført til at Finanstilsynets ansvarsområde er utvida ettersom verksemd med handel i varederivat er regulert og underlagd tilsyn. Finanstilsynet vil få nye, ikkje-finansielle føretak under tilsyn. Føretak som handlar med råvarer, her òg kraftselskap, vert til dømes underlagde den same reguleringa som verdipapirføretak.

Mål og prioriteringar i 2019

Finansdepartementet fastsett følgjande hovudmål for Finanstilsynet i 2019:

- *Finanstilsynet skal bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.*

Finansdepartementet vil, i samarbeid med Finanstilsynet, gjennomgå målstrukturen for Finanstilsynet i samband med utforminga av tildelingsbrevet for 2019. Resultata i 2019 skal jamt over vere like gode som i 2017, jf. rapportomtala over.

Viktige prioriteringar i 2019 vert:

Finanstilsynets oppdrag og tilsynsområder aukar i omfang. Vidare auke i oppgåvene skjerpar kravet til effektiv utnytting av ressursane og til prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda slik at samla måloppnåing vert høgast mogleg. Finanstilsynet må kontinuerleg jobbe for å effektivisere arbeidsprosessar, m.a. gjennom digitalisering.

Det har i 2017 vore arbeidd med å vidareutvikle stabile og effektive løysingar for innrapportering til Finanstilsynet, og dette må fortsatt ha merksemd.

Utviklinga innanfor digitalisering stiller krav til Finanstilsynet på fleire område. Digitaliseringa har ført til store endringar i måten finansføretaka og marknadene innrettar verksemda si på, men ho har òg ført til auka sårbarheit som tilsynet må følgje opp.

Budsjett for 2019

Departementet foreslår å setje budsjetttramma til Finanstilsynet for 2019 til 415,4 mill. kroner. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. Mål og prioriteringar i 2019.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2019 foreslår departementet ei løyving på

389,4 mill. kroner. Finanstilsynet får stadig nye og endra oppgåver. Dette vil både påverke utføringa av dei faste oppgåvene tilsynet har, og gje nye oppgåver som følgje av internasjonalt regelverk og nasjonale tilhøve. Finanstilsynet må leggje stor vekt på å sikre rasjonell og effektiv drift.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IKT-systema i Finanstilsynet. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar og utvikling av IKT-system som støtte for tilsynsarbeidet. For 2019 gjeld det mellom anna vidare arbeid med å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og leggje til rette for naudsynt analyse. For 2019 gjer departementet framlegg om å løyve 26 mill. kroner.

Kap. 4602 Finanstilsynet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
03	Sakshandsamingsgebyr	11 880	11 079	12 000
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	829	500	500
	Sum kap. 4602	12 709	11 579	12 500

Post 03 Sakshandsamingsgebyr

Posten omfattar hovudsakleg gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. Frå 2017 inngår òg gebyr for handsaming av søknader om å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak, og gebyr ved tildeling av inkassoløyve.

Finanstilsynet skal sjå til at gebyr i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved sakshandsaminga. Eventuelle avvik mellom dei pålagde gebyra og kostnadene Finanstilsynet har ved prospektkontroll, vert fordelte året etter på dei noterte føretaka, anten som ei tilleggsutlik-

ning eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter.

Slike etterutrekningar vert av praktiske årsaker førde på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet, tilskot frå tilsynseiningane*.

Sakshandsamingsgebyr ved tildeling av inkassoløyve er fire gonger rettsgebyret. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for inkassoføretaka. Sakshandsamingsgebyr for betalingsføretak og e-pengeføretak er fastsett i forskrift til 30 000 kroner. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for betalingsføretak og e-pengeføretak.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	362 043	389 200	418 400
	Sum kap. 5580	362 043	389 200	418 400

Utgiftene til Finanstilsynet vert fullt ut dekte av institusjonane som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Inndekkinga av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 9. Lovreglane er supplert med forskrifter. Brukarbetalinga er ein funksjon av budsjetterte tilsynsutgifter same året. I tillegg til utgiftene på kap. 1602 kjem dei posteringar ein reknar med at Finanstilsynet

vil gjere på kap. 1633 Nettordning, statleg betalt meirverdiavgift, og til frådrag kjem inntektene på kap. 4602 *Finanstilsynet*, post 03 *Sakshandsamingsgebyr*.

Det samla tilskotet frå tilsynseiningane i 2019 er budsjettert til 418,4 mill. kroner. I tillegg kjem inntektene frå sakshandsamingsgebyr, jf. omtale ovanfor.

Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	484 418	457 344	507 200
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 667	15 800	16 200
	Sum kap. 1605	501 085	473 144	523 400

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er ekspertorgan for økonomistyring i staten og forvaltar utgreiingsinstruksen, reglement for økonomistyring og føresegner om økonomistyring (økonomiregelverket i staten). DFØs samfunns mål er å leggje til rette for god styring i staten og for at staten skal oppnå stordriftsfordelar og synergjar i eiga drift. DFØ skal sørge for ei heilskapleg tilnærming på området.

Hovudoppgåvene til direktoratet er å:

- levere fellestenester på løn og rekneskap
- forvalte konsernsystema for statsrekneskapen og staten si konsernkontoordning
- forvalte utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket i staten
- forvalte og formidle kunnskap om korleis verksemdene skal etterleve utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket i staten

- gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for utvikling av statleg styring

DFØ er lokalisert på tre stader. Lønsavdelinga er i Stavanger, rekneskapsavdelinga er i Trondheim, medan forvaltings- og analyseavdelinga og verksemdsleiinga er i Oslo.

DFØ hadde per 31. desember 2017 ei bemaning som svarer til 377 årsverk.

Resultat i 2017

Resultata til Direktoratet for økonomistyring i 2017 vert vurderte ut frå dei tre måla for verksemda dette året, jf. omtale nedanfor.

Hovudmål 1: DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse

DFØs metode- og kompetansetiltak byggjer på prinsippa og standardane i økonomiregelverket

og utgreiingsinstruksen. I 2017 arbeidde DFØ med rettleiingar, rapportar, presentasjonar, kurs, seminar, faglege nettverk og rådgjevingsoppdrag innanfor sitt fagområde. I 2017 omfatta dette fagområdet mellom anna:

- regelverket for økonomistyring i staten
- utgreiingsinstruksen
- mål- og resultatstyring, resultatmålingar og resultatinformasjon
- verksemdstyring, risikostyring og internkontroll
- etatsstyring
- tilskotsforvaltning
- evalueringar på styringsområdet
- samfunnsøkonomiske analysar
- statsrekneskap og verksemdsrekneskap
- årsrapport og oppstilling av årsrekneskapen
- statleg betalingsformidling

Tenestene er tilgjengelege for alle statlege verksemdar som bidrag til å betre verksemds- og økonomistyringa i deira organisasjonar. Kompetansenestene skal gjere det tydeleg for departementa og statlege verksemdar kva krav regelverket set og kva som er god praksis for statleg styring. DFØs undersøking for 2017 viser at leiarar og andre brukarar av kompetansetiltaka meiner DFØ bidreg til god styring i statlege verksemdar. Dei er òg tilfredse med DFØs kompetansetiltak innanfor styring, utgreiing og analyse. Undersøkinga viser at brukarane er godt tilfreds med svarea dei får frå DFØ på spørsmål som gjeld økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen.

Verksemdar som er omfatta av økonomiregelverket, skal ha enkel tilgang til fortolkingar av regelverket. DFØ har i 2017 publisert fortolkingar av økonomiregelverket, gjorde i perioden 2004–2015. Desse fortolkingsfråsegnene vert brukte som revisjonsgrunnlag av Riksrevisjonen.

DFØ har evaluert eit utval av verksemdene sine årsrapportar for 2015 og 2016. Rapportane inneheld fleire resultatvurderingar enn i 2012, men legg framleis størst vekt på å omtale aktivitetar og leveransar. DFØ vil arbeide vidare med kompetansetiltak på dette området og vil gjere krava i regelverket tydelegare for verksemdene.

DFØ arbeidde i 2017 med nytt rettleiingsmateriell om tilskot. Det skal gjere krava til statlege tilskot i økonomiregelverket tydelegare og jamføre desse med krav til saksbehandling etter forvaltningslova. Rettleiinga vart publisert våren 2018.

DFØ har òg utvikla eit verktøy for utrekning av netto noverdi i samfunnsøkonomiske analysar. DFØ har arbeidd i 2017 med å utvikle ei e-læringsløysing for utgreiingsinstruksen og å revidere

rettleiinga til instruksen. Desse arbeida vart publiserte våren 2018.

Hovudmål 2: DFØs fellestenester er korrekte, rettidige og nyttige

DFØs løns- og rekneskapstenester

DFØ tilbyr økonomitjenester til verksemdar i statsforvaltninga. Per 31. desember 2017 får 87 pst. av statlege verksemdar levert lønstenester frå DFØ, medan 73 pst. av verksemdene er rekneskapskundar. I 2017 vart all løn utbetalt til rett tid, og alle rekneskapskundane av DFØ rapporterte til statsrekneskapen innan fristen.

DFØ har i 2017 teke opp fleire nye kundar og utvida samarbeidet med noverande kundar. Undersøkingar som DFØ har utført i 2017, syner at kundane samla sett er noko meir nøgde. enn dei var i 2016. Kundane meiner DFØs løns- og rekneskapstenester er nyttige, og dei er òg tilfredse med DFØs tilbod av rapporter med styringsinformasjon. Kundane viser til at systema til DFØ er stabile og at tenestetilbodet bidreg til at kvar av dei kan halde seg til statlige regelverk.

Statsrekneskapen, konserntenestene og regelverksforvaltninga

DFØ har ansvaret for å forvalte økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen. Dette inneber å behandle søknader om unnatak og svare på spørsmål om regelverket. DFØ har tett dialog med departementet om forvaltning, rettleiing og kompetansestyling på regelverksområdet. Prinsipielle spørsmål vert lagde fram for departementet.

DFØ har òg ansvaret for forvaltning og drift av statsrekneskapen. Sidan 2015 har DFØ publisert rådata (sjå data.norge.no) med rekneskapsinformasjon etter standard kontoplan. DFØ lanserte i 2017 portalen *statsregnskapet.no*. Den nye informasjonen som vert stilt til rådvelde, vil mellom anna gje betre støtte til departementa i deira oppfølging av underliggjande verksemdar.

På grunnlag av ein analyse i 2016 av innhaldet i det rekneskapsmessige mellomværet mellom staten og verksemdene, har DFØ i 2017 foreslått nokre endringar i fastsettinga av element som kan inngå i mellomværet. Finansdepartementet la forslaga til grunn i si høyring til forvaltninga vinteren 2017/2018. Høyringsinstansane slutta seg til i hovudsak til forslaga, og endringane vil etter planen verte gjennomførte frå rekneskapsåret 2020. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2018–2019) Gul bok.

DFØ forvaltar rammeavtalar med bankar om betalingstenester i staten. Etter gjennomført anbuds konkurranse har DFØ inngått nye avtalar i 2018. Statlege verksemder får tilgang til tenestene ved å bestille dei frå ein av leverandørane DFØ har rammeavtale med. Statlege verksemder må bruke avtalane.

Hovudmål 3: DFØs tenester gjev synergjar og stordriftsfordelar

DFØ er ein stor leverandør av løns- og rekneskapstenester internt i staten, også samanlikna med leverandørar i privat sektor. Ved å tilby standardiserte løns- og rekneskapstenester med eit stort volum, oppnår ein stordriftsfordelar. Utviklinga har gått i retning av færre og større einingar i forvaltninga, av di fleire mindre verksemder vert slåtte saman til større. Denne utviklinga gjer at talet på kundar har vorte redusert dei seinare åra, medan prosentdelen av alle statlege verksemder som er kundar hos DFØ, har gått opp.

DFØ vart i 2017 samanlikna med andre offentlege verksemder som tilbyr fellestenester i ei internasjonal undersøking utført av Ernst & Young AS. DFØ skåra godt, og undersøkinga viser at DFØ dei siste åra har redusert kostnadane per eining på dei tre områdene med høgast volum (handtering av løn, hovudbok og periodeavslutning og inngåande faktura). DFØ oppgjer at ei årsak til dette er fleire digitale tenester og automatisering av prosesser. Omorganiseringa av DFØ i 2014–2017 har òg bidrege til lågare kostnader.

DFØs satsing på elektronisk fakturabehandling i statlege verksemder har gjeve administrative innsparingar i staten og betre økonomistyring hos kundane. Per 31. desember 2017 vert om lag 65 pst. av fakturaene i DFØ handsama elektronisk, mot 52 pst. i 2016. Om lag ein million fakturaer gjekk gjennom DFØs elektroniske fakturaløysing.

DFØ skaffa i 2017 eit nytt innkjøps- og fakturasystem som dekkjer eit samla behov hos kundane. Forseinkingar og endringar hos leverandør førte til at det nye systemet likevel ikkje vart ferdig utvikla. DFØ heva kontrakten våren 2018. Direktoratet vil prioritere arbeidet med å skaffe eit nytt system.

DFØs innkjøpsløysing for e-handel integrerer heile innkjøpsprosessen frå bestilling til betaling. Løysinga bidreg til at kundar kan oppfylle krava til sporing og dokumentasjon som vert stilte i økonomiregelverket. Våren 2018 har 45 verksemder teke i bruk denne tenesta. Løysinga samhandlar

med Difis e-handelsplattform og er ein integrert, men frivillig, del av DFØs tenester på rekneskapsområdet. I 2017 lanserte DFØ òg eit system for å gjennomføre konkurransar og administrasjon av kontraktar ved offentlege innkjøp. 42 verksemder har teke i bruk løysinga våren 2018.

I alt fekk om lag 82 000 fast tilsette og om lag 111 000 honorar- og timelønnte medarbeidarar i statlege verksemder løn gjennom DFØs lønstenester i 2017. Mobil-appen for DFØs lønsteneste har heilt sidan lanseringa i 2015 vorte utvikla med nye funksjonar, og nye brukargrupper har etter kvart kunna ta appen i bruk. Per 31. desember 2017 hadde DFØ nærare 42 000 unike brukarar av appen.

I arbeidet med å formidle og overføre kompetanse innanfor statleg økonomistyring legg direktoratet vekt på å utvikle og tilby tenester som kan nå mange, framfor å ta oppdrag retta mot ein-skilde kundar. Dette kjem mellom anna til uttrykk i DFØs kurs og rettleiingar, som utgjer grunnstammen i kompetansetilbodet frå direktoratet.

Samla resultatvurdering

Departementet meiner DFØs resultat i 2017 viser at brukarane er tilfredse og enkeltoppdrag er leverte i tråd med departementets forventingar. Ut frå hovudmåla som vart sette for etaten i 2017, vurderer Finansdepartementet resultatata samla sett som gode.

Viktige utfordringar

Finansiering av fellestenester

Omsynet til effektive fellesløysingar gjer at løns- og rekneskapstenestene i dag er løyvingfinansierte. Nye kundar av DFØ overfører ein sum som svarer til marginalkostnaden ved å ta opp ein ny kunde. Dette er i regelen ein lågare sum enn det verksemda sjølv har brukt. Gevinsten gjer det mogleg å effektivisere verksemda.

Mange kundar ynskjer no å kunne betale for å få levert fleire og betre tenester innan løn og rekneskap. Dei har behov for nye løysingar og ser gjerne at DFØ kan utvikle desse på oppdrag frå verksemda. Kundane ynskjer også fleire og utvida tenester på tilgrensande områder. I tida som kjem vil det vere viktig å halde staten sine interesser under eitt opp mot behova i ein-skilde verksemder. For å tilby løysingar til desse kundane kan DFØ utvikle løysingar finansiert av ein-skilde kundar, men desse skal kunne nyttas av andre kundar, som hovudregel vederlagsfritt.

Nye kundesegment og tenestetilbod

DFØ skal på økonomiområdet levere fellestenester som gjev synergjar og stordriftsfordelar for staten. For å kunne gjere dette må direktoratet vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar mot behovet for spesialtilpassingar for einskildverksemdar eller grupper av verksemdar.

Eit fleirtal av dei små verksemdene i staten og som har størst nytte av standardiserte tenester, er allereie kundar av DFØ. Dei verksemdene som no melder seg som kundar, er i regelen større og meir krevjande. Dei etterspør meir tilpassa tenester, og dei har behov for integrering med verksemdsinterne system som er kritiske for drifta. Dette kan vere utfordrande når DFØ samstundes skal bidra til å realisere stordriftsfordelar for staten. Det vil likevel vere ei god løysing for staten samla sett at DFØ tilpassar eller utviklar løysingar for ei verksemd dersom dei òg kan kome til nytte for fleire verksemdar.

Dei fire store universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø – vert løns- og rekneskapskundar av DFØ frå 2021. Dette inneber at talet på tilsette hos DFØ sine kundar aukar frå 82 000 til 105 000. Dette er ein monaleg auke med 28 pst., og universiteta er komplekse og krevjande kundar. Dette gjev DFØ høve til å utvikle nye løysingar og tenester som òg vil kome andre kundar til gode.

Mål og prioriteringar i 2019

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for DFØ for 2019:

- DFØs kundar har effektiv økonomistyring og kan frigjere ressursar
- Statlege verksemdar brukar avgjerdsgrunnlag av god kvalitet
- Statleg styring er tilpassa eigenart og retta mot overordna mål og effektiv ressursbruk
- Offentlegheita har enkel og god tilgang til informasjon om statleg ressursbruk

Hovudmåla er nye for 2019. Dei underliggjande styringsparametrar vert fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og DFØ i samband med utforminga av tildelingsbrev til DFØ for 2019. Resultata i 2019 skal jamt over vere like gode som resultata i 2017, jf. rapportomtalen ovanfor.

DFØ arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgaveløysing er ikkje eit realistisk mål.

Viktige prioriteringar i 2019:

Utvida tenestetilbod

DFØ skal i 2019 tilby eit system for planlegging av turnus i dei statlege verksemdene som er lønskundar av DFØ. DFØ skal òg utvikle ei løysing for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) til universiteta i Oslo, Trondheim, Bergen og Tromsø. Løysinga er planlagd teke i bruk frå 2021 for to av universiteta, og dei to siste i 2022. Slike nye løysingar gjer DFØ i betre stand til å tilby effektive løns- og rekneskapstenester i staten.

Bruk av ny teknologi

DFØs standardiserte tenester er i dag heildigitale. Direktoratet har frå 2017 teke i bruk robotteknologi på løns- og rekneskapsområdet. I 2018 vil DFØ ta i bruk kunstig intelligens i kundesentera. Gevinsten er mellom anna lågare kostnader og meir tilgjengelege tenester for DFØs brukarar. DFØ vurderer òg korleis ny teknologi kan verte nytta i Forvaltings- og analyseavdelinga.

Behandling av personopplysningar

Direktoratet yter viktige fellestenester til dei fleste verksemdene i staten. Som ein stor utbetalar av løn behandlar DFØ store mengder opplysningar om tilsette i staten og andre som mottar honorar frå staten. Med unnatak av medlemskap i fagforeiningar er ikkje dette sensitive personopplysningar, men DFØ må syte for å ha rutinar og system som gjer at behandlinga av slike opplysningar er forsvarleg. DFØ skal i 2019 arbeide vidare med å styrkje informasjonstryggleiken på dette området.

Budsjett for 2019

Departementet gjer framlegg om å setje budsjettramma til DFØ for 2017 til 523,4 mill. kroner. Løysinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. mål og prioriteringar i 2019.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, drift og innkjøp av kontorutstyr og IKT-utstyr med meir. Beløpet omfattar dessutan direkte utgifter til lønskøyning for andre statlege verksemdar hos ekstern leverandør, i tillegg til utgifter til vidareutvikling av tenestene.

Frå 2019 vert det tidlegare kap. 1608 Statleg økonomi- og prosjektstyring avvikla. Den delen som gjeld tiltak for styrking av statleg økonomistyring, er frå 2019 av overført til kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring, post 01 Driftsutgifter.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemdar. DFØs kundemasse og korleis kvar ein-

skild kunde betalar for tenestene, kan endre seg gjennom året. Sidan det er uvisst kor store inntektene vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4605, post 01 Økonomitenester, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Økonomitenester	99 018	50 600	51 600
	Sum kap. 4605	99 018	50 600	51 600

Post 01 Økonomitenester

Posten omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer visse utgifter i samband med elektronisk fakturabehandling, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet. Posten inneheld òg inntekter som gjeld betaling for løns- og rekneskapstenester frå kundar som har fått unntak frå rammeoverføring som finansier-

ingsform, eller som av andre årsaker ikkje kan overføre løyving til DFØ.

Det vert vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4605, post 01 Økonomitenester, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 51,6 mill. kroner under post 01.

Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	20 360	18 809	
	Sum kap. 1608	20 360	18 809	

Løyvinga under kap. 1608 har vore delt mellom tiltak for å styrkje økonomistyringa i staten og forskning og utvikling innanfor styring av store statlege investeringsprosjekt. Den delen som gjeld tiltak for styrking av statleg økonomistyring, er frå 2019 av overført til kap. 1605 Direktoratet for øko-

nomistyring. Midlar til utvikling av styring av store statlege investeringsprosjekt, vil heretter verte dekte over kap. 1600 Finansdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter. Løyvingsframlegga for baa kapittel tek omsyn til desse endringane. Sjå omtale under kap. 1605 og kap. 1600.

Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon

Utgifter under programkategori 23.20, fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1610	Tolletaten	1 574 719	1 578 247	1 617 800	2,5
1618	Skatteetaten	6 462 397	6 739 605	6 947 400	3,1
	Sum kategori 23.20	8 037 116	8 317 852	8 565 200	3,0

Kap. 1610 Tolletaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	1 493 087	1 487 947	1 522 600
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	81 632	90 300	95 200
	Sum kap. 1610	1 574 719	1 578 247	1 617 800

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Tolletatens samfunnsoppdrag er å sikre at lover og reglar for grensekryssande vareførsel vert etterlevde.

Dette inneber at Tolletaten skal forvalte og medverke til at regelverk som gjeld for toll og grensekryssande vareførsel, vert etterlevd, mellom anna ved å informere og rettleie aktørane. Etaten skal leggje til rette for at varer som vert førde inn eller ut av landet, som hovudregel vert registrert og klassifisert med riktig opphavsland og verdsett med riktig verdi, samt kontrollere at aktørane etterlever regelverket. Varer som er underlagde restriksjonar, skal kontrollerast for gyldige løyve ved inn- og utførsel. Smugling av varer som er ulovlege, ubeskatta eller underlagt restriksjonar, skal motverkast. Samstundes skal Tolletaten leggje til rette for effektiv handel og vareførsel.

Tolletatens verksemd har fleire positive effektar på samfunnsnivå.

- Ved å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer i strid med forbod eller restriksjonar, bidrar Tolletaten til eit trygt og berekraftig samfunn.
- Ved å sikre riktige og fullstendige opplysningar om grensekryssande varer som er grunnlag for å fastsetje skattar og avgifter, og ved å fastsetje riktig toll, bidrar Tolletaten til finansiering av offentlege tenester.
- Ved å motverke ulovleg vareførsel bidrar Tolletaten til rettferdige konkurransevilkår for lovlige aktørar.
- Ved å samarbeide med internasjonale partnarar og handelsorganisasjonar bidrar Tolletaten til at Noreg oppfyller internasjonale forpliktingar og bidrar til utvikling av internasjonalt regelverk og praksis ved vareførsel.
- Ved å registrere vareførsla inn og ut av Noreg, bidrar Tolletaten til korrekt handelsstatistikk.

Etaten består av eit sentralt direktorat og seks underliggjande tollregionar. Per 31. desember 2017 var etaten lokalisert 35 stader i landet og hadde ei bemanning som svarer til 1 420 årsverk. I

tillegg utfører svenske og finske tollstader oppgaver for norske tollstyresmakter.

Resultat i 2017

Resultata til Tolletaten vert vurderte ut ifrå to hovudmål, jf. nedanfor.

Hovudmål 1: Leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer

Etaten behandlar og kontrollerer straumen av varer som kryssar grensa, med tilhøyrande vareinformasjon og inn- og utførselsdeklarasjonar. Deklarasjonane er grunnlaget for det meste av statsinntektene som kjem av innførsel av varer til Noreg. Deklarasjonane vert òg brukte av Statistisk sentralbyrå i statistikken for norsk utanriks-handel, og dei utgjer behandlings- og avgjerdsgrunnlag for andre etatar som Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

I 2017 tok Tolletaten imot om lag 7,5 mill. inn- og utførselsdeklarasjonar, mot 7,2 mill. i 2016. Dette var ein auke på 4,8 pst. Til saman vart det i 2017 utført om lag 164 000 deklarasjons- og etterkontrollar. Frå 2016 var dette ein auke med om lag 13 000. Deklarantar som gjer mange feil, får særskild oppfølging med informasjon og andre tiltak.

Talet på søknadar om ny berekning som vert behandla elektronisk, har auka med 165 pst. frå 2016. Dette er mellom anna eit resultat av at Toll-etaten har prioritert å gi deklarantane mykje rettleiing. Gjennom forenkling, digitalisering og målretta informasjon og rettleiing arbeider etaten kontinuerleg med å betre kvaliteten på næringslivet si deklareringsprosess.

Til saman avdekte deklarasjons-, etterkontrollar og anna økonomisk kontrollverksemd at

vel 142 mill. kroner vart deklarerert feil eller prøvd unndrege i 2017. Avdekte beløp i Tolletaten er lågare enn føregåande år, i hovudsak på grunn av overføringa av oppgaver frå Tolletaten til Skatte-etaten.

Tolletatens etterkontrollar rettar seg mot etterleving av regelverket for toll- og vareførsel, medrekna korrekt tollverdi på importerte varer, og anna regelverk om inn- og utførsel av varer. Tolldeklarasjonane er underlagsdokumentasjon for skattemeldinga for meirverdiavgift.

Hovudmål 2: Beskytte samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer

Kontroll av vareførselen over grensa har òg som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av farlege, ulovlege eller restriksjonsbelagte varer.

Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning for å avdekkje alvorlege lovbrøt og fortjenestemotivert ulovleg inn- og utførsel. Kampen mot den organiserte og profesjonelle smuglinga og mot narkotikakriminalitet har høg prioritet. Beslaga varierer frå år til år, og einskilte beslag kan gjere store utslag på årsresultatet.

Etaten har sidan 2012 nytta elektronisk utstyr med kamera og skiltatkjenning (ANPR) på nokre utvalde grenseovergangar i Østfold og Sør-Hedmark. Systemet syner og registrerer køyretøy som passerer. Det varslar mellom anna når køyretøy mistenkt brukt for smugling, passerer ein grenseovergang. Røynsla med ANPR har vore god. ANPR vert no systematisk bygd ut på alle landevegs grenseovergangar og ferjeleie med utanlandstrafikk. Sjå nærare omtale av ordninga i eige avsnitt under Mål og prioriteringar i 2019.

Tabell 5.1 Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen

År	2015	2016	2017
Kontrollerte objekt	212 667	229 300	227 464
Treffprosent i grensekontrollen	12,0	11,4	16,0
Tal på beslag	34 155	34 908	37 498
Tal på treff i kontroll av reisande	15 887	16 158	16 956
Tal på treff i kontroll av gods og kurér	668	645	643
Tal på treff i kontroll av transportmiddel	5 216	6 008	7 239
Tal på treff i kontroll av post	3 620	3 279	11 432
Tal på lovbrøt melde til politiet ¹	7 354	6 201	6 522
Tal på avdekte alvorlege lovbrøt	720	592	680
Sum vekta avdekte alvorlege lovbrøt	3 243	2 640	2 741

¹ Tal på lovbrøt melde til politiet vert vurdert som eit alvorleg lovbrøt, dersom det overstig ein fast definert terskelverdi for mengde varer.

Tolletaten har aldri tidlegare gjort så mange beslag som i 2017. Kontrollverksemda har i 2017 jamt over like gode eller betre resultat enn i 2016. Det er ein auke i tal på treff i kontrollen av reisande, gods og kurér, transportmiddel og post. Auken i tal på treff i kontroll av post i 2017 heng i hovudsak saman med beslag av legemiddel som er ulovlege å innføre, og som vert sende til destruksjon. Beslag av legemiddel har ikkje tidlegare vore resultatført som tal på treff i kontroll av post. Det er grunn til å tru at auken i varer som vert innførte med post, og som det er knytt restriksjonar til, er ein trend.

Det er grunn til å tru at auken i beslag og tal på treff har samband med bruk av ANPR, auka

bruk av mobile kontrollgrupper og styrkt bemanning i grensekontrollen. Dei største beslaga er gjorde ved kontroll av godskøyretøy.

Beslaga vert òg målte ved at kvart alvorlege beslag vert vekta med ein poengsum etter kor stort beslaget er og kva for ei gruppe av beslag det tilhøyrar. Dei største narkotika- og dopingbeslaga gjev flest poeng. Dette vert gjort for å vektleggje dei beslaga som vanlegvis er eit resultat av eit langt og ressurskrevjande etterretningsarbeid. Poenga vert summerte, og i 2017 vart resultatet 2 741 poeng, som var noko høgare enn i 2016.

Tabell 5.2 Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk

År	2015	2016	2017
Tal på narkotikabeslag	3 942	3 881	4 352
Dopingmiddel (einingar)	285 461	194 600	127 152
Brennevin ¹ (i liter)	59 382	60 800	72 098
Sprit ² (i liter)	2 537	350	102
Vin (i liter)	46 400	31 100	60 540
Øl (i liter)	484 500	566 400	575 100
Sigarettar (stk.)	11,7 mill.	8,9 mill.	6,6 mill.
Valuta NOK ³	8,6 mill.	19,5 mill.	5,7 mill.

¹ Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.

² Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol

³ Valuta som er beslaglagd pga. mistanke om straffbare tilhøve

I 2017 gjorde Tolletaten om lag 37 500 beslag. Av desse galdt om lag 4 400 narkotika. Tolletaten har aldri gjort så mange beslag av narkotika som i 2017, og nesten halvparten av desse beslaga vart gjort i postsendingar. Det har vore ein auke av avdekt syntetiske narkotiske stoff i postsendingar dei siste åra.

Tolletatens beslag av alkohol i form av brennevin, vin og øl i 2017, er den største på femti år.

Tolletatens etterretningssenter vart etablert i februar 2017. Senteret er framleis i ein oppbyggingsfase. Senteret skal mellom anna styrkje etterretninga i Tolletaten med sentral etterretning og dataanalyse, og sikre ombruk av etterretningsinformasjon.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer driftsresultata i 2017 samla sett som gode, særleg sett i lys av Tolletatens naudsynte overføring av midlar frå drift til investering og utvikling. Etaten kan syne til gode resultat i 2017, men somme resultat er noko dårlegare enn i 2016. Departementet er tilfreds med at styrkinga av grensekontrollen no ser ut til å påverke resultata til etaten positivt.

I styringa av Tolletaten har departementet lagt vekt på at langsiktig utviklingsarbeid i større grad må prioriterast, slik at etaten vert betre rusta til òg i framtida å oppnå gode resultat. Departementet er nøgd med at etaten i 2017 har arbeidd med ei rekkje tiltak for å gjere Tolletaten meir effektiv og utviklingsorientert. Etaten gjer òg eit godt arbeid på området kunstig intelligens og ny teknologi.

Viktige utfordringar

Tolletatens evne til å løyse samfunnsoppdraget vert utfordra av stadig større volum som skal kontrollerast, samstundes som etaten er underlagt krav til meir effektiv drift. Dette inneber krevjande prioriteringar i Tolletaten. Etaten må arbeide systematisk for å nytte tildelte ressursar og tilgjengelege verkemiddel på ein effektiv måte. Tolletaten må mellom anna i åra framover prioritere å betre balansen mellom drift, utvikling og investeringar.

Tolletaten vil prioritere å digitalisere verksemda og utvikle eit nytt hovudløp for næringslivet ved innførsel av varer. Det pågåande ANPR-prosjektet og det nye prosjektet med digitalisering av kontrollområdet i etaten er viktige for å lukkast med dette. Etaten må i større grad nytte IKT som verkemiddel for å gjere det enklare for reisande og næringslivet, samt å effektivisere interne pro-

sessar. Etaten vil òg halde fram med å studere dei teknologiske moglegheitene for betre å kunne utnytte desse i kontrollen av vareførsla.

Tolletatens oppgåver er prega av den internasjonale utviklinga: Rask teknologisk utvikling, meir effektive internasjonale handelsprosessar og eit meir komplisert og utfordrande trusselbilette. Etaten må framover følgje med på kva teknologiske, legale og organisatoriske løysningar andre land og organisasjonar utviklar for kontroll og prosedyrar for vareførselen, og søkje samarbeid om sams løysningar. Etaten har òg ei viktig rolle med å vere ein pådrivar, samt å freiste å påverke den kontinuerlege utviklinga av dei internasjonale standardane og regelverket på toll og vareførselsområdet.

Tolletaten er i ferd med å vurdere den framtidige organiseringa av verksemda. Dette vil òg prege Tolletatens utvikling. Ei fleksibel organisering er viktig for at etaten kan tilpasse seg endringar i varestraumane og utvikle seg vidare med tanke på automatisering, digitalisering, innretning av det operative kontrollarbeidet og effektivisering av prosessar i tråd med dei måla og samfunneffektane etaten skal oppnå. Internt i etaten vert det prioritert å operasjonalisere den overordna strategien til etaten på kontrollområdet og evaluere etatsutdanninga.

Statlege verksemdar skal etablere internkontroll, tilpassa risiko og kva som er vesentleg. Toll-etaten har identifisert områder kor etaten må forbetre seg innanfor intern styring og kontroll, mellom anna personvernområdet. I tillegg set den nye personvernforordninga (GDPR) nye krav til etaten sin internkontroll, blant anna med innsamling og bruk av personopplysningar. Tida framover vil difor òg verte prega av arbeidet med å utvikle og etablere ein betre intern kontroll.

Mål og prioriteringar i 2019

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for Tolletaten for 2019:

- Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel.
- Aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved å ikkje etterleve som høg.
- Tolletaten støttar opp under verksemda til andre myndigheiter.

Hovudmåla for 2019 er nye. Føremålet med dei nye hovudmåla er å leggje til rette for ei styring av Tolletaten som i større grad legg vekt på dei samla effektane av etatens verkemedelbruk. Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i sty-

ringsdialogen mellom Finansdepartementet og Tolletaten i samband med utforminga av tildeingsbrevet frå departementet til etaten for 2019. Resultata i 2019 skal jamt over vere like gode som resultata i 2017.

I oppfølginga av etaten tek departementet omsyn til at dette er hovudmål som ein aldri vil kunne nå fullt ut. Det er ikkje realistisk at Tolletaten kan stoppe all ulovleg inn- og utførsel av varer. Vidare vil òg etatens kontrollverksemd alltid innebere ei viss hindring for vareførselen, sjølv om etaten gjer det enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar.

Tolletaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgåveløysning er ikkje eit realistisk mål. Etaten må nytte kontrollressursane på best mogleg måte og prioritere på grunnlag av risikovurderingar. Departementet forventar at etaten prioriterer betre utnytting av teknologi, og at etaten sørgjer for rett kompetanse til dei ulike oppgåvene etaten skal løyse.

Tolletaten er inne i ein periode med omprioriteringar, endring og utvikling. Mellom anna skal etaten i 2018 vurdere organiseringa og leggje fram eit forslag til ny organisering til Finansdepartementet, og fleire av Tolletatens ressursar må difor prioriterast til utvikling. Av røynsle er det risiko for at ein slik periode kan påverke oppgåveløysinga negativt. I motsett retning vil satsinga på styrkt grensek kontroll og arbeidet Tolletaten gjer for å effektivisere og utvikle, kunne gje ein positiv effekt. Samla sett er det likevel ein viss risiko for at enkelte av resultata i 2019 og dei neste åra kan verte noko svakare enn tidlegare år.

Viktige prioriteringar i 2019 vert:

Elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar

Tolletaten starta i 2016 utbygging av elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR) på alle landevegs grenseovergangar og ferjeleie med utanlandstrafikk. Dette arbeidet har vorte forsinka med eit år grunna konkurs hos utstyrsleverandør i 2017. I 2018 er det inngått avtale med ein ny utstyrsleverandør. Løysinga frå den nye leverandøren vert implementert fyrste halvår 2019. Fram mot utgangen av 2020 vil etaten fortlaupande byggje ut ordninga til fleire grenseovergangar. Det vil verte oppretta elektronisk skiltattkjenning for både inn- og utgåande trafikk.

Digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling

Tolletatens trusselbilette er karakterisert av meir organisert kriminalitet og aktørar som vert stadig meir profesjonelle og avanserte i sin metodebruk. Kriminalitet som gjeld vareførsel, vert meir samansett og innfløkt. Ein jamn, vesentleg auke i den legale vareførselen gjev òg etaten utfordringar i kontrollen. Frå 2009 til 2017 auka talet på innførselsdeklarasjonar med 38,6 prosent (frå 4,4 mill. til 6,1 mill. deklarasjonar). Annan grensekryssande trafikk har òg auka vesentleg i den same perioden, og trafikkveksten er venta å fortsetje. Gjennom fleire år har det vore ein kraftig auke i handelen via internett med postsendte varer. Nesten halvparten av narkotikabeslaga i 2017 vart gjort i postsendingar. Samla medfører dette både at kontrolldekninga går ned som følge av at trafikken aukar, og at fleire ressursar må flyttast frå kontrollverksemd til ekspedisjonsoppgåver.

Tolletaten har i dag tilgang til store mengder informasjon til bruk i kontrollen av vareførselen ut og inn av landet, utan at etaten har god nok systemstønad til å nyttiggjere seg dette i særleg grad. Det er òg gjort regelverksendringar som legg grunnlaget for betre kontroll, til dømes moglegheit for å lagre data frå etatens skiltavlesingskamera langs grensa, men mangelfull IKT-stønad har gjort det vanskeleg å hente ut verknaden av dette.

Tiltaket inneber å etablere både ny og forbetra systemstønad for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprosessar og ein ny prosedyre for deklarerings og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling). Tiltaket skal gje både smartare grensek kontroll og digitalisering av Tolletatens verksemd. Det skal etablerast nye digitale kanalar mot næringslivet og utviklast avanserte digitale løysingar for innsamling og analyse av store datamengder. Føremålet er å effektivisere oppgåveløysinga for både næringslivet og Tolletaten, oppnå meir treffsikker kontroll og betre kontrollresultat, og styrkje kriminalitetsnedkjempinga på Tolletatens ansvarsområde.

Mangelfull IKT-basert systemstønad på kontrollområdet i Tolletaten gjer at bemanningsbehovet i etaten aukar i takt med transportvolumet. Tolletatens kontrollprosessar består av informasjonsfangst, etterretning, objektutveljing, kontroll (medrekna resultatregistrering) og sanksjonering. Dei nye løysingane skal gi betre systemstønad i alle ledd av kontrollprosessane, med hovudvekt på utveljing av kontrollobjekt. Løysingane skal følgje opne standardar, vere fleksible og

kunne setjast opp i tråd med nye og endra behov. Det skal òg leggjast til rette for utveksling av informasjon og samhandling med andre etatar.

Med betre systemstønad kan informasjonsinnhentinga effektiviserast, analysekapasiteten og -kvaliteten aukast og kontrollane verte meir treffsikre. Røynsler frå kontrollresultata kan brukast meir systematisk og etaten kan nytta informasjon frå eigne og eksterne kjelder betre. Tiltaket skal auke både kor stor del av objekta som vert vurderte for kontroll, og bidra til at det i auka grad er dei mest kontrollverdige objekta som faktisk vert kontrollert. Det skal styrkje Tolletatens evne til å identifisere hittil ukjende, kontrollverdige objekt, og til å gjennomføre tilstrekkeleg mange kontrollar av slike objekt. Fleire lovbrøt vil kunne avdekkjast, samtidig som lovlydige transportørar og reisande vert utsette for færre fysiske kontrollar. Ved å utnytte slik teknologi får etaten betre og meir effektive kontrollprosessar samtidig som ressursane til etaten kan utnyttast betre. Mykje arbeid må i dag gjerast manuelt, og ein kan bare vurdere små utval av store datamengder. Den nye løysinga skal gje støtte til systematisk og kontinuerleg risikovurdering av motteken og innsamla informasjon om dei ulike vare- og transportstraumane. I tillegg skal løysinga ha funksjonalitet for automatisk vurdering av informasjon, og data skal òg utnyttast betre gjennom sjøvlærande algoritmar og maskinlæring.

Trafikkveksten fører òg til auka press på fysisk infrastruktur på grensetollstadene, som mellom anna gjev utslag i fulle parkeringsplassar på tollstader som Svinesund og Ørje og tidvise køar langs vegen. Dette vanskeleggjer objektutveljing for smuglingskontrollen og krev investeringar i infrastruktur som auka ekspedisjonskapasitet og større parkeringsplassar. Næringslivet ynskjer òg i aukande grad fristilling av varer på grensa. Dei fleste scenario for utviklinga i import av varer skisserer at auka kjem til å vare. Situasjonen på grensetollstadene er prega av stort og aukande arbeidspress, særleg på utvalde dagar i veka og tidspunkt på døgnet. Scenario viser at godstrafikk på landeveg òg i framtida kjem til å auke meir enn for andre transportformer.

Ekspressfortollingsprosedyren vil gje ei føreseieleg og smidig grensepassering for næringslivet. For aktørar som fortollar på grensa betyr dette at ein, i normalsituasjonen, slepp å stanse for å få behandla papira sine i ekspedisjonen. Prosedyren går i hovudsak ut på at all relevant informasjon om varer og køyretøy vert sendt inn elektronisk og behandla av Tolletaten før grensepassering, og at fristilling av varer så skjer automatisk ved grensepassering dersom etaten ikkje spesifikt ynskjer å kontrollere transporten. Ekspressfortolling inneber digitalisering av informasjonsfangst og automatisering av prosedyrar. Automatisering av sjølvsepasseringa kan gje innsparingar for næringslivet då færre transporter må stoppe for manuell tollekspedering. I tillegg vil det elektroniske mottaket som Tolletaten etablerer for underlagsdokumentasjon (fakturaer, lisensar m.m.), spare næringslivet for unødig arbeid. Tolletaten har arbeidd med eit forprosjekt for ekspressfortolling, og det vert starta eit forsøksprosjekt på Ørje tollstad allereie i 2018, jf. omtale i Prop. 1 S (2017–2018) for Finansdepartementet.

Tiltaket skal leggje til rette for at Tolletaten kan vurdere risiko på eit breiare grunnlag, basert på ny teknologi som maskinlæring og kunstig intelligens. Vidare legg forslaget til rette for utveksling av informasjon og samhandling med andre etatar. Løysinga vil òg gje betre systemstønad for å oppfylle Noregs plikter etter tryggingavtalen mellom Noreg og EU, slik at konkurransekrafta til næringslivet ikkje vert svekt, samtidig som tryggingaspektet i vareførsla vert vareteke. Tiltaket vil forenkle arbeidet til tolltenestemennene, mellom anna ved bruk av mobile løysingar i kontrollsituasjonen. Her vil tenestemannen kunne få presentert informasjon om kontrollobjekta og kunne søkje fram annan relevant informasjon. Systemet skal sørge for at resultatet frå ein kontroll er tilgjengeleg med det same for andre prosessar som analyse og nye kontrollar. Dette bidrar til rask og sikker røynsle- og kompetansedeling. Slike moglegheiter har tenestemennene ikkje i dag.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 2019 til 2022 med ei samla kostnadsramme for prosjektet på 520 mill. kroner. Tolletaten reknar med å kunne dekkje 75 mill. kroner av desse kostnadene med gjeldande løyingsnivå.

For 2019 er det sett av 50 mill. kroner til prosjektet.

Gjennomgang av tollova

Det vert arbeidd med endringar i tollova for å få eit regelverk som passar betre til Tolletatens oppgåver. Endringar i regelverket vert sett i samheng med EUs nye tollkodeks som vart vedteken 9. oktober 2013 og tok til å gjelde frå mai 2016 for nokre delar. Høvet mellom forvaltingsføresegnene for tollavgift og føresegnene i skatteforvaltingslova vert vurderte. Tolletaten er involvert i arbeidet med å gå gjennom tollova og gjere fram-

legg om endringar i regelverket. Dette vil vere ei viktig oppgåve i 2019 òg.

Budsjett for 2019

Departementet foreslår å setje utgiftsramma for Tolletaten til 1 617,8 mill. kroner. Dette er 2,5 pst. høgare enn Saldert budsjett 2018. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og er budsjettert til 1 522,6 mill. kroner. Det er ein auke på 2,3 pst. frå Saldert budsjett 2018.

Tolletaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhengen som det her er mellom utgifter og inntekter, vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1610 *Tolletaten*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.2.

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under

kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, 04 *Ymse refusjonar* og 05 *Refusjonar frå Avinor AS*, jf. nærare omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp av utstyr til grensekontrollen og IT-føremål. Posten er budsjettert med 95,2 mill. kroner. Det er 4,9 mill. kroner høgare enn Saldert budsjett 2018. Ein stor del av 2018-løyvinga går til utstyrskjøp i samband med styrkinga av grensekontrollen, mellom anna til montering av system for elektronisk kontroll (ANPR) ved enda fleire grenseovergangar. Byte av leverandør har ført til ei forskyving av aktiviteten i prosjektet slik at 2019-behovet vil verte dekt av overføringar frå tidlegare år. Av 2019-forslaget gjeld 50 mill. kroner nytt prosjekt for digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling, jf. nærare omtale foran.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om ei bestillingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Kap. 4610 Tolletaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Særskilt vederlag for tolltenester	7 744	6 787	7 000
02	Andre inntekter	415	897	2 000
04	Diverse refusjonar	2 042	1 098	1 100
05	Refusjon frå Avinor AS	25 870	24 550	25 200
85	Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	10 564	17 000	17 000
	Sum kap. 4610	46 635	50 332	52 300

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrekvirert tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for utført tollforretning utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadane som denne handlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride

løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Satsane for privatrekvirert tollbehandling skal i 2019 vere 430 kroner for 50 pst. overtid og 580 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjonsgebyret skal vere på 205 kroner per påbyrja halvtime. Gebyrheimel er tollova § 4–3 tredje ledd.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typar inntekter, som til dømes inntekter frå auksjonssal av varer som er forsøkt smugla inn i landet eller varer på tollager som ikkje har vorte tollbehandla, innkravde sakskostnadar og agio. Desse inntektene vert truleg om lag dei same i 2019 som i 2018. Auken frå 2018 gjeld nye inntekter frå utleige av grunn til NSB AS.

Tolletaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunngjerigar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes tepper og smykke. Slike utgifter er med på å gje høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet foreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (nettopostereast), jf. framlegg til romartalsvedtak IX.1.

Post 04 Diverse refusjonar

Posten vert brukt til inntekter som er ei direkte følgje av, og av same slag som, den tilsvarende utgifta. Det gjeld mellom anna bestemte prosjekt etter oppdrag og med tilskot frå andre statlege etatar, kompetansetiltak m.m., inntekter frå kursverksemd for næringslivet.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 05 Refusjonar frå Avinor AS

Avinor AS dekkjer Tolletatens meirkostnadar i samband med prøveprosjektet Forenkla transfer,

Domestic transfer, enklare prosedyrar ved flybytte ved Oslo lufthamn, Gardermoen. Refusjonar frå Avinor AS vert førte på denne posten. Ordninga er under evaluering, og det er ikkje teke stilling til om gjeldande ordning skal vidareførast. Gjeldande ordning er difor lagt til grunn for løyvinga. Fordi meirkostnadane og dermed òg refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr som vert ilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta, gebyr for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 3 og 4 og tvangsmulkt for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 13.

Valuta og andre betalingsmiddel med ein verdi på meir enn 25 000 kroner skal meldast og leggjast fram for Tolletaten ved inn- og utførsel i samsvar med tollova med forskrift. Når det er konstaterert brot på deklareringsplikta, kan det illeggjast eit gebyr, eventuelt kan tilhøvet meldast til politiet. Gebyret kan utgjere opp til 30 pst. av det ikkje-deklarererte beløpet.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 3 og 4, for manglande medverknad til kontroll og utskrivning av uriktig opphavsbevis m.m., kan det illeggjast eit gebyr. Ramma for gebyret er regulert i forskrift.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 13, om krav til å gje opplysningar m.m., kan det illeggjast ei dagleg, løpande tvangsmulkt fram til opplysningane vert gjevne.

Kap. 1618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	5 794 661	5 762 275	6 062 100
21	Spesielle driftsutgifter	170 342	195 300	205 900
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overføres</i>	334 103	576 500	472 800
23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	86 505	89 730	88 100
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	74 120	112 300	115 000
70	Tilskot	2 666	3 500	3 500
	Sum kap. 1618	6 462 397	6 739 605	6 947 400

Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteetaten skal sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.


Skatteetaten består av eit direktorat, fem skatteregionar, Statens innkrevjingssentral, Sentral-skattekontoret for storbedrifter, Oljeskattekontoret, Nav innkrevjing og Skatteopplysninga. Etaten hadde per 31. desember 2017 ei bemanning tilsvarende 6 360 årsverk.

Skatteetaten fekk 4. oktober 2016 fullmakt frå departementet til å gå over til ein ny kontorstruktur i etaten med 57 kontoreiningar. Den nye kontorstrukturen vert innført gradvis og innan 31.

desember 2019. Skatteregionane hadde 94 kontoreiningar per 31. desember 2017. Skatteetaten har fått tilslutning til å innføre ein ny organisasjonsmodell, basert på landsdekkjande oppgaveløysning, frå 1. januar 2019, jf. omtale under.

Resultat i 2017

Resultata til Skatteetaten vert vurderte ut ifrå fire hovudmål. Skatteetaten skal leggje til rette for rett fastsetjing og innbetaling av skattar, avgifter og andre krav, syte for eit oppdatert folkeregister og yte god service.



Figur 5.1 Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter.

Hovudmål 1: Skattane skal fastsetjast rett og til rett tid

I 2017 vart provenyet frå direkte og indirekte skattar 1 155,0 mrd. kroner. Det var 54,7 mrd. kroner

meir enn i 2016. Tabell 5.3 syner fastsett proveny for dei viktigaste skatteartane. Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019*.

Tabell 5.3 Skatte- og avgiftsproveny (mrd. kroner)

	2015	2016	2017
Personleg skattepliktige	460,2	493,0	449,5
Upersonleg skattepliktige	66,7	70,2	84,9
Meirverdiavgift ¹	253,2	266,5	267,7
Særavgift ²		94,4	95,4
Kjeldesatt			3,4
Tvangsmulkt (skatt)			0,7
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	73,6	14,6	86,8
Avgift på arv og gåver	0,2	0,2	0
Arbeidsgjevaravgift	158,4	161,4	166,6
Totalt skatte- og avgiftsproveny	1 012,3	1 100,3	1 155,0

¹ Beløpa omfattar òg meirverdiavgift som er rapportert til og fastsett av Tolletaten.

² Særavgifter vart til og med 2015 rapportert til og fastsett av (dåverande) Toll- og avgiftsetaten.

Skattar frå personleg og upersonleg skattepliktige utgjorde i alt 534,4 mrd. kroner i 2017. Dette er 28,8 mrd. kroner lågare enn i 2016. Årsaka til nedgangen er dels at delar av forskotsskatten for 2017 vart postert i desember 2016. Korrigert for dette utgjorde fastsett skatt for personleg og upersonleg skattepliktige 588,2 mrd. kroner i 2017.

Skattemelding

I 2017 behandla Skatteetaten skattemeldingar for formues- og inntektsskatt for inntektsåret 2016 frå om lag 303 000 etterskotspliktige selskap, 370 000 personleg næringsdrivande og 3,8 mill. lønstakarar og pensjonistar. Frå inntektsåret 2016 må personleg næringsdrivande og etterskotspliktige selskap levere elektronisk skattemelding. Av lønstakarane og pensjonistane nytta 71,0 pst. ordninga med leveringsfritak. Det er ein auke på 0,7 prosenteningar frå 2016. Av lønstakarar og pensjonistar som leverte skattemelding, leverte 90 pst. elektronisk.

Delen skattemeldingar for meirverdiavgift levert i tide i 2017, er høg. Nye reglar om tvangsmulkt har medverka til dei gode resultatane. Ein høg del skattemeldingar som er leverte til rett tid, gjev færre skjønnsfastsetjingar.

Dei nye reglane om tvangsmulkt har òg medverka til at fleire grunnlagsdata vert leverte i tide. Det har ført til betre kvalitet på førehandsutfylte grunnlagsdata i skattemeldingane for formues- og inntektsskatt. Grunnlagsdata er tredjepartsopplysningar frå til dømes bankar, arbeids-

gjevarar og offentlege verksemder. Kvaliteten på grunnlagsdata vert mellom anna målt ved delen førehandsutfylte skattemeldingar som vart produsert utan manglar og tekniske feil. I 2017 var denne delen 98,9 pst., ein auke på 6,4 prosenteningar frå 2016.

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2016

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2016 vart klart i juni 2017 for 89 pst. av lønstakarane og pensjonistane. Dette er ein auke på 3 prosenteningar frå året før. Personleg næringsdrivande kunne få tidlege skatteoppgjer frå august og utover. Etterskotspliktige selskap får alltid skatteoppgjeret i oktober.

Etterleving av skatte- og avgiftsreglane

At dei skatte- og avgiftspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane er særskild viktig. Dei siste åra har etaten auka kunnskapen om kvifor skattepliktige oppgjev eller unnlet å oppgje inntekt og formue til skatlegging, og etaten har utvikla nye og tilpassa metodar for å auke etterlevinga.

Skatteetaten gjennomfører ei rekkje tiltak for å bidra til god kvalitet på skatteoppgjeret, til dømes informasjon og rettleiing, dialog med skattepliktige, dialog med oppgavegjevarane og kontroll. Målet med dette arbeidet er både å auke etterlevinga og å tryggje rettane til skattytarane. Etaten arbeider etter ein etterlevingsmetodikk der ulike verkemiddel vert vurderte i samanheng.

Eit av mange verkemiddel i etterlevingsmetodikken er kontroll. Skatteetaten legg vekt på å kontrollere mest på dei områda der faren for medvitne feil og unndraging er størst. Treffprosenten for avdekkingskontrollar i 2017 (63,8 pst.) er

lågare enn i 2016 (71,2 pst.). Skatteetaten vil arbeide vidare for å betre treffprosenten.

Tabell 5.4 syner gjennomsnittleg avdekte beløp per avdekkingskontroll.

Tabell 5.4 Gjennomsnittleg avdekte beløp per avdekkingskontroll (kroner)

	2015	2016	2017
Gjennomsnittleg avdekt inntekt per avdekkingskontroll	188 000	187 000	197 000
Gjennomsnittleg avdekt meirverdiavgift per avdekkingskontroll	98 000	83 000	87 000
Gjennomsnittleg avdekt særavgift per avdekkingskontroll ¹		384 000	483 000

¹ Særavgifter vart til og med 2015 rapportert til og fastsett av (dåverande) Toll- og avgiftsetaten.

Skatteetaten legg vekt på ei god samansetjing av kontrollane som mellom anna dekkjer store, tunge saker og kontrollaksjonar der synleggjering av kontrollarbeidet er eit av måla. Opplevd oppdagingsrisiko har mykje å seie for kor mykje skatt og avgift som vert unndrege. *Kriminalitets- og tryggleiksundersøkinga* i Noreg (KRISINOR) måler mellom anna opplevd oppdagingsrisiko hos eit utval verksemder. Delen som opplever liten eller svært liten oppdagingsrisiko, var på 20 pst. i 2017. Dette er ein nedgang på 12 prosenteningar samanlikna med Skatteetatens eiga undersøking frå 2016. I KRISINOR-undersøkinga i 2015 var denne delen 21 pst. Departementet vil peike på at resultatane frå desse undersøkingane bør vurderast over tid før ein kan trekkje klåre konklusjonar om opplevd oppdagingsrisiko og verknadene av tiltak.

Skatteetaten arbeider med å redusere skatte- og avgiftsunndragingar ved både å avdekkje og drive inn unndregne skattar og avgifter og ved å melde kriminelle bakmenn. Samarbeid med andre kontrollatar og politiet vert stadig viktigare. Dette samarbeidet skjer mellom anna i tverretatlege akrimssenter og i Nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter. Sjå elles omtale nedanfor av arbeidet etaten gjer for å motverke arbeidslivskriminalitet. Skatteetaten samarbeider òg med ei rekke arbeidslivs- og bransjeorganisasjonar for å redusere handlingsrommet til dei useriøse aktørane og for å setje innkjøpar og forbrukar i stand til å handle kvitt, mellom anna gjennom alliansen «Samarbeid mot svart økonomi» (SMSØ).

Kontroll av arbeidsgjevarar

Dei kommunale skatteoppkrevjarane kontrollerer arbeidsgjevarane. Føremålet er å sjå til at forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift vert rekna ut, sikra,

rapportert og betalt i samsvar med dei føresegnete som gjeld. Sidan skattemeldinga for formues- og inntektsskatt òg baserer seg på innsende a-meldingsopplysningar frå arbeidsgjevarane, er kontrollen viktig for å få korrekt skattegrunnlag.

Dei kommunale skatteoppkrevjarane kontrollerte 4,6 pst. av arbeidsgjevarane i 2017. Dette er 0,3 prosenteningar betre enn i 2016, men under etatens resultatmål på 5 pst. Departementet merkar seg auken, men er bekymra for at kommunane ikkje prioriterer arbeidsgjevarkontrollen høgt nok. I 2017 var det 13 kommunar som ikkje gjennomførte ein einaste arbeidsgjevarkontroll.

Meirverdiavgift

Ved utgangen av 2017 var det registrert 363 000 verksemder i Meirverdiavgiftsregisteret, og det vart behandla 1,8 mill. skattemeldingar for meirverdiavgift. Gjennomsnittleg avdekt meirverdiavgift per meldingskontroll (om lag 36 000 kroner) er høgare enn i 2016 (31 000 kroner). Behandlingstida for negative skattemeldingar for meirverdiavgift teke ut til kontroll, er betre enn i 2016, men Skatteetaten arbeider framleis for at saksbehandlingstida skal verte kortare. Etaten har hatt ei positiv utvikling for saksbehandlingstida for skjønnsfastsetjingar.

Ansvaret for meirverdiavgift ved innførsel vart overført frå Tolletaten til Skatteetaten 1. januar 2017. Frå same tidspunkt vart ordninga lagt om slik at registrerte avgiftssubjekt melder og betalar innførselsmeirverdiavgift samstundes med innlands meirverdiavgift i skattemeldinga for meirverdiavgift. Dette arbeidet har skjedd utan større problem, og proveny vert innbetalt i forventa storleik.

Hovudmål 2: Skattane skal betalast til rett tid

Skatteetaten er ansvarleg for innkrevjing av petroleumsskatt, meirverdiavgift og særavgifter. Gjenom Statens innkrevjingssentral krev etaten dessutan inn straffekrav og avgifter, gebyr og misleghaldne krav på vegne av andre styresmakter. Innkrevjing av inntekts- og formuesskatt og avgifter til folketrygda (trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift) er lagt til dei kommunale skatteoppkrevjarane, med Skatteetaten som fagleg overordna styresmakt.

Innkrevjing av skatt og meirverdiavgift

For dei fleste personleg skattepliktige skjer innbetaling av skatt gjennom forskot. For inntektsåret 2016 utgjorde betalt forskotstrekk 99,96 pst. av

sum krav per 31. desember 2017. Dette er same nivå som året før.

Skatteetaten tok hausten 2016 i bruk ei modernisert løysing for forskot med enklare løysingar for søknader om endra skattekort. Etaten har i 2017 utvikla ny funksjonalitet i desse løysingane og gjort ferdig ei skattekalkulator teneste. Produksjonen av skattekort for 2018 gjekk i hovudsak etter planen. Ein del skattepliktige med pensjon og inntekt fekk feil skattekort, men feilen vert retta og hadde difor lita betydning for dei skattepliktige.

Per 31. desember 2017 var 99,5 pst. av meirverdiavgifta som var fastsett for avgiftsåret 2016, betalt.

Tabell 5.5 syner nokre hovudtal for innkrevjing av skatt og meirverdiavgift.

Tabell 5.5 Innkrevjing av skatt og meirverdiavgift

	2015	2016	2017
Del innbetalt restskatt for personleg skattepliktige av sum krav (inntektsåret 2016)	94,3 pst.	94,9 pst.	95,5 pst.
Del innfordra restskatt for personleg skattepliktige av sum krav ¹	62,3 pst.	63,1 pst.	62,9 pst.
Del innfordra meirverdiavgift av sum krav ¹	75,7 pst.	75,0 pst.	76,0 pst.

¹ Sum krav er her resterande beløp etter at rettidig og forseinka betaling er trekt frå.

Tabell 5.6 syner restansar for skatt og meirverdiavgift.

Tabell 5.6 Restansar for skatt og meirverdiavgift (mrd. kroner)

	2015 ²	2016 ³	2017 ⁴
Samla restanse for skatt frå personleg og upersonleg skattepliktige (alle inntektsår) ¹	20,0	20,8	22,7
Samla restanse for meirverdiavgift (alle avgiftsår)	5,5	5,6	5,9

¹ Tala inkluderer ikkje krav der innkrevjinga er mellombels stoppa.

² Per 31. desember 2015

³ Per 31. desember 2016

⁴ Per 31. desember 2017. Frå 2017 omfattar tala også forseinkingsrenter og tvangsmulkt.

Innkrevjing av straffekrav som er utferda av justisstyresmaktene og avgifter, gebyr og misleghaldne krav for andre statlege verksemder

Innkrevjingsresultata for Statens innkrevjingssentral er jamt over gode og betre enn i 2016. Delen feilfri saksbehandling i tvangsinnkrevjinga og anna innfordring ligg samla sett på eit stabilt høgt nivå – rett over 99 pst.

Kontrollen av skatterekneskapan

I 2017 gjennomførte skattekontora stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i 82,0 pst. av kommunane. Dette er på om lag same nivå som i 2015 og 2016.

Hovudmål 3: Folkeregisteret skal ha høg kvalitet

Skatteetaten arbeider med å modernisere Folkeregisteret, jf. nærare omtale av moderniseringa og identitetsforvaltning under. Eit oppdatert folkeregister er avgjerande for ei rekkje sentrale samfunnsfunksjonar. Gratis standardtenester frå 2016 har gjort opplysningane i Folkeregisteret meir tilgjengelege. I samband med moderniseringa av folkeregisterløysinga arbeider Skatteetaten systematisk med å redusere talet på feil i registeret. Ei brukarundersøking syner at delen profesjonelle brukarar som er nøgd med Folkeregisteret, er 71,5 pst. Dette er om lag same resultat som i 2016.

Eit godt folkeregister føreset at borgarane og offentlege instansar sender korrekte opplysningar til Skatteetaten, og at endringar vert melde raskt. Skatteetaten hadde i 2017 jamt over gode resultat for meldingsbehandling og saksbehandlingstider med unntak av meldingar om innvandring. Skatteetaten endra i 2016 sine rutinar slik at fleire meldingar om innvandring vart behandla grundigare, noko som har påverka saksbehandlingstida. Etaten har sett i verk tiltak for å korte ned saksbehandlingstida på denne meldingstypen. Andelen d-nummer som er tildelt etter fem dagar, er 85,3 pst. som er ein auke på 14,9 prosenteningar frå 2016.

Registrering i det norske Folkeregisteret er attraktivt for mange, og det er fare for at nokon skal få fødsels- eller d-nummer på feil grunnlag. Ein god identitetskontroll ved melding om innvandring og rekvirering av d-nummer er difor viktig. Skatteetaten overtok 1. januar 2017 identitetskontrollen frå Arbeids- og velferdsetaten, Brønnøysundregistra, bankar med fleire. Det er rekvire-

rante verksemd sitt ansvar ut frå eige regelverk og eigne risikovurderingar, å avgjere om ein person skal verte kontrollert eller ikkje. Skatteetaten er i dialog med fleire rekvirentar for å vurdere kva for grupper som skal til identitetskontroll, og om det er naudsynt med regelendringar.

Skatteetaten er ein pådrivar for at andre rekvirentar og brukarar aktivt skal nytte informasjon om identitetsgrunnlag i Folkeregisteret. Etaten har sett alle d-nummer som enten aktive eller inaktive. Utanlandske arbeidstakarar med inaktivt d-nummer skal møte til ny identitetskontroll når dei søkjer om nytt skattekort. Desse tiltaka skal medverke til at personar med d-nummer som vert tekne opp i skattemanntalet, i hovudsak har ei aktiv tilknytning til Noreg.

Hovudmål 4: Brukarane skal få god service

Skatteetaten legg stor vekt på rettstryggleik og på å yte god service og gje god informasjon til dei skattepliktige. Dette er viktig mellom anna for å medverke til høg tillit til skattesystemet og etaten.

Behandling av klager på skatte- og avgiftsvedtak

Høve til å klage på skatte- og avgiftsvedtak er ein viktig del av rettstryggleiken til dei skattepliktige. 1. juli 2016 vart det etablert ei ny, landsdekkjande klagenemnd for skatt og meirverdiavgift. Eit eige, landsdekkjande sekretariat førebur sakene for nemnda.

Tabell 5.7 syner talet på klagesaker som i 2017 vart behandla ved skattekontora, Skatteklagenemnda og Klagenemnda for petroleumsskatt.

Tabell 5.7 Tal på behandla klager på skattevedtak

	2015	2016	2017
Behandla av skattekontoret sjølv i 1. instans	71 716	75 818	22 181
Behandla i Skatteklagenemnda		2 708 ¹	1 940
Behandla i Klagenemnda for petroleumsskatt	23	18	13

¹ Talet omfattar òg klager som vart behandla i dei regionale klagenemndene før 1. juli 2016.

2017 var fyrste året med ny skatteforvaltingslov. Med den nye lova vart eigenfastsetjing og høve til eigenendring innført, noko som gjer at skattepliktige sjølv kan endre fastsetjinga i inntil tre år etter levering av skattemeldinga. Dette har i 2017 ført til færre klager og langt færre saker som er behandla av skattekontora i fyrste instans. Ein del forhold som tidlegare førte til klage, vert no endra ved eigenendring som må saksbehandlast i

Skatteetaten. Samla sett er likevel eigenfastsetjingsprinsippet ressursparande for etaten.

I 2017 vart 93,6 pst. av klagenes på skatt og meirverdiavgift behandla innan åtte månader etter at klaga vart motteke. Delen inkluderer både saker der skattekontora behandlar og avgjer klagenes, og saker der skattekontora førebur sakene før dei vert sende til Skatteklagenemnda.

Det har vist seg krevjande å etablere ei ny klageordning og samstundes oppretthalde effektiv saksbehandling. Per 31. desember 2017 var det 2 900 ubehandla saker i nemnda. Dette var ikkje tilfredsstillande. Mellom anna har overleveringa av klagesaker frå skattekontora til sekretariatet ikkje vore effektiv nok. Sekretariat har i 2017 gjennomgått saksbehandlingsrutinane sine og sett i verk tiltak som skal betre saksflyten. Skattedirektoratet har òg sett i verk meir kortsiktige tiltak for å få ned restansane. Til dømes har direktoratet auka sakshandsamingsressursane i sekretariatet. Utviklinga i 2018 syner at det no er færre ubehandla saker enn ved årsskiftet. Finansdepartementet er likevel ikkje nøgd med restansesituasjonen i Skatteklagenemnda. Departementet vil difor starte ein ekstern gjennomgang av den nye klageordninga.

Frå 1. august 2018 vart ansvaret for behandling av visse klagesaker i andre instans overført frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet. Desse klagesakene er vedtak om tvangsmulkt og forseinkingsgebyr etter a-opplysningslova, klagesaker over vedtak om fastsetjing av skatt på inntekt og formue, meirverdiavgift og arbeidsgjevaravgift når den samla skattemessige verknaden er under 25 000 kroner, og klagesaker om skatteavgrensing ved liten skatteevne, jf. skatteloven § 17-4. Desse endringane vil redusere sakstilfanget til nemnda monaleg og skal medverke til kortare saksbehandlingstid og færre ubehandla saker i nemnda.

Brukarundersøkingar

På oppdrag frå Skatteetaten gjennomfører meiningsmålingsbyrå jamleg brukarundersøkingar, retta mot privatpersonar og i næringslivet. Brukarundersøkingar frå 2017 syner at publikum stort sett er nøgd med servicen frå Skatteopplysninga. 81 pst. er nøgd med telefonsamtalen brukaren har hatt med Skatteopplysninga, medan 84 pst. av brukarar som har hatt kontakt med Skatteetaten, meiner servicen er god.

Fyrstelinetenesta

Skatteetaten har i 2017 lagt vekt på rettleiing i bruk av etatens digitale sjølvbeteningsløysingar. Målet er at flest mogleg vert sjølvhjelpne på skatteetaten.no. Samstundes legg etaten vekt på at fyrstelinetenesta skal gje korrekt rettleiing og at brukarane skal få svar ved fyrste kontakt.

Ei intern kvalitetsundersøking av svara i fyrstelinetenesta syner at Skatteopplysninga og rettleiarane i skranke svarer rett på gjennomsnittleg

93,3 pst. av spørsmåla i undersøkinga. Dette er 2,3 prosenteningar betre enn i 2016, men resultatet er framleis noko lågare enn målet til etaten. Skatteetaten arbeider heile tida med å betre kvaliteten i fyrstelinetenesta.

Skatteetaten gjennomførte i 2017 eit pilotprosjekt på nokre kontoreiningar med timebestilling av rettleiing. Røynslene med ei slik ordning har vore gode, og timebestilling er innført som ei fast ordning ved alle skattekontora i 2018.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer resultatata til Skatteetaten i 2017 som gode sett under eitt.

Departementet er stort sett nøgd med resultatata på fastsetjingsområdet. Dei store produksjonane er i hovudsak gjennomførte til rett tid og med god kvalitet. Skatteetaten nyttar mange verkemiddel for å auke etterlevinga av skatte- og avgiftsreglane. På kontrollområdet må etaten fortsetje arbeidet med kvaliteten på utveljing av kontrollobjekt.

Resultata på innkrevjingsområdet er gode og betre enn i 2016. Kvaliteten på forskotet har generelt vore god, og resultatata for dei største provenyordningane, det vil seie forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift, held seg på eit stabilt høgt nivå. Resultata for innkrevjingsarbeidet på vegne av eksterne oppdragsgjevarar, er òg gode, og betre enn i 2016.

Skatteetaten har i 2017 framleis arbeidd med sterkare fagleg styring og oppfølging av den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen. Det har ikkje vore noko særleg betring i resultatata for delen kontrollerte arbeidsgjevarar og delen tvangsinnkrevd restskatt. Skatteetaten må framleis vere ein pådriver overfor kommunane på dette området.

Departementet er samla sett nøgd med resultatata for saksbehandlingstider på folkeregisterområdet og etatens arbeid med identitetsforvaltning.

Departementet er ikkje nøgd med talet på ubehandla saker i sekretariatet til Skatteklagenemnda. Det er i 2017 og 2018 sett i verk fleire tiltak for å betre restansesituasjonen. Finansdepartementet vil òg starte ein ekstern gjennomgang av den nye klageordninga.

Brukarundersøkingar syner at publikum gjennomgåande er godt nøgd med rettleiinga frå Skatteopplysninga og at skattytarane er nøgde med servicen til etaten. Skatteetaten må framleis følgje opp at den faglege kvaliteten i fyrstelinetenesta er god.

Departementet er nøgd med at Skatteetaten i 2017 har gode resultat, samstundes som etaten gjennomfører store omstillingar og endringar.

Etaten gjorde i 2017 eit omfattande arbeid med innføring av ny kontorstruktur, utgreiing av ny organisasjonsmodell (Nye skatt), store endringar som følgje av ny skatteforvaltingslov og omlegging av ordninga for meirverdiavgift ved innførsel. Skatteetaten har òg teke aktivt del i arbeidet mot arbeidslivskriminalitet og teke i bruk ordningar for internasjonal informasjonsutveksling (Common Reporting Standard (CRS) og land-til-land-rapportering). Departementet er særns nøgd med Skatteetatens arbeid med IKT-utvikling og -forvaltning.

Viktige utfordringar

Skatteetaten er i ein periode med omfattande omstillingar. I 2019 skal etaten både innføre ein ny organisasjonsmodell, jf. eigen omtale av Nye skatt under, og slutføre arbeidet med ny kontorstruktur. Desse organisatoriske endringane skal etter kvart setje Skatteetaten i stand til å løyse oppgåvene sine på ein enda betre og meir effektiv måte enn før. På kort sikt er det ein viss risiko for at dei store omstillingsprosessane kan påverke resultatata til etaten negativt. Skatteetaten må i 2019 følgje risikobiletet tett og setje i verk risikoreducerande tiltak når det er naudsynt for å tryggje produksjonen i etaten.

Strammare budsjettammer inneber krevjande prioriteringar i Skatteetaten. Etaten må arbeide systematisk for å nytte tildelte ressursar og tilgjengelege verkemiddel på ein effektiv måte. Det er viktig å ha ein god balanse mellom drift og utvikling. Ein annan viktig del av Skatteetatens arbeid med effektivisering er å gje departementet faglege innspel til tiltak som kan gje eit enklare og meir effektivt skatte- og avgiftssystem som er mindre ressurskrevjande for etaten. Departementet viser her til at det er etablert eit sams forenklingsprosjekt mellom departementet og Skattedirektoratet, jf. nærare omtale under kap. 1600 *Finansdepartementet* og Prop. 1 LS (2017–2018). Prosjektet skal òg leggje grunnlag for framlegg om forenklingar i regelverk for både næringslivet og personleg skattepliktige. Skatteetaten må òg fortsetje arbeidet med å realisere nytteverknader av at oppgåver som før var i Tolletaten, Statens innkrevjingssentral og Nav innkrevjing, no er samla i Skatteetaten.

Innføring av ei ny klagenemndsordning for skatt og avgift har vore krevjande. Det er viktig å redusere talet på ubehandla saker i Skatteklagenemnda.

Skatteetaten har lenge vore gode på å nytte dei digitale moglegheitane. Det er viktig at etaten

held fram med å nytte IKT som verkemiddel for å skape forenkling for brukarane og effektive interne arbeidsprosessar.

Mål og prioriteringar i 2019

Finansdepartementet fastset desse hovudmåla for Skatteetaten for 2019:

- Dei skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane
- Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet
- Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Dette er dei same hovudmåla som gjeld for 2018.

Underliggjande effektindikatorar, styringsparametrar og forklaringsvariablar vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Skatteetaten i samband med utforminga av tildelingsbrev til etaten for 2019. Resultata i 2019 skal jamt over vere like gode som resultatata i 2017. Sjølv om ny organisering i hovudsak er ei endring i styringsliner og organisasjonsprinsipp, er det i ei stor og kompleks verksemd som Skatteetaten likevel ein viss risiko for dårlegare resultat i ein overgangsperiode.

Skatteetaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Heilt feilfri oppgåveløysing er ikkje eit realistisk mål.

Viktige prioriteringar i 2019 vert:

Tiltak mot arbeidslivskriminalitet

Regjeringa la i 2015 fram ein eigen strategi mot arbeidslivskriminalitet. Hovudtilnærminga i strategien er eit styrkt samarbeid med partane i arbeidslivet, meir koordinert kontroll og oppfølging frå tilsynsstyresmaktene, krav til offentlege innkjøp, kunnskap for å fremje seriøsitet, informasjon til utanlandske arbeidstakarar og internasjonalt samarbeid. Tiltaka gjeld område under fleire departement. Strategien vart revidert og utvida i 2017. Ein sentral del i strategien er betre koordinering mellom dei offentlege etatane, slik at deira sams innsats vert så slagkraftig og effektiv som mogleg. Politiet, Skatteetaten, Arbeidstilsynet og Arbeids- og velferdsetaten har etablert sju arbeidslivskriminalitetssentre (a-krimsentre) der desse etatane og andre offentlege styresmakter samarbeider om oppfølginga av konkrete saker. I tillegg skjer det òg eit operativt samarbeid mot arbeidslivskriminalitet fleire andre stader i landet. Etatane har sams handlingsplanar mot arbeidsliv-

skriminalitet og ein sams styringsmodell for a-krimsentra. Regjeringa gjer framlegg om å styrkje innsatsen i a-krimsentra med 20 mill. kroner. Av styrkinga skal 10 mill. kroner gå til teknologistøtte og 10 mill. kroner til anna styrking av a-krimsentras arbeid, ut frå etatane si sams vurdering av kor innsatsen gir størst effekt. Skatteetatens del av styrkinga er 5,2 mill. kroner.

Arbeidet med meirverdiavgift

Skatteetaten må fortsetje arbeidet for eit riktig og oppdatert meirverdiavgiftsregister. Registeret er viktig for etterleving av meirverdiavgiftsreglane og for å førebyggje at meirverdiavgiftssystemet vert nytta til svindel. Etaten må òg ha høg merksemd på forvaltninga av meirverdiavgift ved innførsel. Skatteetaten må leggje vekt på arbeidet med å førebyggje og avdekkje unndragingar. God rettleiing og risikobasert kontroll er viktige reiskap her.

Internasjonalt arbeid for å tryggje skattegrunnlaget

Internasjonale transaksjonar fører med seg risiko for tap av skatteproveny, særleg i saker som gjeld internprising i multinasjonale konsern og ved skjulte økonomiske interesser og verdjar i utlandet. Skatteetatens samarbeid med andre skatteadministrasjonar og arbeidet med internprising og skjult inntekt og formue i utlandet, er difor viktig. Eit viktig bidrag vil vere å gjennomføre land-for-land-rapporteringa etter lov- og avtaleføresegn som følgjer opp G20/OECDs «Base Erosion and Profit Shifting» (BEPS) Action 13 rapport «Transfer Pricing Documentation and Country-by-Country Reporting».

Skatteetaten skal fortsetje arbeidet med å utvikle IT-løysingar og prosessar som effektivt nytter informasjonen etaten får gjennom dei internasjonale standardane for automatisk utveksling av land-for-land-rapportar og av finansielle kontoopplysningar gjennom Common Reporting Standard (CRS) og Foreign Account Tax Compliance Act (FATCA). Vidare må etaten etablere metodar for å hindre unndraging via land eller middel som ikkje er knytte til eller omfatta av standardane. Førespurnader om bistand frå utlandet skal nyttast aktivt for å få fleire opplysningar i dei einskilde sakene. Departementet forventar at desse tiltaka vil føre til at skattereglane i større grad vert følgde.

Skatteklagenemnda

Skattedirektoratet må i 2019 arbeide vidare med å redusere saksbehandlingstida i Skatteklagenemn-

das sekretariat, jf. omtale over. Departementet vil starte ein ekstern gjennomgang av den nye klagenemndsordninga.

Betre identitetsforvaltning

Fleire etatar har oppgåver som påverkar identitetsforvaltninga i Noreg. Skattedirektoratet har i 2018, saman med Politidirektoratet, UDI og Difi, etablert ei rådgjevande gruppe for å koordinere deira innsats for å betre identitetsforvaltninga i Noreg (KoID). Skattedirektoratet leiar gruppa, og føremålet er ei betre identitetsforvaltning og meir koordinert innsats frå dei fire etatane. Gruppa vil òg samarbeide med andre sentrale aktørar som Nav, Finans Noreg, Nasjonalt ID-senter og Brønnøysundregistra.

Personopplysningane i Folkeregisteret vert nytta når andre instansar skal utferde dokument som pass, bankkort og førarkort. Skatteetatens arbeid for å gjere grunnlaget for registrering av ein identitet synleg i Folkeregisteret held fram i 2019. Det vil gå fram av registreringa om personen sin identitet er kontrollert eller ikkje. Slik kan brukarar av Folkeregisteret avgjere om identiteten er trygg nok for deira bruk.

For å sikre at ein person kan ha ein unik identitet registrert i Folkeregisteret, er det naudsynt å nytte informasjon om biometriske data frå register i justissektoren. Skattedirektoratet har etter den nye lova om folkeregistrering høve til å registrere om ein identitet er unik. Før Skattedirektoratet kan registrere om ein person har unik identitet, må justissektoren sørgje for at registra deira kan utveksle informasjon om biometriske data. Skattedirektoratet skal i 2019 halde fram samarbeidet med Politidirektoratet og Utlendingsdirektoratet om kopling av informasjon om biometriske data frå passregisteret og utlendingsregisteret til Folkeregisteret.

Organiseringa av Skatteetaten – Nye skatt

Skattedirektoratet har vurdert den overordna organiseringa av etaten, jf. Prop. 1 S (2017–2018) for Finansdepartementet.

Den 13. februar 2018 fekk Skatteetaten tilslutning frå departementet til å innføre ein ny organisasjonsmodell frå 1. januar 2019 der dagens skatteregionar vert ertstatta av einingar med landsdekkjande ansvar for kvar sin del av oppgåveløysinga i etaten. I tillegg vert direktoratet og støttefunksjonane omorganisert. Den nye organiseringa byggjer på etatens nye kontorstruktur med 57 kontoreiningar. Endringane skal gje færre

styringsnivå, enklare styringslinjer og ein meir fleksibel og effektiv organisasjon. Ny organisering skal òg leggje til rette for meir spesialiserte og berekraftige fagmiljø, betre oppgaveløysing og meir likebehandling. Omorganiseringa er i hovudsak intern, og dei skattepliktige vil stort sett kunne forhalde seg til Skatteetaten som før.

Mange leiarfunksjonar på høgt nivå i etaten vil i den nye organiseringa verte lagt til stader utanfor Oslo. Desse leiarfunksjonane ligg i dag i Skattedirektoratet i Oslo. Skattekontora i Bergen, Trondheim, Skien, Tromsø og Oslo, som i dag er regionhovudkontor, vil framleis ha viktige leiings- og stabsfunksjonar. Skattedirektoratet får færre årsverk enn i dag.

Nytt IT-system for meirverdiavgift

Meirverdiavgift er ein av statens viktigaste inntektskjelder. Det noverande IT-systemet for meirverdiavgift byggjer på ein prosess som vart utforma med utgangspunkt i manuelle arbeidsoperasjonar på papir. Det legg i liten grad til rette for å nytte moglegheitane som følgjer av at betaling og rekneskapsføring no i hovudsak skjer elektronisk. Eit utdatert meirverdiavgiftssystem inneber òg at Skatteetaten ikkje får nytta moglegheitane som digitalisering gjer for effektive arbeidsprosessar og ein god digital dialog med næringslivet.

Skatteetatens IT-system for behandling av skattemeldinga for meirverdiavgift og sikring av meirverdiavgiftsprovenyet er over 20 år gammalt og vil om få år nå grensa for teknisk levetid. Det noverande systemet er bygd på ein teknologi som er driftsmessig sårbar og med aukande forvaltingskostnader. Den tekniske plattformen er lite fleksibel, og det er utfordrande og kostnadskrevjande å gjennomføre regelverksendringar i systemet. Meirverdiavgiftssystemet er det siste fastsetjingssystemet i Skatteetaten som byggjer på denne teknologien, og det bør skiftast ut.

Regjeringa gjer framlegg om å utvikle eit nytt IT-system for meirverdiavgift. Tiltaket vil leggje til rette for auka etterleving av regelverket, sikring av meirverdiavgiftsprovenyet og meir effektive løysingar og arbeidsprosessar for Skatteetaten og næringslivet. Skatteetaten har estimert at den auka etterlevinga årleg vil gje om lag 400 mill. kroner i auka skatteinntekter. Tiltaket vil gje ei modernisert IT-plattform for mottak og behandling av skattemeldinga og anna saksbehandling knytt til meirverdiavgift. Ei meir digitalisert prosessstøtte og betre rettleiing for verksemdene vil gjere det enklare å etterleve

meirverdiavgiftsreglane. Eit modernisert system vil ha tilpassa løysingar ut frå kor store verksemdene er og gjere det mogleg både for Skatteetaten og verksemdene å sjå skatte- og avgiftsforhold for verksemda samla på tvers av skatteartene. Tiltaket omfattar òg løysingar som legg til rette for automatiserte analysar og ei meir risikobasert oppfølging av dei avgiftspliktige. Parallelt med systemutviklinga vert det vurdert moglege regelverksendringar som kan effektivisere forvaltninga av meirverdiavgifta og auke etterlevinga ytterlegare.

Eit nytt IT-system for meirverdiavgift vil verte utvikla i perioden 2019–2023 med ei kostnadsramme på 607 mill. kroner. For 2019 er det sett av 50 mill. kroner til prosjektet.

Dialogbasert skattemelding (SIRIUS)

Skatteetaten har starta arbeidet med å utvikle ei ny dialogbasert skattemelding for formues- og inntektskatt for næringsdrivande, lønstakarar og pensjonistar. Den nye skattemeldinga skal forenkle og forbetre prosessane for fastsetjing av skatt og redusere næringslivets kostadar ved å etterleve statlege rapporteringskrav. Den nye skattemeldinga vil òg modernisere Skatteetatens IT-system for fastsetjing av skatt.

Dialogbasert skattemelding vil verte utvikla i perioden 2018–2021 med ei kostnadsramme på 572,8 mill. kroner, jf. Prop. 1 S (2017–2018). Av dette er 46 mill. kroner til arbeidet med tilpassingar i Statistisk sentralbyrå. For 2019 er det sett av 176,1 mill. kroner til prosjektet i Skatteetaten.

Modernisering av Folkeregisteret

Skatteetaten byrja i 2016 eit prosjekt for å modernisere Folkeregisteret. Sjå omtale i Prop. 1 S (2016–2017). Prosjektet er eit viktig tiltak for auka digitalisering og effektivisering av offentleg sektor og ei betre identitetsforvaltning. Eit modernisert folkeregister vil mellom anna gje informasjon med betre kvalitet, kortare saksbehandlingstid og nye tenester for offentlege og private verksemdar. Prosjektet skal etter planen verte avslutta ved utgangen av 2019. Arbeidet er noko forseinka. Skatteetaten skal no gå gjennom prosjektet og vurdere om føresetnader og leveransar er tilstrekkelege til å avslutte prosjektet etter planen. Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om vidare oppfølging av saka.

Kostnadsramma for prosjektet er 575,5 mill. kroner. Det er for 2019 sett av 171,1 mill. kroner til modernisering av Folkeregisteret.

Ny systemløsning for avgiftsforvaltninga (SAFIR)

Hovudmålet med SAFIR er at staten får eit nytt, velfungerande IT-system for å forvalte særavgifter. SAFIR-systemet skal handtere fastsetjing og innkrevjing av alle særavgifter og av meirverdiavgift ved innførsel. Systemet skal òg handtere innkrevjing av alle pengestraumar som gjeld import. SAFIR har hatt hovudleveransane sine i 2018. Det som står att i 2019 er utvikling av saksbehandlingsstøtte, migrering av historiske data og utfasing av gamal systemløsning. Ein ny informasjonsplattform for analyse av data vil òg verte teken i bruk i 2019. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2016–2017).

SAFIR-prosjektet har ei samla kostnadsramme på 626,1 mill. kroner. For 2019 er det sett av 44,7 mill. kroner til prosjektet.

Modernisering av systema for forskotsutskrivning og skatteutrekning (SOFUS)

Skatteetaten starta i 2014 arbeidet med å modernisere prosessen og systema for forskotsutskrivning og skatteutrekning. Prosjektet skulle vore avslutta i 2018, men vil halde fram til og med 2019. Årsaka er at nokre leveransar frå prosjektet har vore meir omfattande å utvikle enn planlagt. Dette gjeld mellom anna funksjonalitet for korrekt skatteutrekning og skatteoppgjer for inntektsåret 2018. For å redusere risiko er det naudsynt å vidareføre prosjektet i 2019. Forlenginga vil ikkje påverke den samla kostnadsramma til prosjektet, som er 247,5 mill. kroner. Det er i 2019 sett av 30,9 mill. kroner til arbeidet.

Budsjett for 2019

Budsjetttramma for Skatteetaten er for 2019 sett til 6 947,4 mill. kroner som er 207,8 mill. kroner høgare enn i Saldert budsjett 2018. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser og kontorutstyr.

For 2019 er det gjort framlegg om å løyve 6 062,1 mill. kroner under post 01. Dette er ein nominell auke frå Saldert budsjett 2018 med 299,8 mill. kroner eller 5,2 pst. Forslaget inneber skjerpå krav til effektivisering og innsparingar. I forslaget ligg det spesifiserte innsparingstiltak med om lag 8,6 mill. kroner og 28,8 mill. kroner

som følgje av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Skatteetaten har nokre inntekter frå sal av tenester til andre statsinstitusjonar og kommunar og ein del andre inntekter. Fordi det er uvisst kor store inntektene vil vere, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4618, post 03 Andre inntekter, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Skatteetaten har utgifter til tenester for eksterne oppdragsgjevarar. Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4618, post 02 *Andre refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Skatteetaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhangen her mellom utgifter og inntekter vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.3.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til innkrevjing av meirverdiavgift, særavgifter og petroleumsskatt m.m. for Skatteetaten, og dessutan Skatteetatens del av utgifter som dei kommunale skatteoppgjevarane har til innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, skatt og trygdeavgift. Posten omfattar òg kostnadar med tvangsforretning, tinglysing, garantistilling og innkrevjing av barnebidrag. Vidare omfattar posten sakskostnadar i rettssaker som gjeld meirverdiavgift, sakskostnadar der Oljeskattekontoret er part, særavgifter og krav gjennom Statens innkrevjingsentral. For 2019 er det gjort framlegg om å løyve 205,9 mill. kroner under post 21.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til arbeid med dialogbasert skattemelding (SIRIUS), modernisering av systema for forskotsutskrivning og skatteutrekning (SOFUS), ny systemløsning for avgiftsforvaltninga (SAFIR) og modernisering av Folkeregistret. Posten omfattar òg ei løyving til å starte arbeidet med å utvikle eit nytt IT-system for meirverdiavgift. Prosjekta er nærare omtalte ovanfor. For 2019 er det gjort framlegg om å løyve 472,8 mill. kroner under post 22.

For desse investeringsprosjekta kan det verte bruk for avtalar som går utover budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga

Etatenes fellesforvaltning tek hand om interessene til dei tre samarbeidande etatane (Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og Statistisk sentralbyrå) og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltinga og utviklinga av a-ordninga. For 2019 er det gjort framlegg om å løyve 88,1 mill. kroner til forvaltinga av a-ordninga.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for Skatteetatens system og infrastruktur på IKT-området, medrekna meir omfattande oppgraderingar, vidareutvikling av systemløyvingar med meir. For 2018 er

det gjort framlegg om å løyve 115,0 mill. kroner under post 45.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 35 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Skatteetaten samarbeider med andre offentlege institusjonar om somme IT-investeringar. Eit døme er utskriftssamarbeidet med arbeids- og velferdsetaten der denne etaten betaler ein del av utgiftene til høgvolumskrivar og konvolutteringsmaskin. Nettoføring vil her gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre slike refusjonar som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 45 *Større utstyrskjøp og vedlikehald*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.4.

Post 70 Tilskot

Posten omfattar tilskot til Senter for skatteforskning ved Noregs Handelshøgskule. For 2019 er det gjort framlegg om å løyve 3,5 mill. kroner under post 70.

Kap. 4618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	60 659	59 000	89 500
02	Andre refusjonar	48 062	45 012	46 100
03	Andre inntekter	40 360	37 027	37 900
05	Gebyr for utleggsforretningar	47 038	49 000	49 000
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	3 592	2 400	3 500
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	5 217	3 662	5 200
85	Inngått på tapsførte lån m.m.	256 392	240 000	246 500
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 381 924	1 489 500	1 430 000
87	Trafikantsanksjonar	78 842	70 000	70 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	321 444	262 600	262 600
89	Gebyr for regelbrot	3 866	13 000	4 000
	Sum kap. 4618	2 247 396	2 271 201	2 244 300

Inntektene på kap. 4618, postane 85–88, er jamt over vanskelege å budsjettere. Hovudgrunnen er at krava vert ilagde av andre. Også inntektene på

nokre av dei andre postane på kapitlet vert monaleg påverka av forhold utanfor etaten.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som vert utførte av Skatteetaten og dei alminnelege namsmennene, og staten sin del av dei refusjonane som skatteoppkrevjarane får inn frå debitorane, jf. kap. 1618, post 21.

Post 02 Andre refusjonar

Posten omfattar refusjonar for utgifter Skatteetaten har til tenester for oppdragsgjevarane. Det gjeld i hovudsak innkrevjing av misleghalden kringkastingsavgift.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar mellom anna refusjonar for data-tenester som er utførte for andre statlege verksemder, gebyr for folkeregisteropplysningar og nokre andre refusjonar. Inntekter frå framleige av lokale og refusjonar frå samarbeidande institusjonar ved somme IT-investeringar er det ynskjeleg å føre netto, jf. nærare omtale under høvesvis post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald.

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som Skatteetaten utfører sjølve.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skatteetaten.

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grensepasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga vil han få eit gebyr på 100 kroner. Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadane som Skatteetaten har med tollkredittordninga.

Post 85 Inngått på tapsførte lån m.m.

Posten omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning og i Husbanken.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnader.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfattar inntekter frå trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr utferda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr ilagde av Rekneskapsregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan ileggjast arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste.

Tilsegnordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følge opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeidet, vart det for 2018 gjeve fullmakt til å gje nye, vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner. Ved utgangen av 2017 låg det føre slike tilsegner for vel 4,7 mill. kroner. Tilsegnfullmakta er knytt til kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter. Vidare har skatteoppkrevjarane etter § 4-6 i skatteoppkrevjarinstruksen høve til å gje tilsegn om opp til 0,5 G til dekking av utgifter til vidare bubehandling. Tilsegna kan utvidast til opp til 1 G etter godkjenning frå Skatteetaten. Når ein skatteoppkrevjar gjev tilsegna, vert utbetalinga skuldskriven skatterekneskapan. Tilsegner frå skatteoppkrevjarane er ikkje omfatta av rapporteringa her.

Vanlegvis vert det gjeve tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bere risikoen for kostnadane. I særlege tilfelle er tilsegna grunngjeven med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer saka privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga og motverkar økonomisk tapping av verksemder.

Føremålet med tilsegnordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdiar som gjev betre dekking av skatte- og avgiftskrav som er melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og

avgiftskreditorane får ei meirdekking i konkursbu der det er gjeve tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegnordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvar for å gje nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga i 2019 ved å gje Skattedirektoratet fullmakt til å gje nye vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnadar ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 20,8 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak VIII.

Tabell 5.8 Tilsegnordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2017	5 618
Nye tilsegner i 2017	3 795
Tilsegnsauke som følgje av utbetalingar i avslutta bu	- 243
Tilsegnsreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje avslutta bu	- 345
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	- 4 117
Samla ansvar per 31. desember 2017	4 708
Fullmakt til nye tilsegner i 2018	8 000
Framlegg til fullmakt til nye tilsegner i 2019	8 000
Framlegg til samla fullmakt i 2018 for nye og gamle tilsegner	20 708

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1620	Statistisk sentralbyrå	852 229	826 689	866 400	4,8
	Sum kategori 23.30	852 229	826 689	866 400	4,8

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	575 505	564 874	593 300
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	248 442	247 215	253 100
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	28 282	14 600	20 000
	Sum kap. 1620	852 229	826 689	866 400

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Statistisk sentralbyrå (SSB) har hovudansvaret for å dekkje behovet for offisiell statistikk om det norske samfunnet. Offisiell statistikk gjev viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, korleis det verkar og korleis det utviklar seg. Offisiell statistikk er eit felles gode, og statistikkar og analysar frå SSB skal vere til nytte for heile samfunnet. Statistikk utgjer òg eit viktig grunnlag for planlegging og styring. SSB har dessutan ei omfattande forskingsverksemd. Hovudoppgåvene til SSB er regulerte i statistikklova. Statistikklova slår fast at SSB er ein fagleg uavhengig institusjon som administrativt er underlagd Finansdepartementet. Slikt sjølvstende i høve til styresmakter og interessegrupper er avgjerande for den tillita og autoriteten offisiell statistikk må ha.

SSB har hovudansvaret for Noregs deltaking i internasjonalt statistisk samarbeid. Dette samarbeidet er med på å heve kvaliteten på norsk statistikk og legg til rette for å samanlikne med interna-

sjonal statistikk. Samstundes legg det føringar på den norske statistikkproduksjonen. Den oppdaterte europeiske statistikklova, som inneheld retningsliner for å utvikle, produsere og formidle europeisk statistikk, vil verte gjort gjeldande i norsk rett. Saman med Dei Sameinte Nasjonane (SN) sine grunnleggjande prinsipp for offisiell statistikk, utgjer desse retningslinene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til SSB som kjem i tillegg til den norske statistikklova.

Ved utgangen av 2017 hadde verksemda ein arbeidsstokk tilsvarande 828 årsverk. I tillegg utgjorde intervjuarar 50 årsverk. Om lag 61 pst. av dei tilsette i 2017 arbeidde i Oslo og 39 pst. på Kongsvinger.

Med heimel i statistikklova nemner Finansdepartementet opp representantar til styret for SSB for periodar av fire år. Styret fører tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk og med verksemda til SSB. Styret behandlar og godkjenner strategiar, årsrapportering og budsjettframlegg etter framlegg frå administrerande direktør. Styret skal òg sjå til at verksemda har tilfredsstillande internkontroll.

Statistikkrådet er eit rådgjevande organ for SSB og andre registereigarar og produsentar av offisiell statistikk i Noreg. Rådet medverkar til samordning av produksjon og formidling av offisiell statistikk. Administrerande direktør i SSB leiar Statistikkrådet.

SSB har òg rådgjevande utval for ei rekkje statistikkområde og kjem der i dialog med viktige brukarar av statistikken.

Resultat i 2017

Statistikk av høg kvalitet som dekkjer viktige sider av samfunnet, er eit hovudmål for SSB. Det er sett kvantitative mål for viktige indikatorar som skal underbygge SSBs arbeid med å levere rele-

vant statistikk av høg kvalitet. Indikatorane er òg i stor grad forankra i dei europeiske retningslinene for statistikk.

Nedanfor følgjer ein omtale av resultatata for sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2017. For 2018 er måla i hovudsak vidareførte eller styrkte.

Aktualitet

Som mål på aktualitet i statistikken nyttar ein talet på veker frå referanseperioden går ut til statistikken vert publisert. Den gjennomsnittlege produksjonstida for statistikkane var om lag uendra frå 2016 til 2017.

Tabell 5.9 Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering

	2013	2014	2015	2016	2017
Månadsstatistikk	4,4	3,9	3,5	3,5	3,6
Kvartalsstatistikk	9,0	8,8	8,1	7,7	8,1
Årsstatistikk	34,0	35,5	33,4	33,2	33,1

Punktleg publisering av statistikk

SSB annonserer tidspunkta for publisering i ein publiseringsskalender på nettsida ssb.no. I 2017

vart 95 pst. av statistikkane publiserte på det varsla tidspunktet, noko lågare enn i 2016, men framleis høgt.

Tabell 5.10 Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt¹

	2013	2014	2015	2016	2017
Del av statistikkane som vart publisert på varsla tidspunkt	89	87	91	97	95

¹ Frå 2016 skal alle statistikkpubliseringar verte varsla i Statistikkalenderen på ssb.no seinast tre månader før publisering. Frå same året vert endringar i publiseringssdato før det står att tre månader til publiseringstida ikkje lenger rekna som avvik.

Svarrespons

For at statistikken skal halde høg kvalitet, er det viktig at ein så stor del av intervjuobjekta som mogleg tek del i undersøkingane. Statistikklova gjev SSB heimel til å bruke oppgaveplikt ved inn-samling av data og eventuelt tvangsmulkt ved manglande levering. Svarresponsen for dei frivil-

juge undersøkingane var klart lågare i 2017 enn i 2016, mens svarresponsen for undersøkingar med oppgaveplikt auka. Ei årsak til denne utviklinga var at SSB fatta vedtak om oppgaveplikt for næringsundersøkingane, og dei er no ein del av undersøkingane med oppgaveplikt. Desse har tidlegare vore med på å trekkje opp gjennomsnittleg respons for dei friviljuge undersøkingane.

Tabell 5.11 Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent

Undersøkingar:	2013	2014	2015	2016	2017
Med oppgaveplikt	94	94	95	94	96
Friviljuge	61	64	66	65	54

Oppgåvebør

Det er eit viktig mål for regjeringa å redusere oppgåvebøra. Tilrettelegging for elektronisk rapportering er eit viktig verktøy for å halde oppgåvebøra låg. 97 pst. av rapporteringa til SSB skjedde

elektronisk i 2017. Om lag eit av ti føretak i privat sektor rapporterer til SSB i ei eller fleire undersøkingar. Som det går fram av tabellen nedanfor, har oppgåvebøra minka over tid, sjølv om større, periodevise undersøkingar kan gje store svingingar frå eit år til det neste.

Tabell 5.12 Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk

	2013	2014	2015	2016	2017
Næringslivet i alt	85	82	74	61	81
Personar og offentlege institusjonar	23	23	15	20	15

Statistikkpubliseringar

I 2017 vart det publisert 861 statistikkar frå SSB. Det var 13 færre enn året før, sjå tabellen nedan-

for. Nedgangen kjem i hovudsak av at ein har slått saman statistikkar for å gje meir heilskaplege bilete av tema.

Tabell 5.13 Statistikkpubliseringar

	2013	2014	2015	2016	2017
Frigjevne statistikkar	977	957	931	874	861

Samla resultatvurdering

SSBs samfunnsoppdrag er å levere statistikk, analyser og forskning av høg kvalitet til nytte for det norske samfunnet. SSB har gjennomført oppdraget sitt på ein tilfredsstillande måte i 2017, gitt ein krevjande situasjon med mykje uro rundt og internt i SSB hausten 2017, og ein periode med fleire store omstillingar. Verksemda må like fullt arbeide vidare med å betre resultat og måloppnåinga. Særleg må det arbeidast med å betre aktualiteten.

Viktige utfordringar

Dagens statistikklov er frå 1989. Rammeverket for statistikkproduksjon har sidan endra seg mykje både nasjonalt og internasjonalt. Finansdepartementet sette difor i 2016 ned eit utval for å vurdere statistikklova. Utvalet har levert si utgreiing i NOU 2018: 7, og departementet har hatt ho på høyring. Det er viktig å få på plass eit solid rammeverk for Noregs offisielle statistikk og SSB som legg til rette for statistikkproduksjon og forskning i lang tid framover.

Moderne demokratiske samfunn må verte understøtta av truverdig offisiell statistikk. Eit uavhengig faktagrunnlag som basis for analyser og meiningar i samfunnet, vert stadig viktigare. SSB er sentral i kampen mot falske nyheiter gjen-

nom å levere objektiv og relevant statistikk, forskning og analyser til nytte for å forstå Noreg. Denne oppgåva stiller krav til at SSB utviklar statistikken og analysane, til høg aktualitet, og ikkje minst til evna til å formidle resultat og dermed bidra til å setje premissa for offentleg debatt.

SSB er ein arbeidsplass med høge krav til kompetanse. For at verksemda skal kunne nyttigjere seg auka tilgang på data til å produsere betre og meir relevant statistikk og analyser, vil krava til kompetanse verte strengare dei næraste åra.

Det er naudsynt med ei heilskapleg og omfattande modernisering av statistikkproduksjonen. Eksterne krav og endringar i datagrunnlaget gjer at SSB kontinuerleg må tilpasse systema for statistikkproduksjon. I dagens produksjonssystem vert statistikkane produsert i eigne produksjonsløp, ofte med eigne system og prosessar for kvar statistikk. Endringar som kjem av endra rammevilkår må difor verte implementerte i mange ulike system. Dette er vanskeleg å sameine med krav til reduserte kostnader, lågare oppgåvebør og krav om meir og betre statistikk. SSB må difor betre evna til å produsere statistikk og analyser på ein effektiv måte, mellom anna gjennom å automatisere og straumlinjeforme arbeidsprosessane. Dette arbeidet er komplisert og ressurskrevjande.

Globalisering gjer det meir krevjande å skilje eller avgrense aktivitet i Noreg og i utlandet.

Framveksten av delingsøkonomi og netthandel har konsekvensar for grunnlaget for mellom anna næringsstatistikken og utanriksrekneskapen. Stådig meir fragmenterte verdikjeder og meir kompliserte næringsstrukturar gjev òg utfordringar for tradisjonell statistikkproduksjon, både som følgje av utkontraktering og fordi klassifiseringa i ulike næringer vert meir diffus. Vidare gjer digitalisering og stor tilgang på ukonvensjonelle data både moglegheiter og utfordringar for statistikkproduksjonen.

Data frå SSB er vårt felles faktagrunnlag som bør kome alle til gode. Det er auka etterspurnad etter mikrodata frå både forskarar og forvaltning. SSB må arbeide kontinuerleg med å gjere det enklare og raskare å få tilgang til data, samstundes som datasikkerheit og anonymitet skal verte høgt prioritert. Enklare tilgang til slike data vil i tillegg til å skape vinstar for forskarar og forvaltninga, også kunne skape vinst for verksemda sjølv. Portalen microdata.no, som vart opna i mai, er eit bidrag til dette arbeidet. Portalen gjer forskarar og studentar lettare og betre tilgang til registerdata, og han frigjer òg ressursar hos SSB.

Statistikklovutvalet

Eit offentleg utval har vurdert endringar i statistikklova og la i mars 2018 fram si utgreiing. Utvalet føreslår mellom anna at det skal etablerast eit nasjonalt program for offisiell statistikk og eit breitt samansett råd for Statistisk sentralbyrå til erstatning for dagens styre. I tillegg føreslår utvalet at dagens statistikkråd, som er eit rådgjevande og samordnande organ for SSB og andre statistikkprodusentar i Noreg, får ei sterkare rolle, at SSB får ei lovfesta leiarrolle i rådet og at SSB bør få eit større ansvar for å sjå til at andre statistikkprodusentar etterlever kvalitetskrava til offisiell statistikk. Vidare meiner utvalet at SSB framleis skal drive med forskning og analyse. Utgreiinga har vore på offentleg høyring. Departementet vil arbeide vidare med utgreiinga og høyringane og tek sikte på å fremje ein proposisjon med forslag til ny statistikklov i 2019.

Mål og prioriteringar i 2019

SSBs hovudmål og oppgåver er fastsette i statistikklova § 3-1 og skal ligge til grunn for verksemda i 2019:

- Kartleggje og prioritere behov for offisiell statistikk
- Samordne omfattande statistikk som vert utarbeidd av forvaltningsorgan

- Utvikle statistiske metodar og nytte statistikken til analyse og forskning
- Gje opplysningar til statistisk bruk for forskingsføremål og for offentleg planlegging
- Ha hovudansvaret for internasjonalt statistisk samarbeid

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og SSB i samband med utforminga av tildelingsbrevet til byrået. Resultata i 2019 skal jamt over vere minst like gode som resultata i 2017, jf. rapportomtalen ovanfor.

SSB arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. SSB skal, som ein del av arbeidet med å betre kvaliteten i oppgåveløysinga, nytte ressursane sine så effektivt som mogleg. I det daglege arbeidet er det samstundes naudsynt at verksemda veg effektivitet opp mot andre kvalitetsindikatorar.

Viktige prioriteringar i 2019

Modernisering av produksjonsprosessane

Teknologiske endringar gjev tilgang på meir data og nye datakjelder. Det skapar nye moglegheiter, men fører òg til auka etterspurnad etter statistikk og analysar frå SSB.

For å møte auka krav frå brukarane, samstundes som det vert sett krav til å effektivisere verksemda, må SSB modernisere statistikkproduksjonen. Heile produksjonsløpet for statistikk skal etter planen verte bygd om dei neste åra. I 2017 vart det difor etablert eit moderniseringsprogram der fleire større prosjekt vart samla. I 2018 byrja arbeidet i dei fyrste, avgrensa prosjekta for å etablere ei moderne IT-plattform, gje ny datalagring og fellesløysingar for datafangst og førebu prosessforbetringar i dei statistikkproduserande avdelingane. Rutineprosessar som i dag krev mykje arbeidsinnsats, vil i større grad kunne verte erstatta gjennom å standardisere og automatisere produksjonsprosessane, samstundes som det vert lagt til rette for å nytte fleire nye datakjelder. I tillegg til innsparingar gjennom forenkla produksjonsprosessar, vil auka bruk av nye datakjelder med tida bidra til ei lettare oppgåvebør.

SSBs styre har fått gjennomført ei ekstern kvalitetssikring av prosjektet som konkluderer med at programmet er godt grunnlagt, men at det er naudsynt med meir utgreiing før eit samla program vert sett i verk. Styret og verksemda er samde om dette synet. Arbeidet med å førebu prosjektet og prosjektmandatet vil halde fram i 2018 og inn i 2019. Modernisering av statistikkproduksjon

sjonen vil vere ressurskrevjande. For 2019 er det øyremerkd 20 mill. kroner til dette arbeidet.

Det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) hadde eit stort moderniseringsbehov. SSB har nyleg slutført arbeidet med modernisering av KOSTRA og har laga ei ny formidlingsløyising. Denne var på plass til dei endelege KOSTRA-tala for 2017 vart publiserte i juni 2018. Modellen som KOSTRA-moderniseringa er basert på, ligg i stor grad til grunn for verksemda sitt moderniseringsarbeid framover.

Skattedirektoratet skal utvikle ei ny digital skattemelding, SIRIUS, i perioden 2018–2021. SIRIUS vil verke inn på SSBs innhenting og handsaming av skattedata. I 2018 vart det etablert eit prosjekt under moderniseringsprogrammet for å følgje opp endringane som følgjer med SIRIUS. Prosjektet skal gje effektive og sikre løysingar for levering av data frå Skattedirektoratet og med ny systemløyising. SSB samarbeider med Skattedirektoratet slik at vesentleg informasjon til sentrale statistikkar ikkje skal gå tapt, jf. eiga omtale under kap. 1618.

Utvikle kompetanse for framtidens SSB

Tilsette med rett kompetanse er avgjerande for at SSB skal levere gode resultat. Behovet for kompetanse endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga og etterspurnaden etter ny statistikk.

Med dei store endringane verksemda går gjennom er det særleg viktig å halde på og å utvikle kjernekompetansen.

Dei komande fem til ti åra vil om lag ein tredel av dei tilsette i SSB gå av med pensjon. Det vil gje behov for nyttilsettingar, og SSB må rekruttere rett kompetanse for framtida. Modernisering av SSBs produksjonssystem vil gje auka behov for tilsette med kompetanse innan prosjekt- og programstyring, IKT, dataanalyse og statistisk metode. Moderniseringa vil òg gje store endringar i arbeidsprosessane. Dette gjer det naudsynt å tilpasse organisasjonen. SSB vil difor utvikle kompetansen slik at verksemda kan meistre endringane som moderniseringa gjev, og slik at dei tilsette har grunnlag for å meistre nye oppgåver og prosessar etter kvart som fleire av prosessane vert automatiserte.

Samvirke med omverda

Vidare utvikling av SSB må skje i samarbeid og dialog med brukarar, registereigarar og andre dataforvaltarar. Eit nærare samarbeid kan ytterlegare redusere oppgåvebøra for næringslivet og andre, gje registerdata med betre kvalitet og sikre tilgang til nye datakjelder. For næringslivet vil

betre skjema for sjølvadministrerte undersøkingar, auka bruk av data direkte frå næringane sine eigne system og auka bruk av ukonvensjonelle datakjelder vere viktig. Samstundes vil ein òg vidareutvikle samarbeidet med eigarar av registerdata. Arbeidet skal bidra til at SSB betre kan fange opp og dekkje brukarbehov. SSB skal òg fortsetje arbeidet med å betre tenesta for utlån av mikrodata, mellom anna ved å vidareutvikle dei nye tekniske løysingane for datatilgang som vart tekne i bruk i 2018.

Tema og forteljingar

Som ein viktig premissgjevar skal SSB vere til stades i offentlegheita, bidra med statistikk om heile samfunnet, sjå statistikkar i samheng og gjere analysar av aktuelle saker. Verda vert meir komplisert, og det er viktig å nytte data frå mange fleire og nye kjelder for å belyse samhengane. Det set krav til at SSB fangar opp og utviklar relevante statistikkområde og gode formidlingsmetodar innanfor dei ressursane verksemda disponerer.

Nyheiter frå Statistisk sentralbyrå

Offisiell statistikk skal vere til allmenn nytte, og media er ein viktig vidareformidlar av statistikk frå SSB. SSB må nytte nye og relevante formidlingskanalar og tilpasse publiseringane til nye medieforhold. Samstundes opnar utviklinga for nye former for kontakt med publikum.

SSBs verksemd og samfunnsoppdrag kan gjerast betre kjend i samfunnet gjennom å auke interesse blant unge for å nytte og forstå statistikk. SSB har difor i 2017 sett i verk ei særskild satsing for å verte meir synleg og brukt i skulen, i fyrste rekkje for elevar i den vidaregåande skulen.

Produsere meir relevant og etterspurd næringsstatistikk

Næringsstatistikken må verte tilpassa nye næringsstrukturar, endra brukarbehov og nye internasjonale retningslinjer. Det vil verte lagt vekt på å framstille næringsstatistikken på ein meir samanhengande måte for brukarane enn i dag. SSB vil tilby meir analyse og relevant statistikk for tenestenæringane. SSB får viktige innspel mellom anna gjennom dei rådgevande utvala og gjennom brukarseminar. Verksemda vil fortsetje arbeidet med å kartleggje data for nye måtar å jobbe på, mellom anna delingsøkonomi og netthandel.

SSB må førebu seg på å innarbeide den komande europeiske rammeverksforordninga

for næringsstatistikk som truleg vert gjort gjeldande frå 2020. Forordninga gjer nye føringar om statistikk for fleire næringar, mellom anna undervisning, helse- og sosialtenester, kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar, finanstenester og anna tenesteyting, samt for hyppigare statistikk om tenestenæringar. Tilsvarende gjeld for nye forordningar på sosialstatistikkområdet.

Forbruksundersøkinga

Forbruksundersøkinga er ein sentral statistikk der resultatane mellom anna vert nytta i økonomiske analysar og i analysar av levekår, både av SSB og av eksterne brukarar. Den siste forbruksundersøkinga er frå 2012. I 2019 vil SSB arbeide med forenkla undersøkingsmetodar der ein kan bruke data frå elektroniske transaksjonar til å supplere delar av datainnsamlinga. Det vil redusere kostnadane og oppgåvebøra og samstundes auke kvaliteten når ein skal gjennomføre ei fullstendig forbruksundersøking. Det er ei rekkje metodiske, tekniske og juridiske utfordringar som må løysast for å kunne hauste desse vinstane.

Forskning og analyse

Forskningsverksemda i SSB skal haldast på et høgt internasjonalt nivå. Ho skal vere empirisk basert og i all hovudsak ta utgangspunkt i SSBs eigne data. Forskinga skal understøtte analyse- og statistikkproduksjonen. Det er med på å betre kvaliteten, bidra til å kunne prioritere og utvikle ny statistikk og til å stille saman statistikk og analysar for å skape ei god forståing av samfunnet og samfunnsutviklinga. SSB skal leggje vekt på analysar av økonomiske problemstillingar, medrekna modellbaserte analysar av norsk økonomi og prognoser for utviklinga i norsk økonomi. Leiinga i SSB må utvikle forskningsverksemda vidare slik at forskninga held eit høgt fagleg nivå og ressursane vert nytta effektivt.

Ei planlagd omorganisering av forskningsavdelinga i SSB vart stansa i 2017, og det skal ikkje gjerast større endringar i organiseringa av SSBs forskningsverksemd før ein ny statistikklov er handsama i Stortinget.

Internasjonalt samarbeid

Det internasjonale samarbeidet på statistikkområdet inneber at det vert sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. I stor grad samsvarer slike internasjonale krav med SSB sine prioriteringar.

Forordning (EC) nr. 223/2009 om europeisk statistikk gjev rammeverket for produksjon i det europeiske statistiske systemet (ESS). Noreg deltek i ESS gjennom EØS-avtala. Denne forordninga vart revidert i 2015, og vert innlema i avtala. Mellom anna vart den uavhengige stillinga til dei nasjonale statistikkbyråa styrkt. Endringane i det europeiske statistikkregelverket gjev viktige føringar for Noreg og var ei viktig årsak til at regjeringa sette ned statistikklovutvalet.

Relevante statistikkrettsakter som er vedtekne av EU, vert tekne inn i vedlegg XXI om statistikk i EØS-avtala og vert deretter innarbeidd i norsk rett. I 2017 vart ni nye rettsaktar innarbeidd. Oppfølging av arbeidet i Eurostat med omfattande omlegging av regelverket for næringsstatistikk, sosialstatistikk og jordbruksstatistikk, har vore særskilt krevjande i 2017. Det europeiske statistikkprogrammet er utvida frå 2013–2017 til 2018–2020 (Prop. 84 S (2017–2018)). Programdelta-kinga gjev økonomiske bindingar for SSB i perioden. Retningslinjer for europeisk statistikk (European Statistics Code of Practice) vart reviderte i 2017 og vedtekne på møtet i ESS-komiteen 16. november 2017.

SSB overtok i 2017 leiinga i EFTAs statistikk-samarbeid for to år og har òg leiinga i det nordiske statistikksamarbeidet i 2018.

I samarbeidet i regi av Dei Sameinte Nasjonane (SN) er særleg arbeidet med indikatorar for berekraft og statistikk om flyktningar viktig i 2019. SSB er i styringsgruppa for ei ekspertgruppe, saman med Eurostat og SNs høgkommis-sær for flyktningar. Etter at retningslinjene vart vedtekne på Statistikkommisjonen i mars 2018, skal gruppa utvikle praktiske verktøy for gjennomføring.

SSB skal etablere og føre vidare langsiktige og breie landsamarbeid som støttar opp om SN sine berekraftsmål i Agenda 2030 og samstundes støttar utvikling av gode nasjonale statistikkssystem.

Budsjett for 2019

Departementet gjer framlegg om å setje budsjettramma til SSB for 2019 til 866,4 mill. kroner. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For 2019 gjer departementet framlegg om ei løyving på 593,3 mill. kroner som er 5,0 pst. meir enn Saldert budsjett 2018.

SSB skal framleige ein mindre del av lokala sine. På grunn av den nære samanhengen her mellom utgifter og inntekter vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.5.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. For 2019 gjer departementet framlegg om ei løyving på 253,1 mill. kroner, noko som reelt er om lag som for 2018.

Ved brukarfinansierte oppdrag vert utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekkje utgiftene og vert postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå*, post 02 *Oppdragsinntekter*.

SSB kan overskride løyvinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. framlegg til romartalsvedtak II.2.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Det meste av løyvinga skal brukast til utvikling av systema for statistikkproduksjon, datatryggleik og SSBs teknologiske plattform elles.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
02	Oppdragsinntekter	235 194	250 946	256 100
85	Tvangsmulkt	23 845	20 000	25 000
	Sum kap. 4620	259 039	270 946	281 100

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 21. Frå 2018 vert premiebetaling til Statens pensjonskasse rekna med ved prisinga av oppdrag. Avtalebindingar og moglege verknader på etterspurnaden gjer at inntektene er noko meir usikre enn elles.

Oppdragsinntektene er førte opp med 3 mill. kroner meir enn utgiftene på kap. 1620, post 21. Inntektene skal overstiga utgiftene med meirverdiavgifta i samband med brukarfinansierte oppdrag, og som vert å belaste kap. 1633 *Netto-*

ordning, statleg betalt meirverdiavgift. For 2019 reknar ein her med ei utgift på om lag 7,3 mill. kroner. Til frådrag kjem verknad av avtalebindingar med 4,3 mill. kroner.

Post 85 Tvangsmulkt

SSB har med heimel i statistikklova høve til å ilegge tvangsmulkt. Til grunn for auken frå 2018 til 2019 ligg særleg rekneskapstal frå dei seinaste åra og høgare rettsgebyr (R). Mulktene vert utmåla som ein funksjon av rettsgebyret.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40, fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	24 825 480	25 810 000	26 780 000	3,8
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	6 216 763	6 288 633	6 600 000	5,0
	Sum kategori 23.40	31 042 243	32 098 633	33 380 000	4,0

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	22 816 399	23 650 000	24 600 000
72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	2 009 081	2 160 000	2 180 000
	Sum kap. 1632	24 825 480	25 810 000	26 780 000

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2004 vart det innført ei allmenn ordning der kommunar og fylkeskommunar vert kompenserte for meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg mon skal påverke avgjerdene som kommunane tek om anten å produsera avgiftspliktige tenester med eigne tilsette eller å kjøpe dei frå private. Ordninga vart finansiert med ein reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Den allmenne kompensasjonsordninga kom i staden for ei avgrensa kompensasjonsordning som vart innført i 1995.

I saldert budsjett for 2018 vart det lagt til grunn ei utgift på 23 650 mill. kroner i momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar. Løyvinga vart ikkje endra i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2018.

Samla momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar i 2019 er talfesta til 24 600 mill. kroner.

Kommunane sender inn oppgåver over meirverdiavgiftskompensasjon til avgiftsstyresmaktene annankvar månad slik som i det ordinære meirverdiavgiftssystemet, men det er òg mogleg å levere årsoppgåver. Utbetalingane skjer etter kvart og innan tre veker etter innsending. Dokumentasjonskrava i samband med innsending av kompensasjonskrav er forenkla ved at krava berre skal ha stadfesting frå revisor. Kompensasjonskrav frå private tenesteprodusentar kan sendast direkte til avgiftsstyresmaktene. Det er ei minstegrense på 20 000 kroner for kompensasjonsbeløp per år for at verksemder skal kome inn under ordninga. Ordninga gjeld nokre private og ideelle verksemder òg. Det er ein eigen tilskotspost for desse, jf. post 72.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, overslagsløyving

For ikkje å medverke til konkurransevriding mellom kommunal og privat produksjon av sentrale velferdstenester er private og ideelle verksemdar òg omfatta av ordninga. Det gjeld private og ideelle verksemdar som utfører slike sosiale tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre. Det er på desse områda ein reknar med at kompensasjonsord-

ninga i størst mon vil kunne gje kommunane ein konkurranseføremon framfor private verksemdar utan avgiftsplikt. Dei private og ideelle verksemdane som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

I saldert budsjett for 2018 vart det lagt til grunn ei utgift på 2 160 mill. kroner på denne posten. I samband med revidert budsjett for 2018 vart løyvinga redusert til 2 100 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 180 mill. kroner under denne posten for 2019.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	6 216 763	6 288 633	6 600 000
	Sum kap. 1633	6 216 763	6 288 633	6 600 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2015 vart det innført ei ordning med nettoføring av meirverdiavgift i ordinære statlege forvaltningsorgan. Nettoføringsordninga inneber at forvaltningsorgana som er inkluderte i ordninga, ikkje vert belasta meirverdi-

avgift for utgifter på postane 01-49 i budsjetta og rekneskapane sine, men fører utgiftene til meirverdiavgift på eit sentralt kapittel for meirverdiavgift under Finansdepartementet (kap. 1633, post 01). Det vil vere uvisse om løyvingsbehovet til ordninga også i 2019. Regjeringa foreslår ei løyving på 6 600,0 mill. kroner.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.**Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.**

Utgifter under programkategori 24.10, fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1650	Statsgjeld, renter m.m.	8 871 082	8 915 415	10 532 900	18,1
1651	Statsgjeld, avdrag og innløsning	50 959 276		76 515 000	
	Sum kategori 24.10	59 830 358	8 915 415	87 047 900	876,4

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, vert finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Finansieringsbehovet i statsbudsjettet, m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskott til statsbankane, vert dekt med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på staten si kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands. Av omsyn til statspapirmarknaden vert det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den lang-

siktige opplåninga over fleire år. Den kortsiktige opplåninga er mellom anna for å fange opp behovet i marknaden for kortsiktige papir. Finansdepartementets fullmakt til å låne i marknaden vart fram til 2015 fastsett av Stortinget på grunnlag av ein årleg proposisjon om lånefullmakter. For 2019 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2018–2019) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2019* (Gul bok).

Tabell 5.19 syner den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2017, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 5.14 Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2017

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	390 000
Statskassevekslar	74 000
Kortsiktige kontolån	58 047
Kontolån frå ordinære fond ¹	207 878
Sum	729 925

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktene.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
01	Driftsutgifter	37 795	43 015	43 600
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	8 833 287	8 872 400	10 489 300
	Sum kap. 1650	8 871 082	8 915 415	10 532 900

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter som staten har i samband med gjelds- og likviditetsforvaltning. Det gjeld m.a. utgifter til informasjons- og analysesystem, utgifter som Noregs Bank og verdipapirsentralen (VPS) har i samband med behandlinga av staten sine lån, og utgifter knytte til ratingbyråa si vurdering av Noreg. Posten dekkjer òg betaling til

Noregs Bank for dei tenestene som banken yter Finansdepartementet i forvaltninga av gjelda og likviditeten til staten, og drift og forvaltning av statens kontoar i Noregs Bank.

Frå 2015 har Noregs Bank fått utvida operative oppgåver i samband med forvaltninga av statsgjelda. Banken har no fullmakt til å ta opp lån og inngå derivatkontraktar på vegner av staten, innanfor rammer gitt av Finansdepartementet.

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostnamn	Rekneskap 2017 ¹	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
89.11	Faste lån	8 978	8 878	8 492
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	-2 727	-2 915	-1 329
89.13	Kontolån	46	150	103
89.14	Kontolån frå ordinære fond	2 116	4 094	2 273
89.15	Statskassevekslar	421	506	450
89.17	Nye faste lån		907	501
	Sum kap. 1650, post 89	8 833	11 620	10 489

¹ I rekneskapen vert faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behova for låneopptak i 2018 og 2019. Renteutgiftene vert påverka av omfanget av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i statens portefølje av rentebyteavtalar. Renteutgiftene vert òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten vert det budsjetttert renteutgifter på obligasjonslån som er tekne opp før 1. januar 2018. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrenta på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet, oppstå ein over- eller underkurs. For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege finansieringskostnadene for staten, vert ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i

statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på post 89.11 over den løpetida som står att for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2019 kjem dermed fram som kupongrenta, justert for den delen av over- eller underkursen som vert inntekts- eller utgiftsført i 2019.

Renteutgiftene på faste lån er anslått til 8 492 mill. kroner i 2019.

Underpost 89.12 Gjenkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar dels renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjenkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlånsperioden. I tillegg vert nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. Staten har for tida ei netto inntekt frå desse avtalane. Staten mottek ei fast langsiktig rente og betaler ei kortsiktig pengemarknadsrente i rentebyteavtalane. Ettersom ein ventar framleis låge pengemarknadsrenter, reknar ein med ei nettoinntekt på denne posten på 1 329 mill. kroner i 2019.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler staten rente. Kontolånplasseringar som kjem frå overskotslikviditet i samband med skatte- og

avgiftsbetalingar, vert ikkje forrenta. Renteutgiftene på kontolån er anslått til 103 mill. kroner i 2019.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Inneståande kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2017 på 207,9 mrd. kroner (medrekna kapitaliserte renter). For 2019 vert rentene på kontolån frå ordinære fond anslått til 2 273 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar. Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følgjer av underkursen som papira vert lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kursen som staten oppnår i auksjonane.

Dei samla renteutgiftene til staten under denne posten er anslått til 450 mill. kroner i 2019.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdragsterminar tekne opp etter 1. januar 2018. Over- eller underkurs er budsjettert som omtalt under post 89.11. For 2019 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 501 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	50 959 276		76 515 000
	Sum kap. 1651	50 959 276		76 515 000

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån. I 2019 forfell det langsiktige statsobligasjonslån for 76,5 mrd. kroner. Noregs Bank vil arrangere tilbakekjøpsauksjonar i marknaden på fastsette datoar i 2018. Det kjøpte beløpet vert då å rekne som avdrag og vil redusere forfallet i 2019.

Per 1. juli 2018 var det kjøpt tilbake for 7 485 mill. kroner, og dette er teke omsyn til i forslaget for 2019. Det er ikkje mogleg å gje gode overslag for omfanget av tilbakekjøp, og slike er difor ikkje teke omsyn til i budsjettforslaget. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med overslag her, sidan dette kan gje staten mindre handlefridom i marknaden.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Utgifter under programkategori 24.20, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019	Pst. endr. 18/19
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	134 630	10 000		-100,0
	Sum kategori 24.20	134 630	10 000		-100,0

Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
50	Tapsfond for miljølåneordninga		20 000	10 000
90	Innbetalt grunnkapital	114 630		
	Sum kap. 1670	134 630	10 000	

Den nordiske investeringsbanken (NIB)

Den nordiske investeringsbanken (NIB) vart skipa i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Avtalen er seinare revidert etter semje 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemmer av banken. NIB har hovudkontor i Helsingfors i Finland.

Nærare om låne- og garantiordningane i NIB

Hovudtyngda av verksemda til banken er vanlege investeringsutlån og garantiar. Dei vanlege utlåna vert finansierte med grunnkapitalen til banken. Utanom vanlege utlån og garantiar yter banken lån til prosjektinvesteringar utanfor Norden (PIL) og miljølån til prosjekt i nærområda til medlemslanda (MIL).

Bankens årsmøte i 2016 vedtok å justere medlemslanda sine delar av innbetalt kapital og garantikapital slik at dei vert like, samt å justere medlemslanda sine delar av garantiansvaret for PIL og

MIL slik at dei speglar fordelinga av grunnkapitalen. Føremålet med endringane er å få betre samsvare mellom eigarane sine rettar og plikter. Blant anna vart Noregs del av utbyte frå NIB betre i tråd med det samla ansvaret Noreg har teke på seg. Endringane vart fullførte tidleg i 2017.

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Den norske kapitalen utgjer 21,5 pst. av den samla kapitalen i NIB. Etter justeringane i 2017 er Noregs innbetalte kapital 90 019 510 euro, medan garantikapitalen er 1 230 785 695 euro.

I tråd med dette tilrår departementet at Stortinget gjev Finansdepartementet fullmakt til å gje garantiar i 2019 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt innbetalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 230 785 695 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.1.

Prosjektinvesteringsslån (PIL)

Gjennom PIL gjev banken lån til finansiering av prosjekt i land utanfor Norden og Baltikum med relativt god betalingsevne.

Utlånsramma for prosjektlåneordninga (PIL) er 4 000 mill. euro. Garantiansvaret til medlemslanda er avgrensa til 90 pst. av kredittrisikoen ved kvart lån innanfor eit samla beløp på 1 800 mill. euro. Styret i NIB har vedteke at banken skal dekke eventuelle tap under PIL opp til ein viss sum som er avsett i eit eige fond. Fondet er bygd opp gradvis. I tillegg har Noreg sett av 16 mill. kroner til tapsfond for PIL.

Etter årsmøtevedtaket i 2016 om å justere fordelinga av garantiansvaret i PIL, er ansvaret for Noreg om lag 387,1 mill. euro. Finansdepartementet tilrår at Stortinget for 2019 gjev departementet fullmakt til å gje garantiar for lån frå NIB i samband med PIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 387 086 761 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.2.

Miljølåneordninga (MIL)

Gjennom MIL gjev NIB lån til miljøprosjekt i nær-områda i Aust-Europa. Føremålet er å minke miljøbøra som nær-områda skaper for medlemslanda. Ordninga vert garantert 100 pst. av medlemslanda. I åra 1998 til 2004 vart det løyvt til saman 45 mill. kroner til eit tapsfond for denne låneordninga.

Etter årsmøtevedtaket i 2016 om å endre fordelinga av garantiansvaret for MIL, er ansvaret for

Noreg vel 57,2 mill. euro. Finansdepartementet tilrår at Stortinget for 2019 gjev departementet fullmakt til å gje garantiar for lån frå NIB under MIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 57 243 888 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.3.

På grunn av innløysinga av garantiansvar under ordninga i 2014–2016 vart det på kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken, post 50 Tapsfond for miljølåneordninga, løyvd 20 mill. kroner til tapsfondet i 2015, 2016 og 2017, og for 2018 10 mill. kroner. Målet var å auke tapsfondet slik at det igjen kjem opp til omkring 10 pst. av Noregs garantiansvar. Med eurokursen per 1. juni 2018 utgjorde fondet då 9,94 pst. av ansvaret. For 2019 vert det difor ikkje gjort framlegg om ytterlegare oppbygging av fondet.

Den nordiske investeringsbanken er eit sams nordisk-baltisk tiltak. Reglar for økonomiforvaltninga i den norske statsforvaltninga kan difor ikkje utan vidare gjerast gjeldande. Forvaltninga av Noreg sine garantiskyldnader under PIL-ordninga og MIL-ordninga oppfyller ikkje føresegnene i økonomireglementet om forvaltning av statlege garantiar. Dette gjeld reglane om at garantiordninga skal vere sjølvfinansierande og at staten skal stille som enkel kausjonist, og dessutan krava om lineær nedtrapping av garantiansvaret, pro rata risikofordeling og valutaslag.

I tabellen nedanfor er det gjeve ei samla oversikt over garantiordningane for Den nordiske investeringsbanken.

Tabell 5.15 Garantiorordningar for Den nordiske investeringsbanken

	(i 1 000 kr)			
	Utbetalt pga. tap i 2017	Samla garantiansvar 31.12.2017 ¹	Samla fullmakt i 2018 for nye og gamle garantiar ²	Samla fullmakt i 2019 for nye og gamle garantiar ²
1. Grunnkapital fråtrekt innbetalt kapital	-	12 237 984	11 732 219	11 732 219
2. Prosjektinvesteringsslån	-	3 809 050	3 689 828	3 689 828
3. Miljølån		566 835	545 666	545 666
Sum garantiar under Finansdepartementet		16 613 869	15 967 713	15 967 713

¹ Omrekna frå euro 29. desember 2017 (kurs 9,0863)

² Omrekna frå euro 1. juni 2018 (kurs 9,5323)

Kap. 5341 Avdrag på utestående fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
91	Vanlege fordringar	32		
95	Avdrag på lån til andre statar	425	500	500
98	Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar	8 000 000		8 000 000
	Sum kap. 5341	8 000 457	500	8 000 500

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten vert det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

Posten gjeld avdrag på eit lån som vart gjeve til Jugoslavia i 1983. Den delen av lånet som står att, vert no betalt av Serbia og Montenegro. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2015–2016) frå Finansdepartementet.

Post 98 Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar

Posten omfattar avdrag som staten får innbetalt på eigenbeholdning av statsobligasjonar som vert nytta til marknadspleie. I 2019 er det forfall av eit langsiktig statsobligasjonslån der staten har ei beholdning på 8 mrd. kroner.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
85	Overføring	17 725 862	14 500 000	12 000 000
	Sum kap. 5351	17 725 862	14 500 000	12 000 000

Etter retningslinene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjer ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjas av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjer skal eit beløp svarande til ein tredel av innestående beløp i overføringsfondet overførast til statskassa.

Basert på vurderingar av risikoen for svingingar i resultatet til Noregs Bank i åra framover, er storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst.

av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens beholdning av innanlandske verdipapir. Retningslinene er nærare omtalte i St.prp. nr. 40 (2002–2003). Kursreguleringsfondet var i fleire år lågare enn minstekravet i retningslinene, og det vart difor ikkje sett av midlar til overføringsfondet. Dette har endra seg dei siste åra. I 2017 vart det overført 17,7 mrd. kroner til statskassa, medan det i 2018 vart overført 14,3 mrd. kroner. Ein reknar med at det vil vere grunnlag for overføringar til staten i 2019 på 12,0 mrd. kroner. Endeleg beløp vert fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2018.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	180 920	847 500	2 158 000
81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	66	200	200
82	Av innanlandske verdipapir	1 567 047	1 341 000	1 307 700
83	Av alminnelege fordringar	40 773	25 000	25 000
84	Av driftskreditt til statsverksemdar	65 753	16 700	54 900
86	Renter av lån til andre statar	87	100	100
	Sum kap. 5605	1 854 646	2 230 500	3 545 900

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2017 var staten si kontantbeholdning i Noregs Bank om lag 162 mrd. kroner, mot 147 mrd. kroner ved utgangen av 2016.

Alle betalningar til og frå staten vert avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følgje av skatteinnbetalningar og overføringar til Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uviss.

Renta av det inneståande på foliokontoen vert rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav. For 2019 er dei samla renteinntektene under denne posten anslått til 2 158 mill. kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på staten sine bankinnskot til bruk på utanriksstasjonane. For 2019 er renteinntektene under denne posten anslått til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som vert nytta til marknadspleieføremål.

For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, vert over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under kap.

1650, post 89. For 2019 er renteinntektene under denne posten anslått til 1 308 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskot frå statens rekneskapsførarar i bankar utanom konsernkontoordninga, utlån som vert forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseie. På usikkert grunnlag er det for 2019 ført opp inntekter på 25 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemdar

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptrekkperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitaliserast og leggjast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptrekkrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83. Post 84 her er den motsvarande inntektsposten. Etter opptrekkperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

I 2009 vart dei regionale helseføretaka sine driftskredittar i private bankar omgjorde til driftskredittar i staten, jf. kap. 732, post 86 under Helse- og omsorgsdepartementet. Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene vert òg inntektsførte under post 84. Frå og med 2018 har òg Bane NOR SF ei slik driftskredittordning.

For 2019 er renteinntektene under denne posten anslått til 54,9 mill. kroner.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
85	Utbyte	111 771	112 200	112 700
	Sum kap. 5692	111 771	112 200	112 700

Den nordiske investeringsbanken betaler utbyte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbyte vert vedteken av styret i banken på grunnlag av resultatet av verksemda året før. For 2017 har banken i 2018 betalt utbyte til den norske stat med vel 11,8 mill. euro eller vel 112 mill. kroner.

Basert på same utbyte i 2019 som i 2018 og valutakursen per 1. juni 2018, gjer departementet framlegg om for 2019 å føre opp eit utbyte på 112,7 mill. kroner.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2017	Saldert budsjett 2018	Forslag 2019
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	720	600	600
	Sum kap. 5693	720	600	600

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for *Finansdepartementet*. I tråd med dette er det for 2018 fastsett eit utbytekrav på 641 000 kroner.

Utbytekravet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2019 er det difor budsjettert med eit utbyte på 0,6 mill. kroner.

Del III
Andre saker

6 Likestilling og mangfald

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfald på Finansdepartementets område, jf. likestillingslova § 1 bokstav a. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar òg programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg teken med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld for det aller meste administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løyvingane har lite å seie for kjønns- og likestillings-tilhøve. Departementet sitt arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken til departementet og dei underliggjande etatane.

6.1 Finansdepartementet

Kvinner utgjorde 45 pst. av dei tilsette ved utgangen av 2017. Blant leiarane var talet 43 pst. Av seniorsaksbehandlarane var 39 pst. kvinner, og av

juniorsaksbehandlarane var 64 pst. kvinner. 49 pst. av juristane og 39 pst. av økonomane var kvinner.

Det følgjer av tilsettingspolitikken at Finansdepartementet skal leggje til rette for at tilsette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan bruke kompetansen sin og røynsla si.

Ved utgangen av 2017 hadde om lag 6 pst. av dei tilsette innvandrarakgrunn. Talet på søkjarar med innvandrarakgrunn var 10 pst. i 2017.

Sjukefråværet har vore lågt i mange år. Samla legemeldt sjukefråvær var 1,8 pst. – for kvinner 2,9 pst. og for menn 0,8 pst.

6.2 Etatane under Finansdepartementet

6.2.1 Likestilling

Tabellen under gjev ei oversikt over prosentdelen kvinner og prosentdelen kvinnelege leiarar per 1. oktober 2017 i verksemdene under Finansdepartementet. Tal i parentes er frå 2016.

Tabell 6.1 Likestilling mellom kjønna

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Tilsette	6 650 (6 798)	1 654 (1 648)	854 (904)	433 (423)	268 (268)
Prosentdelar:					
Kvinner i etaten	62 (62)	46 (46)	51 (52)	62 (62)	53 (52)
Kvinnelege leiarar, heile etaten	54 (53)	41 (36)	50 (48)	58 (53)	50 (52)
Kvinnelege leiarar region, direktorat og avdeling nivå 2	39 (44)	27 (15)	29 (44)	50 (40)	60 (60)
Kvinnelege leiarar nivå 3	54 (50)	44 (38)	54 (47)	60 (58)	50 (53)
Kvinnelege leiarar nivå 4	57 (55)	41 (40)			

Tabellen nedanfor syner tal for legemeldt sjukefråvær for 2017 for både kjønn, kvinner og menn. Tal i parentes er frå 2016.

Tabell 6.2 Legemeldt sjukefråvær i pst. – både kjønn, kvinner og menn

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Både kjønn	4,6 (4,4)	4,2 (4,4)	3,3 (3,4)	4,2 (3,1)	2,4 (2,6)
Kvinner	5,7 (5,5)	5,4 (5,1)	4,9 (4,6)	5,4 (3,8)	2,9 (2,9)
Menn	2,9 (2,7)	3,3 (3,8)	1,7 (2,1)	2,1 (1,9)	1,9 (2,3)

Skatteetaten arbeider målretta og langsiktig for auka bevisstgjerung og styrka innsats for ivaretaking av arbeidsmiljøet. I samband med omstillinga til ny organisering og oppgåveløysing frå og med 1. januar 2019 vart det hausten 2017 gjennomført ei overordna risikovurdering av Skatteetatens fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

Tolletaten har starta eit etatsovergrepande prosjekt, *Nærvær og sjukefråværsoppfølging*, der måla er sjukefråvær under 3,5 prosent i direktoratet og under 4,5 prosent i regionane innan utgangen av 2018. Tiltaket starta i 2017 og er retta mot opplæring av leiarar, nærværsfaktorar og revidering av rutinar for sjukefråværsoppfølging for å nå desse måla. Det er utarbeidd tiltak for auka rørsle blant medarbeidarane (*BiA – bevegelse i arbeidstida*). Tiltaket opnar for inntil ein time med rørsle i arbeidstida, mot at medarbeidarane forpliktar seg til å røre på seg ein time på fritida i tillegg.

Finanstilsynet tilbyr mellom anna trening i arbeidstida og årleg helseundersøking hos bedriftshelsetenesta.

Alle etatane i departementsområdet er IA-verksemder og pliktar å leggje til rette for at til-

sette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan vere i arbeid.

Nokre tiltak

I *Skatteetaten* har prosentdelen kvinnelege leiarar gått opp med 1 prosentpoeng sidan 2016. I *Plan for likestilling og mangfald 2015–2018* har etaten som mål: «- likeverd, likestilling og mangfald skal vere ein del av etaten sin organisasjonskultur». Målet vert støtta av delmål for dei ulike diskrimineringsgrunnlag og tiltak. Eit av måla er fleire kvinner i seniorstillingar.

I *Tolletaten* har prosentdelen kvinnelege leiarar gått opp med 5 prosentpoeng sidan 2016. Etaten utarbeidde i 2017 ein strategi for kjønnsbalansert leing med hovudmål om at kvart kjønn innan 2021 skal vere representert med minst 40 pst. i toppleiargruppa og i dei andre leiarstillingane.

Alle verksemder skal leggje til rette for at ingen vert diskriminerte, jamfør òg krava i diskrimineringslovene. Kvar arbeidsplass skal òg leggje forholda til rette for eit godt arbeidsmiljø som inkluderer alle, uavhengig av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk.

6.2.2 Etnisitet

Tabell 6.3 Tilsette med innvandrarbakgrunn

Prosentdeler	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet	Heile dep.omr.	Statleg tariffomr.
I alt	7,9 (8,0)	5,9 (5,5)	15,4 (15,6)	12,9 (13,9)	7,1 (7,4)	8,4 (8,4)	11,3 (10,7)
– Frå landgruppe 1 ¹	2,9 (2,9)	2,9 (2,5)	5,7 (5,3)	4,0 (4,1)	3,2 (3,2)	3,2 (3,1)	5,8 (5,5)
– Frå landgruppe 2 ²	5,0 (5,1)	3,0 (3,0)	9,7 (10,3)	8,9 (9,8)	3,9 (4,2)	5,2 (5,3)	5,5 (5,2)

¹ EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand

² Resten av verda

Tabellen over syner prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn i statleg tariffområde, departementsområdet og etatane. Tala er frå 2017, med 2016-tal i parentes.

Nokre tiltak

Alle etatane har innarbeidd statleg praksis om innkalling av minst ein kvalifisert søkjar med innvandrarbakgrunn til jobbintervju. Fleire av etatane deltek òg i mangfaldsnettverk.

Skatteetaten heldt hausten 2017 kurs i inkludering og mangfald for 400 rettleiarar i fyrste line skranke. Målet med kurset var å tryggje rettleiarane i deira rolle i møte med ei voksende fleirkulturell brukargruppe. Alle tilsette får tilbod om e-læringskurset *Mangfaldskurset*.

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 1. oktober 2017.

	Fordeling tilsette i %		Kvinner sin del av løna til menn i %
	Menn	Kvinner	
Alle tilsette	61	39	109
Toppleiing	40	60	106
Adm. leiargruppe	83	17	125
Seniorrådgjevarar	56	44	88
Andre saksbehandlarar o.a.	33	67	93
Sjåførar	88	12	98

Målet er ei jamn kjønnsfordeling blant dei tilsette ved kontoret. Kjønnsfordelinga kan verte betre i einskilde grupper, som sjåførgruppa og gruppa andre saksbehandlarar og støttefunksjonar. I sekretærgruppa var det 9 kvinner og ein mann, og i sjåførgruppa 23 menn og tre kvinner.

På leiarnivå har kvinner noko høgare gjennomsnittsløn enn menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierer, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidsrøynsle.

I 2017 var samla sjukefråvær 3,1 pst – 2,4 pst. for menn og 4,1 pst. for kvinner.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Funksjonshemma og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte

Tolletaten var i 2017 bidragsytar til FAFO-rapporten *Profesjonell rekruttering er likestilt rekruttering*, om rekrutteringspraksis i verksemdar som er ein del av det statlege mangfaldsnettverket. Rapporten er eit kunnskapsgrunnlag for statlege verksemdar for å arbeide vidare med at rekrutteringspraksisen skal støtte opp om og fremje mangfald og likestilling.

6.3 Programkategori 00.30 Regjering

Statsministerens kontor

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpolitikken. Kontoret legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling.

søkjarar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, vert minst ein søkjar kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er IA-verksemd. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging, til dømes på grunn av sjukdom, operasjonar, graviditet eller omsorgsoppgåver.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. For tilsette over 60 år vert det i medarbeidersamtalen utført ein seniorsamtale for å kartleggje eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrkje moglegheita for å stå lenge i stillinga.

Regjeringsadvokaten

Regjeringsadvokaten har ein likestillingsplan med mål som skal hindre forskjellsbehandling på grunn av kjønn innanfor område som bemanning, leiging, faglege utfordringar, løn, tilrettelegging for omsorgsplikter m.m. Embetet legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit for utvikling gjennom oppgåver og kompetansetiltak.

Tilstandsrapport kjønn

Alle tal i tilstandsrapporten er frå 1. oktober 2017. Tre av sju medlemmer i leiargruppa var kvinner. Kvinnene utgjorde 37 pst. av advokatane ved embetet og heile 87 pst. av dei administrativt tilsette. Alle advokatane, unnateke ein, arbeidde i 100 pst. stilling.

Gjennomsnittsløna for kvinnelege advokatar (inkludert leiarar og vikarar) utgjer 87,75 pst. av løna til menn. Differansen heng saman med alderssamansetjinga i kjønnsgruppene. Hos Regjeringsadvokaten får advokatane eit betydeleg lønshopp når dei får møterett for Høgsterett. Tildeling av prøvesaker for Høgsterett følgjer i stor grad ansienniteten og vil såleis alltid skje på kjønnsnøytrale premiss.

Det samla legemelde sjukefråveret i 2017 var 3,8 pst. for embetet. Sjukefråveret for menn var 2,3 pst. og 5,9 pst. for kvinner.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Ved utlysing av stillingar i grupper med skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønnnet oppmoda til å søkje. Regjeringsadvokaten kallar som hovudregel inn minst ein søkjar, som regel fleire, med innvandrarakgrunn til intervju. Tilsvarande gjeld dersom det er kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringsadvokaten legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr og arbeidsoppgåver for medarbeidarane. Embetet tilbyr arbeidsplassvurdering til alle tilsette og gir moglegheit til trening.

For dei som har minimum fem år til fyrste moglege avgangstidspunkt, vert det lagt opp til ein seniorsamtale. Føremålet er å diskutere framtidssutsikter og kva moglegheiter arbeidsgjevar har til å foreslå utfordrande oppgåver og kompetansehevande tiltak som kan gjere det attraktivt å stå lenger i stillinga. For at dei eldre skal stå lenger i stillinga, har embetet innført betre ordningar for seniorar.

7 Omtale av klima- og miljørelevante saker

7.1 Finansdepartementet

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle sektorar i samfunnet har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. I Prop. 1 S (2018–2019) for *Klima- og miljødepartementet* finst ei samla omtale av klima- og miljørelevante saker for regjeringa.

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv forvaltning av dei økonomiske ressursane. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Rett utforma miljøavgifter gjev tildriv til å minke utsleppa og sikrar òg at forureinarane betaler.

7.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over utsleppa av klimagassar er mellom anna knytt til oppfølginga av Noregs klimamål slik dei mellom anna kjem fram i Kyoto-protokollen og i Paris-avtala, til ei ny forordning om miljørekneskapar i Eurostat, samt rapportering som følgjer av ny klimalov. I tillegg til dei krava som Kyoto-protokollen set, vert det no teke med tal for utslepp frå internasjonal luft- og sjøfart og opptak av CO₂ i skog. Norsk klimapolitikk er nært knytt til EU. Regjeringa arbeider for at Noreg og EU frå 2021 skal samarbeide om å nå måla for 2030. Dette vil auke behovet for å skilje mellom utslepp frå kvotepliktig sektor og ikkje-kvotepliktig sektor. Eit slikt samarbeid set også krav til rapportering av

utslepp. Statistikken over langtransportert forureining er mest knytt til oppfølginga av Gøteborg-protokollen. SSB har bygd ei produksjonsløysning for energirekneskapen og energibalansen. Ho vart teken i bruk i statistikkproduksjonen i 2017 og vil gje meir robust og effektiv produksjon av desse rekneskapane. Samstundes med omlegginga av produksjonsløysninga, er metodane gjennomgått. Dette òg vil betre grunnlaget for berekningane av utslepp til luft. Tal frå det nye systemet for heile perioden 1990–2017 vart publisert i juni 2018. Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram. Fram mot 2020 skal han utvidast med tal for miljøsubsidiar. Statistikk over avfall og attvinning skal dekkje både rapporteringskrav frå EU som følgjer av statistikkforordninga, og nasjonale behov. Statistikken over reinsing og utslepp av kommunalt avløpsvatn vert utvikla vidare. SSB følgjer òg opp statistikkforordninga om materialrekneskapar; Sirkulær økonomi (materialstraumar og attvinning). Ein skal finne målepunkt som er tilpassa nytt direktiv, tilpasse innhentinga av data og avklare korleis statistikken skal kunne ta vare på nasjonale og internasjonale behov. Vidare har SSB nyleg, i samarbeid med Miljødirektoratet og andre aktørar, starta utvikling av statistikk om matsvinn i verdikjeda frå produsent til konsument. Statistikk om matsvinn og matavfall skal dekkje både rapporteringskrav frå EU og nasjonale behov. SSB skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og andre meir analyseprega temastatistikkar om areal. Statistikk og analysar er publisert som planlagd.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande.

Frå 2017 gav ei EU-forordning rapporteringsplikt på områda rekneskap for miljøvernuttgifter (EPEA), statistikk for produksjon, bruttoprodukt, sysselsetting og eksport av miljørelaterte varer og tenester (EGSS) og næringsfordelt energibruk. Alle desse områda vert utarbeidd etter den internasjonale standarden SEEA (System for Environmental and Economic Accounting) og i tråd med prinsipp i nasjonalrekneskapen.

Innanfor forskingsverksemda i SSB på miljø- og klimafeltet er det fleire analyseprosjekt i gang, knytt til energimarknadstrender, klimapolitisk utvikling og bruk av naturressursar. I desse nyttar ein økonomiske analysemodellar av norsk, europeisk og global økonomi. Modellar av norsk økonomi (SNOW) vert òg leverte til Finansdepartementet for bruk der. Forskingsprosjekta nyttar norske data, i hovudsak frå SSB, og medverkar til statistikkarbeid på energi-, utslepps- og miljøfeltet. Prosjekta omfattar mellom anna omstilling av norsk økonomi og studiar av Noregs klimapolitiske mål og verkemiddel, løysingar for låge utslepp i transport, energi og industri, samt verdsetjing av naturressursar og tenester frå økosystema. Forskarane arrangerer og deltar i aktivitetar overfor norske brukarar i forvaltninga, nærings- og organisasjonslivet, allmenta, samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar, mellom anna gjennom det samfunnsfaglege sentret for energiforskning, CREE, som miljø- og energiforskarane i SSB er ein del av.

7.3 Avsetning til tapsfond for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken

Sida 1997 har Finansdepartementet hatt fullmakt til å gje garanti for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken. I åra 1998–2004 vart det gjennom løyvingar på statsbudsjettet bygt opp eit tapsfond på 45 mill. kroner til dekking av eventuelle tap. Fondet vart i 2014 belasta med vel 33,1 mill. kroner og i 2016 med vel 27,6 mill. kroner Som følgje av tapet i 2014 og varsla, ytterlegare tap, vart det for 2015, 2016 og 2017 løyvd 20 mill. kroner til tapsfondet årleg, og i 2018 vart det løyvd 10 mill. kroner. Målet var å auke tapsfondet slik at det igjen kjem opp til omkring 10 pst. av Noregs garantiansvar. Med eurokursen per 1. juni 2018 utgjorde fondet då 9,94 pst. av ansvaret. For 2019 vert det difor ikkje gjort framlegg om ytterlegare oppbygging av fondet.

8 Finansielle tenester som samfunnskritisk funksjon – vurdering av status og tilstand

8.1 Innleiing

I Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn* og Innst. 326 S (2016–2017) og i *Justis- og beredskapsdepartementets Prop. 1 S (2016–2017)* er 14 tverrsektorielle samfunnsfunksjonar som er kritiske for samfunnstryggleiken, presenterte. Det er samfunnsfunksjonar der fleire departement kan ha eit ansvar, der det kan vere gjensidige avhengnader mellom samfunnsfunksjonar, og der departementa må samarbeide for å ta vare på samfunnstryggleiken. For kvar av dei 14 samfunnsfunksjonane er det utpeika eit hovudansvarleg departement, som skal sikre naudsynt koordinering og samordning.

Inndelinga i 14 kritiske samfunnsfunksjonar og plassering av ansvar hos eit hovudansvarleg departement er eit sentralt verkemiddel for å styrkje den tverrsektorielle samordninga i arbeidet med samfunnstryggleik. Det er gjennom ny samfunnstryggleiksinstruks¹ etablert eit system for å utarbeide status- og tilstandsvurderingar for dei 14 samfunnskritiske funksjonane. Føremålet er å vurdere kva for evne samfunnet har til å halde funksjonane ved like dersom dei vert utsette for ulike påkjenningar. Dei hovudansvarlege departementa er ansvarlege for at vurderingane vert gjorde, og skal presentere desse i sine respektive budsjettproposisjonar. I 2018 er det utarbeidd status- og tilstandsvurderingar for dei tre samfunnskritiske funksjonane elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (Samferdselsdepartementet), redningsteneste (Justis- og beredskapsdepartementet) og finansielle tenester. Finansdepartementet er ansvarleg departement for funksjonen finansielle tenester og har difor laga ei tilstandsvurdering av denne funksjonen.

Den samfunnskritiske funksjonen finansielle tenester omfattar dei systema og det tilbodet av tenester som er naudsynt å oppretthalde for å ta vare på samfunnet sitt behov for sikker formidling

av kapital til og frå utlandet, gjennomføring av finansielle transaksjonar på ein sikker måte og tilgang til naudsynte betalingsmidlar, jf. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) sin rapport *Samfunnets kritiske funksjoner* (2016). Finansdepartementet har valt å konsentrere denne tilstandsvurderinga om den finansielle infrastrukturen, det vil seie betalingssystema og andre system som er naudsynt for at økonomiske transaksjonar skal kunne gjennomførast. Svikt i den finansielle infrastrukturen vil raskt ramme tilbodet av finansielle tenester, og kan òg påverke andre samfunnskritiske funksjonar.

Systema i den finansielle infrastrukturen vert i hovudsak eigd og drifta av bankar og andre private føretak. Bankane og andre finansføretak med løyve frå styresmaktene til å tilby finansielle tenester, er ansvarleg for drifta, uavhengig av om denne er utkontraktert til underleverandørar. Regelverket krev at finansføretaka legg ressursar i å identifisere og avgrense risiko for å sikre forsvarleg drift og god beredskap i føretaka. Finansdepartementet vurderer den finansielle infrastrukturen i Noreg som i hovudsak robust, men det er nokre utviklingstrekk som kan gjere tilbodet av finansielle tenester meir utsett framover. Dette gjeld særleg den aukande avhengigheita av komplekse IKT-system i sektoren, vekst i utkontraktering av driftsoppgåver og endringar i tilbodet av kundereitta tenester. Denne tilstandsvurderinga gjev ei oversikt over korleis desse trekkane kan bidra til auka sårbarheit, og kva myndigheitene gjer for å sikre evna til å oppretthalde samfunnet sitt behov for finansielle tenester. I tillegg vert kontantar si rolle som del av beredskapen i betalingssystemet trekt fram.

Ein annan føresetnad for å ivareta befolkninga sitt behov for finansielle tenester, er finansiell og økonomisk stabilitet. Arbeidet med å overvake den økonomiske situasjonen, både nasjonalt og internasjonalt, gjennomføring av soliditets- og likviditetsregelverk som aukar robustheita til finansføretaka, og tilsynsverksemd som sikrar at dette regelverket vert følgt, er ikkje del av denne tilstandsvurderinga, men er tema i jamlege rappor-

¹ Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet, fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017.

Boks 8.1 Publikasjonar om finansiell stabilitet og finansiell infrastruktur

Finansdepartementet, Noregs Bank og Finanstilsynet publiserer jamleg rapportar og analysar om ulike sider ved finanssektoren og tilbodet av finansielle tenester. Departementet legg kvar vår fram stortingsmeldinga *Finansmarkedsmeldinga*, der departementet mellom anna går gjennom hovudlinjer i finansmarknadspolitikken og utsiktene for stabilitet i finanssystemet. Den finansielle infrastrukturen er del av vurderingane i finansmarknadsmeldingane, sjå til dømes avsnitt 2.6 og 3.6 i Meld. St. 14 (2017–2018) *Finansmarkedsmeldinga 2018*. Utsiktene for økonomisk stabilitet i finanssystemet vert òg vurdert av departementet i *Nasjonalbudsjettet* kvart år.

Noregs Bank kjem årleg ut med rapporten *Finansiell stabilitet*. I denne legg Noregs Bank vekt på utsiktene for bankane si inntening og soliditet og kva økonomiske risikofaktorar dei står overfor, og gjev ei brei vurdering av strukturen og sårbarheita i det norske finanssystemet. Noregs Bank legg fire gongar i året fram *Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell*

stabilitet, som mellom anna inkluderer ein meir laupande gjennomgang av dei økonomiske risikofaktorane i finanssystemet.

Finanstilsynet publiserer kvar vår og haust rapporten *Finansielt utsyn*. Her gjev tilsynet sin analyse og vurdering av risikoen for finansielle stabilitetsproblem i den norske finansmarknaden på bakgrunn av utviklinga i norsk og internasjonal realøkonomi og marknader. Rapporten omtalar òg inntening, soliditet og likviditet i finansføretaka.

Noregs Bank og Finanstilsynet publiserer årleg kvar sin rapport om den finansielle infrastrukturen. I rapporten *Finansiell infrastruktur* identifiserer Noregs Bank utfordringar og drøftar utviklinga i kunderetta betalingsformidling og i interbanksystema. I rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse* ser Finanstilsynet på bruken av informasjons- og kommunikasjonsteknologi i finanssektoren og skildrar risiko og sårbarheiter for finansiell stabilitet, det einskilde føretak og den einskilde forbrukar.

tar og analysar. Finansdepartementet, Noregs Bank og Finanstilsynet publiserer kvart år ei rekke rapportar og analysar om dei økonomiske tilhøva i den norske finanssektoren, sjå boks 8.1.

8.2 Fordeling av ansvar og oppgåver

Ansaret for systema i den finansielle infrastrukturen ligg i hovudsak hos bankar og andre finansføretak. Den som har løyve til å yte betalingstenester eller drifta interbanksystem eller verdipapiroppgjerssystem, er ansvarleg for tenestene og systema. Ein stor del av dei driftsmessige og tekniske leveransane til systema er i dag sett bort til underleverandørar, men dette endrar ikkje på ansvars-tilhøva.

Dei viktigaste oppgåvene til styresmaktene er å fastsetje eit godt regelverk for innretninga og drifta av den finansielle infrastrukturen, sjå til at finansføretaka følgjer regelverket og overvake risikoen i systema. Finansdepartementet forvaltar lov- og forskriftsverket for finanssektoren og har det overordna ansvaret for å fremje finansiell stabilitet og medverke til forsvarleg drift i den finansielle infrastrukturen. I tråd med krav i samfunnstryggleiksin-

struksen gjennomfører departementet jamlege risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS-analysar) av både interne tilhøve og av tilhøve i sektoren, seinast i 2017, i tillegg til det laupande arbeidet med å vedlikehalde og oppdatere regelverket.

Finanstilsynet og Noregs Bank overvaker finansføretaka, verdipapirmarknadane og betalingssystema for å avdekkje tilhøve som kan true stabiliteten. Finanstilsynet har etter finanstilsynslova ansvar for tilsyn med all løyvepliktig verksemd i finanssektoren, men deler tilsynsansvaret for betalingssystema med Noregs Bank. Etter betalingssystemlova har Finanstilsynet ansvar for tilsynet med dei kunderetta betalingssystema og system for verdipapiroppgjær, medan Noregs Bank har ansvar for tilsynet med interbanksystema, det vil seie dei sentrale delane av betalingssystemet. Noregs Banks eiga oppgjærssystem (NBO) er det øvste nivået i det norske betalingssystemet, der betalingar mellom bankar, staten og Noregs Bank vert gjorde opp med endeleg verknad. Noregs Bank overvaker betalingssystemet og dei ulike delane av det, med heimel i betalingssystemlova og sentralbanklova. NBO er friteke frå tilsyn, men vert overvaka av ei anna eining i Noregs Bank enn eininga som driv systemet.

Fordi ansvarsområda innanfor den finansielle infrastrukturen i stor grad er overlappande, er det eit tett samarbeid mellom Noregs Bank og Finanstilsynet. Til dømes omfattar systema for verdipapir-oppgjer, som høyrer inn under ansvarsområdet til Finanstilsynet, både overføring av verdipapir og overføring av pengar. Noregs Bank har ansvaret for pengeelementet, fordi oppgjeret skjer hos NBO.

Gjennom beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI), som vert leia av Finanstilsynet, vert tiltak koordinert dersom det oppstår situasjonar som inneber fare for store forstyrningar i den finansielle infrastrukturen. Medlemmane i BFI representerer dei mest sentrale aktørane i den norske finansielle infrastrukturen.

8.3 Svakheiter i IKT-systema

Produksjonen og bruken av finansielle tenester har over mange år vorte meir og meir digital, noko som mellom anna har medverka til auka effektivitet og lågare kostnader. Den finansielle infrastrukturen er i dag bygd opp av tunge IKT-system, som gjennom komplekse verdikjedar er avhengige av innsatsfaktorar på tvers av og frå andre sektorar. Den omfattar fysiske komponentar, operativsystem, applikasjonar, nettverk, standardar, organisering og avtalar i tillegg til system for overvaking, oppfølging, dokumentasjon og kontroll. Bankar, avreknings- og oppgjerssentrar, IT-leverandørar og teleselskap driftar ulike delar av infrastrukturen. Samstundes som det er mange fordelar med digitaliseringa, kan denne utviklinga òg gjere tenestetilbodet meir sårbart for tekniske feil og andre uønskte hendingar.

Som alle store og komplekse IKT-system er òg den finansielle infrastrukturen avhengig av at straum og tele- og datakommunikasjon fungerer. Sviktar leveransen av desse grunnleggjande innsatsfaktorane, vil det straks slå ut i eit redusert tenestetilbod til kundane og gjere det vanskelegare for finansføretaka å handle saman internt og med andre aktørar. Ein må òg rekne med at det vil oppstå feil med ulik frekvens og alvorsgrad i den finansielle infrastrukturen, slik som i alle større datanettverk. I betalingssystema kan feil dessutan vere særleg merkbare, ettersom systema forventast å vere tilgjengeleg for mange kundar nærast til ei kvar tid.

Sjølv om det ikkje er til å unngå at det frå tid til annan oppstår feil, skal systema etter regelverket rettast inn slik at sannsynet for uønskte hendingar er låg. Dette inneber mellom anna at bankane bør etablere dupliserte driftsløysingar, og at dei hyp-

pig må ta sikkerheitskopiar av alle data, oppretthalde alternative driftsstader og ha omfattande reserve- og beredskapsløysingar som skal sørge for at drifta raskt kan takast opp att ved avbrot i dei ordinære løysingane. Det er òg krav om at bankane sin beredskap er samordna med beredskapen hos leverandørar som har betydning for banken si verksemd, og at det vert gjennomført heilskapelege øvingar. Krava er nedfelte mellom anna i betalingssystemlova og i IKT-forskrifta.

Den såkalla kjerneløysinga i kvar einskild bank held orden på den samla økonomiske omgangen banken har med kvar kunde og med andre bankar. Dei fleste norske bankane nyttar her gamle løysingar som til dels er vidareutvikla og i somme høve moderniserte (dataprogramma er skrivne om) over fleire år. Bruken av gamle system utgjer i seg sjølv ein risiko, men stabiliteten i kjerneløysingane har vore god. Det kan henge saman med at nye funksjonar som har kome opp gjennom åra, ofte er lagde på utsida av den gamle kjerneløysinga, framfor å verte integrert i eksisterande system. Når nye funksjonar og tenester vert kopla saman i lange, integrerte og automatiske transaksjonskjeder, kan dei i større mon driftast kvar for seg, men systemet som heilskap vert sårbart for svikt fleire stader. I tillegg vil ei grunnleggjande fornying av kjerneløysingane, som før eller seinare må gjennomførast, vera utfordrande og kostnadskrevjande.

Ettersom svikt i betalingssystema, òg kortvarg, kan få store konsekvensar for samfunnet, er det ei sær viktig oppgåve i eit samfunnstryggleiksperspektiv å bidra til å førebyggje problem gjennom å stille strenge krav til tryggleik og kontroll i føretaka, samt å oppretthalde god kriseberedskap. Myndighetene har få moglegheiter for å medverke til å rette opp problem i infrastrukturen etter at dei har oppstått. For å sikre at føretaka arbeider med IKT-tryggleik på ein hensiktsmessig måte, er føretaka pålagde å rapportere vesentlege IKT-hendingar til Finanstilsynet. I sin oppfølging av vesentlege hendingar legg Finanstilsynet både vekt på korleis det einskilde føretaket har handtera hendinga, og på at det vert gjennomført relevante, førebyggjande tiltak. Rapporteringa av hendingar skal samstundes bidra i overvakinga av risikonivået i finanssektoren generelt. IKT-forskrifta stiller mellom anna krav til at føretaka skal ha beredskapsplanar som skal setjast i verk dersom IKT-drifta ikkje kan oppretthaldast som følge av ei krise. Krava gjeld òg når heile eller delar av IKT-verksemda er utkontraktert. Finanstilsynet gjennomfører stadleg tilsyn der etterleving av forskrifta vert vurdert. Boks 8.2 gjev eit utdrag av sentrale paragrafar i IKT-forskrifta.

Boks 8.2 Utdrag frå IKT-forskrifta

Norske myndigheiter stiller omfattande krav til finansføretaka og andre med løyve på finansmarknadsområdet. Regelverket skal redusere sannsynet for uønskte hendingar, og minske konsekvensane av hendingar som likevel oppstår. Forskrifta om bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT-forskrifta) er ein sentral del av regelverket, og nedanfor vert nokre av dei mest sentrale paragrafane knytt til sikring av tilbodet av finansielle tenester summera opp.

Forskrift om bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT-forskriften)**§ 1. Virkeområde**

Forskriften gjelder [alle finansforetak og annen konsesjonspliktig virksomhet i den norske finanssektoren] (...).

Forskriften omfatter IKT-systemer som er av betydning for foretakets virksomhet. For eksterne brukere av foretakets IKT-systemer skal det foreligge avtaler som sikrer at forskriftens krav til sikkerhet og dokumentasjon ivaretas.

§ 2. Planlegging og organisering

Foretaket skal fastsette overordnede mål, strategier og sikkerhetskrav for IKT-virksomheten. Det skal foreligge beskrivelse av den enkelte prosess og hvordan ansvaret for administrasjon, anskaffelse, utvikling, drift, systemvedlikehold, sikring av informasjon og avvikling utføres på en betryggende måte. (...)

§ 3. Risikoanalyse

Foretaket skal fastsette kriterier for akseptabel risiko forbundet med bruk av IKT-systemene.

Foretaket skal ha en dokumentert prosess for gjennomføring av risikoanalyser av IKT-virksomheten. Prosessen skal blant annet definere klare ansvarsforhold og omfatte oppfølging av tiltak som iverksettes som et resultat av den gjennomførte risikoanalysen.

Foretaket skal minst en gang årlig, eller ved endringer som har betydning for IKT-sikkerheten, gjennomføre risikoanalyser for å påse at risiko styres innenfor akseptable grenser i forhold til foretakets virksomhet. Resultatet av risikoanalysen skal dokumenteres

§ 7. Systemvedlikehold

Foretaket skal sikre at IKT-systemene vedlikeholdes og forvaltes på en måte som gir en stabil, planlagt og forutsigbar drift. Det skal foreligge dokumenterte prosedyrer for systemvedlikeholdet.

§ 8. Drift

Drift av IKT-virksomheten skal være basert på dokumenterte prosedyrer, som sikrer fullstendig, rettidig og korrekt behandling og oppbevaring av data.

IKT-systemer skal ha dokumenterte driftsløsninger som sikrer en tilgjengelighet i tråd med foretakets dokumenterte krav. Det skal gjennomføres regelmessige analyser og tiltak for å motvirke avvik i IKT-systemene eller deres omgivelser, som påvirker oppnåelse av foretakets dokumenterte krav.

Foretaket skal teste og dokumentere at driften fungerer i henhold til foretakets dokumenterte krav.

§ 9. Avviks- og endringshåndtering

Foretaket skal sikre at prosedyrer for avviks- og endringshåndtering foreligger og følges.

Prosedylene for avvikshåndtering skal omfatte alle avvik som oppstår i driften av IKT-systemene. Avviksbehandlingen skal ha som formål å gjenopprette normal tilstand i IKT-virksomheten. Avviksbehandlingen skal identifisere årsaken til avvik, hindre gjentakelser og sikre forsvarlig og formell behandling av avviket. Avvikene skal dokumenteres. Prosedyrene for avvikshåndtering skal inneholde retningslinjer for eskalering.

Boks 8.2 (forts.)

Avvik som medfører vesentlig reduksjon i funksjonalitet som følge av brudd på konfidensialitet (beskyttelse av data), integritet (sikring mot uautoriserte endringer) eller tilgjengelighet til IKT-systemer og/eller data skal rapporteres til Finanstilsynet. (...)

Prosedyrene for endringshåndtering skal omfatte alle endringer som kan påvirke IKT-systemene og skal sikre forsvarlig, formell behandling og dokumentering av endringene. Foretaket skal sikre at prosedyrene for endringshåndtering gir en stabil, planlagt og forutsigbar drift.

§ 11. Driftsavbrudd og kriseberedskap

Foretaket skal ha en dokumentert kriseplan som skal iverksettes dersom IKT-driften ikke kan opprettholdes som følge av en krise. (...)

§ 12. Utkontraktering

Foretaket har ansvar for at IKT-virksomheten oppfyller alle krav som stilles etter denne forskrift. Dette gjelder også der hele eller deler av IKT-virksomheten er utkontraktert. Det skal foreligge en skriftlig avtale som sikrer dette.

Avtalen må sikre at foretak under tilsyn også gis rett til å kontrollere, herunder revidere de av leverandørens aktiviteter som er knyttet til avtalen. Avtalen skal også sikre håndtering av taushetsbelagt informasjon.

Avtalen skal videre sikre at Finanstilsynet gis tilgang til opplysninger fra og tilsyn hos IKT-leverandøren der Finanstilsynet finner det nødvendig som et ledd i tilsynet med foretaket.

Foretaket skal sikre, i egen regi eller gjennom et formalisert samarbeid med andre foretak enn IKT-leverandøren, at organisasjonen besitter tilstrekkelig kompetanse til å forvalte utkontrakteringsavtalen


§ 13. Dokumentasjon

Det skal foreligge en samlet oppdatert oversikt over organisasjon, utstyr, IKT-systemer og vesentlige forhold i IKT-virksomheten. Det skal foreligge oppdatert dokumentasjon av det enkelte IKT-system som er av betydning for foretakets virksomhet og som dokumenterer at forskriftens krav er oppfylt til enhver tid.

Finanstilsynet orienterer rutinemessig Finansdepartementet om alvorlige IKT-hendingar i systema til finansføretaka, til dømes når det er brot i tilgangen til bankane sine løysingar for betalingskort, nettbank o.l. Finanstilsynet og Noregs Bank utvekslar laupande relevant informasjon. Dei fleste IKT-hendingar som vert rapporterte til Finanstilsynet, er av operasjonell karakter, som typisk vil seie at årsaka til hendinga er tekniske feil ein eller annan stad i verdikjeda. Tryggleikshendingar i IKT-systema, det vil seie tilsikta, vondsinna hendingar, vert omtala i avsnitt 8.4.

Så langt har det ikkje vore hendingar med konsekvensar for finansiell stabilitet, og tilliten mellom aktørane er høg. Samstundes viser Finanstilsynets *Risiko- og sårbarhetsanalyse 2017* at talet på rapporterte hendingar auka i 2017, sjå figur 8.1. Finanstilsynet har identifisert sårbarheiter som utgjer risiko for at alvorlege hendingar kan inntruffe. Det meiner mellom anna at finansføretaka bør styrkje arbeidet med å etablere tilstrekkeleg robuste IKT-løysingar, og opplyser at det i 2018 vil følgje nøye med på utviklinga i hendingar og vurdere behov for tiltak. Tilsynet opplyser at det vil

leggje særleg vekt på at årsaker vert avdekte og tiltak sette i verk for å hindre gjentaking.



Figur 8.1 Rapporterte IKT-hendingar 2013–2017

Kjelde: Finanstilsynet

For fyrste halvår 2018 var det rundt 90 rapporterte, operasjonelle hendingar, det vil seie om lag på nivå med same periode året før.

8.4 Digital kriminalitet, sabotasje og andre åtak

Finanssektoren er eit attraktivt mål for vinningskriminelle aktørar, og åtak på denne sekto-

ren kan òg vere effektivt dersom ein ynskjer å skape ustabilitet i samfunnet og økonomien i stort. Den finansielle infrastrukturen sin sentraliserte struktur og avhengnad av IKT gjer sektoren sårbar for tryggleikshendingar i IKT-systema. Eit vellukka cyberåtak på den finansielle infrastrukturen kan leie til at kundar ikkje får gjennomført sine betalningar, og at store verdiar går tapt. Det kan òg svekke tilliten til finansforetak og det finansielle systemet.

Boks 8.3 Ulike formar for cyberåtak

Angrep retta mot finansiell infrastruktur kan gjere systema utilgjengelig i periodar eller ramme konfidensialiteten og integriteten til informasjonen i systema, gjennom uautorisert uthenting eller manipulering av informasjon, eller uautorisert gjennomføring av betalingsstransaksjonar.

DDoS (Distributed denial of service)

DDoS-åtak er Internett-åtak som inneber å overbelaste ein server med så mykje datatrafikk at normal tilgang for vanlege brukarar vert hindra. Siktemålet er å ramme tilgang til systema.

Phishing og sosial manipulering

Phishing inneber at kriminelle utgjer seg for å vere nokon andre for å hente ut sensitiv informasjon. Kriminelle nyttar i aukande grad phishing

og sosial manipulering for å kome seg inn i systema til finansforetak. Siktemålet kan vere både å hente ut sensitiv informasjon og å manipulere betalingsoppdrag.

Vatnhol-åtak

Vatnhol er ein type åtak kor virus vert planta på nettsider som det er naturleg at tilsette i finanssektoren besøker (vatnhol). Viruset følgjer med over til datasystema på den tilsette sin arbeidsplass. Der opnar det ein inngang som kan nyttast av kriminelle. Siktemålet kan vere rein innhenting av informasjon eller innhenting av informasjon som grunnlag for å gjere uautoriserte transaksjonar. I februar 2017 vart 20 bankar i Polen infisert med skadevare som vart distribuert via det polske finanstillsynet sin webserver.

Kjelde: Noregs Bank, Finansiell Infrastruktur 2018

Internasjonalt er finanssektoren den sektoren som oftast vert utsett for digitale åtak, og åtaka vert fleire og har større rekkjevidde enn tidligare. Talet på rapporterte tryggleikshendingar i norske finansforetak er likevel nokså lågt og har gått noko ned dei siste åra, sjå figur 8.1. Finanstilsynet har peika på at noko av forklaringa kan vere at den norske finanssektoren er betre verna og har lengre røymsle i å sikre seg mot åtak. Samstundes viser Finanstilsynet i *Risiko- og sårbarhetsanalyse 2017* til at finansforetaka har observert ei vesentleg auke i *uynskt aktivitet*. Berre ein liten del av den uynskte aktiviteten resulterer i tryggleikshendingar som skal rapporterast til Finanstilsynet.

Endringar i bank- og betalingssystemet som opnar for nye aktørar, kan gjere foretak i sektoren

endå meir attraktive for cyberåtak og auke angrepsflata, sjå omtale av PSD 2 under avsnitt 8.6.

Det er omfattande sikring av systema i Noreg, både gjennom den generelle reguleringa av IKT-bruken i finanssektoren, særskilte tiltak retta mot tryggleikshendingar og ein betydeleg eigeninnsats og samarbeid hos finansforetaka sjølve. Mellom anna etablerte Finans Norge i 2013 FinansCERT for å hjelpe næringa i handteringa av digitale åtak. CERT står for «*Computer Emergency Response Team*». FinansCERT har bidrege til betre samhandling og koordinering mellom finansforetaka. Såleis har sårbarheita i næringa vorte redusert, og forsvarsverka samla sett vorte styrka. I 2017 etablerte delar av den nordiske finansnæringa Nordic Financial CERT med utspring i norske FinansCERT. Nordic

Financial CERT er til liks med forgjengaren FinansCERT eit kompetansesenter for handtering av cybertruslar, og har som mål å identifisere og motverke angrep retta mot nordiske finansføretak og kundane deira. Opprettinga av Nordic Financial CERT er mellom anna eit resultat av dei positive røynslene føretaka som opererer i Noreg, har hatt med FinansCERT. Hovudkontoret er lagt til det eksisterande kompetansemiljøet i Oslo, som vart bygd opp gjennom FinansCERT.

Det går òg føre seg fleire arbeid retta mot å sikre den nasjonale IKT-tryggleiken. Dette er arbeid som vil ha relevans òg for finanssektoren. Mellom anna har Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM), som ei oppfølging av Justis- og beredskapsdepartementets Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerhet – Et felles ansvar*, fastsett eit rammeverk for handtering av IKT-tryggleikshendingar. Rammeverket har mellom anna krav om planlegging og førebuing, oppdaging og vurdering av hendingar, varsling av relevante partar, iverksetting av prosessar og tiltak for å handtere hendinga, situasjonsrapportering og læring av hendinga. Rammeverket skal medverke til å skape god situasjonsoversikt gjennom å samle og koordinere informasjon om IKT-tryggleikshendingar, og effektiv handtering av alvorlege hendingar frå verksemdsnivå til politisk nivå gjennom god utnytting av dei samla ressursane i samfunnet. I finanssektoren vil mellom anna Finanstilsynet få nye oppgåver i samsvar med krava i rammeverket.

Sikkerhetslova stiller mellom anna krav om særlege tiltak for å beskytte skjermingsverdige objekt. I finanssektoren er det etter sikkerhetslova utpeika to slike objekt, både i Noregs Bank. I februar 2018 vedtok Stortinget ein ny sikkerhetslov, som skal gjelde frå komande årsskifte. Den nye lova tydeleggjer at kvart departement har ansvaret for sin sektor, samstundes som sikkerhetsmyndighetens heilskaplege ansvar vert styrka. Den nye lova legg til rette for auka samhandling mellom offentlege myndigheiter og mellom offentleg og privat verksemd. Lova har fått eit noko utvida virkeområde for å vere tilpassa ei samfunnsutvikling med stadig større gjensidige avhengigheiter mellom ulike samfunnssektorar. For å avgjere kva som konkret skal underleggast lova, skal departementa identifisere såkalla grunnleggjande nasjonale funksjonar.

8.5 Konsentrasjonsrisiko og underleveransar

Eit trekk ved utviklinga i den finansielle infrastrukturen er at det dei siste åra har vorte meir vanleg å utkontraktere drifta av IKT-tenester til relativt få, sentrale tenesteleverandørar. Utkontraktering er når føretaket vel å nytte seg av ein ekstern leverandør i staden for å sjølv drifte, utvikle og forvalte IKT-tenester. Ein større del av IKT-drifta og driftsoperasjonane til norske bankar og norske filialar av utanlandske bankar er i dag flytta ut av Noreg. Også på verdipapirirområdet skjer mykje av IKT-verksemda i utlandet. Utflytting av IKT-oppgåver må skje på ein forsvarleg måte, både av omsyn til det einskilde finansføretak og til finanssystemet som heilskap.

Utkontraktering kan gjere drifta meir profesjonalsert og effektiv. Samstundes kan det vere utfordrande for finansføretaka å sikre at dei sjølve har nok kompetanse og ressursar til å ha den naudsynte styringa og kontrollen med leveransane. IKT-tenester som understøttar finansføretaket si verksemd, er underlagde IKT-forskrifta. Det inneber at finansføretaka har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til og kontrollere at leverandørane etterlever krava i forskrifta. Manglande kompetanse og ressursar i finansføretaka til sjølv å følgje opp IKT-verksemda, kan utgjere ein risiko for den finansielle infrastrukturen.

Dei siste åra har det vore fleire fusjonar og konsolideringar i IKT-bransjen. Desse leier til at nokre få føretak no står for leveransen av særskilte tenester til store delar av finanssektoren, telesekskapa og andre sentrale infrastrukturar. Samstundes er det ein trend at fleire IKT-leverandørar plasserer maskinene sine på same stad. Dette gjev stordriftsfordelar, men utgjør òg ein geografisk konsentrasjonsrisiko.

Ved utkontraktering av verksemd skal finansføretaka melde frå til Finanstilsynet minst 60 dagar før avtalen vert sett i verk. Meldeplikta er naudsynt for at tilsynsmyndigheitene skal ha tilstrekkeleg oversikt over den finansielle infrastrukturen. Finanstilsynet legg i tilsyn og oppfølging vekt på at føretaka skal gjere grundige risikoanalyser og vurderingar ved ny eller endra utkontraktering. Ei lovending i 2014 gav strengare reglar om kva slags oppgåver finansføretaka kan utkontraktere. Etter finansføretakslova § 13-4 kan utkontrakteringa omfatte «*deler av virksomheten som ikke er kjerneoppgaver*», med mindre dette skjer i et omfang eller på en måte som ikke kan anses som forsvarlig eller

som gjør at tilsynet med den utkontrakterte virksomhet eller foretakets samlede virksomhet blir vanskeliggjort».

Finanstilsynet har heimel til å kontrollere utkontraktering og setje i verk tiltak overfor ufor-svarleg utkontraktering. Dersom driftstenester av vesentleg betydning for betalingsformidling eller anna finansiell infrastruktur vert utkontrakterte til utanlandske aktørar, kan Finanstilsynet stille særskilde krav til etablering av beredskapsløysingar. Ved utkontraktering av IKT-tenester ut av Noreg, ser Finanstilsynet mellom anna til at finansføretaka tek tilstrekkeleg omsyn til landrisikoen i det aktuelle landet. Dersom Finanstilsynet vurderer at restrisiko etter eventuelle avhjelpande tiltak ikkje er tilfredsstillande, kan føretaket verte pålagt å gjennomføre ytterlegare tiltak i samsvar med kor viktig utkontraktering er for det finansielle systemet i stort.

Finanstilsynet vurderer i kvart einskild tilfelle av utkontraktering om avtalen oppfyller regelverket. I *Risiko- og sårbarhetsanalyse 2016* skriv tilsynet at det fann manglar i ei rekkje avtalar knytt til større multinasjonale selskap som tradisjonelt ikkje har hatt utvikling eller driftstenester til finansnæringa i sin tenesteportefølje. Men etter påtrykk frå myndigheiter og finansnæringa sjølv, har desse tenesteleverandørane tilpassa kontraktane som vert tilbydd finansnæringa, slik at dei no oppfyller krava.

Noregs Bank peikar i rapporten *Finansiell Infrastruktur 2018* på konsentrasjonsrisikoen som kjem med utkontraktering frå finansføretaka og andre til nokre få IKT-leverandørar. Noregs Bank skriv at dersom sentrale IKT-leverandørar til betalingssystemet feilar, anten som følgje av operasjonell svikt eller åtak, kan viktige delar av betalings-systemet stoppe opp. Banken meiner at ein bør greie ut korleis IKT-leverandørar og datasenter som er kritiske for betalingssystemet og andre sentrale samfunnsfunksjonar, best kan underleggast tilsyn. Ei slik vurdering bør ifølgje Noregs Bank avgrensast mot utredninga som IKT-tryggleiksutvalet skal leggje fram innan utgangen av 2018.

8.6 Endringar i tilbodet av kunderetta tenester

Finansnæringa er prega av rask innovasjonstakt, som dei siste åra særleg har vore synleg innanfor tilbodet av betalingstenester. Viktige drivarar er auka digitalisering og ny teknologi, auka internasjonalisering og ny regulering. Utviklinga skjer

dels innanfor den eksisterande finansielle infrastrukturen, der bankar og andre etablerte aktørar byggjer vidare på velprøvde system og løysingar. Eit døme på dette er marknaden for mobile betalingstenester.

EUs reviderte betalingstenestedirektiv (PSD2) krev at bankane opnar opp systema sine slik at tredjepartsaktørar kan få tilby tenester knytt til betaling og kontoinformasjon. Eit framlegg om gjennomføring av direktivet i norsk rett er no til behandling i Stortinget. PSD2 kan føre til auka konkurranse og fleire aktørar som tilbyr slike tenester.

Nye aktørar i betalingsmarknaden gir større spreiring av betalingsinformasjon, meir komplekse system og auka angrepsflate for cyberåtak. I *Finansiell infrastruktur 2018* skriv Noregs Bank at sårbarheiter knytt til tilgang, behandling og oppbevaring av informasjon kan ha betydning for tilliten til betalingssystemet og finansiell stabilitet. Samstundes kan utviklinga òg gjere tilbodet av finansielle tenester meir spreidd, slik at ein ikkje er like sårbar for problem hjå ein-skilde føretak. Det nye regelverket for betalingstenester (PSD2-reglane) stiller dessutan strenge og likelydande krav både til nye og eksisterande aktørar om korleis dei skal følgje opp og handtere operasjonell og tryggleiksmessig risiko. Finanstilsynet er konsepsjonsgivar og tilsynsmyndighet for tredjepartsaktørar under PSD2, og stiller krav både til bankane og til tredjepartsaktørane sin IKT-tryggleik. Nye aktørar må gjennom ein omfattande prosess der det vert stilt strenge krav til rutinar og prosessar, før dei får løyve til å tilby betalingstenester. I *Risiko- og sårbarhetsanalyse 2017* skriv Finanstilsynet at dette gjer at det ikkje antek at den samla operasjonelle risikoen innan betalingsområdet vil auke som følgje av gjennomføringa av PSD2 i norsk rett, ut over at fleire aktørar og lengre verdikjeder i seg sjølv medfører auka risiko.

Betalingsystemlova stiller krav om at det «utan unødig opphald» skal gjevast melding til Finanstilsynet om etablering og drift av betalingsstenester. I tråd med ansvarsprinsippet er det føretaka sjølve som skal sørge for at informasjon og system er godt nok sikra, og som skal setje i verk naudsynte tiltak.

Utviklinga skjer òg utanfor den eksisterande infrastrukturen, der ein større flora av aktørar tilbyr heilt nye løysingar, ofte frikopla frå etablerte kanalar for betalingsformidling og anna finansiell tenesteyting. Det veks fram nye kanalar og tenestslag som myndigheitene og næringa ikkje har erfaringar med. Døme på dette er bruk av desentralisert teknologi til betaling og verdioppbevaring. Desentralisert teknologi kan òg gjere det

mogleg å utvikle løysingar som ikkje er basera på den vanlege finansielle infrastrukturen. Dette kan bidra til den vidare digitaliseringa og effektiviseringa av prosessar i finanssektoren. Det er vanskeleg å seie kva effekt utviklinga kan ha for den eksisterande finansielle infrastrukturen no, men departementet og tilsynsmyndigheitene følgjer utviklinga nøye.

8.7 Nye krav til kontantar og beredskap i betalingssystemet

Effektive elektroniske beredskapsløysingar er avgjerande for at betalingssystemet raskt kan gjenopprettast ved avbrot. Dei fleste betalningar i Noreg skjer i dag med elektroniske løysingar som betalingskort, mobilbetaling og nettbank. Bruk av kontantar er redusert, og har liten betydning når det gjeld finansielle transaksjonar mellom næringslivsaktørar. Kontantar er likevel ein del av den samla beredskapsløysinga ved ei eventuell svikt i dei elektroniske beredskapsløysingane.

Ettersom dei fleste i dag hovudsakleg nyttar elektroniske betalingsmiddel, har bankane bygd ned sin infrastruktur for kontanthandtering. Dette inneber at moglegheitene til å møte auka etterspørsel etter kontantar, til dømes som følgje av svikt i dei elektroniske betalingssystema, er vorte redusert. Finanstilsynet og Noregs Bank konkluderte etter eit tilsyn hos bankane i 2013 med at kontantar framleis er den mest aktuelle betalingsmåten ved svikt i dei ordinære systema, og at bankane sin kontantberedskap ikkje har vore tilfredsstillande. Finanstilsynet og Noregs Bank sendte

difor i 2016 eit framlegg til Finansdepartementet om nærare regulering av bankane si plikt til å gjere kontantar tilgjengeleg i slike tilfelle. Etter høyring av framlegget fastsette departementet 17. april 2018 forskriftsreglar om dette med heimel i finansføretakslova § 16-4.

Dei nye reglane inneber at bankane må tilpasse sine beredskapsløysingar til dokumenterte og talfesta vurderingar av risiko for auka etterspurnad etter kontantar, og angi desse i ein plan som vert følgt opp av Finanstilsynet. Bankane kan ta omsyn til elektronisk beredskap i dimensjoneringa av kontantløysingane, slik at dei får moglegheit for å redusere eit potensielt kostbart kontantkrav ved å byggje opp den elektroniske beredskapen. Departementet har lagt vekt på at kontantar har ei viktig beredskapsrolle, og at dei nye reglane vil bidra til å setje ein standard for den samla kapasiteten og beredskapen i det norske betalingssystemet. Fristen for å oppfylle krava er 1. januar 2019, slik at bankane får noko tid til å etablere nye løysningar og planar. I kva grad reglane vil innebere auka kontantbeholdningar, vil avhenge av kvaliteten på dagens elektroniske system, og om bankane vel å satse på nye elektroniske løysningar i staden for kontantar.

Sjølv om dei fleste i hovudsak nyttar elektroniske betalingsmiddel, er kontantar framleis ein betydelig betalingsmåte for mange. Tilbodet av kontantar er i hovudsak tilfredsstillande, men noko sårbart, sjå avsnitt 4.5 i *Finansmarkedsmeldinga 2018*. Som nemnt i meldinga vil Finansdepartementet følgje opp spørsmål knytt til kontantplikta, i finansmarknadsmeldinga for 2019.

Finansdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2018–2019) om statsbudsjettet for år 2019 vert dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet vert i Prop. 1 S (2018–2019)
statsbudsjettet for budsjettåret 2019 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

**Kapitla 20–51 og 1600–1651, 3021–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351,
5605 og 5692–5693**

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
20	Statsministerens kontor			
	01	Driftsutgifter	121 200 000	121 200 000
21	Statsrådet			
	01	Driftsutgifter	190 200 000	190 200 000
24	Regjeringsadvokaten			
	01	Driftsutgifter	106 200 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	14 000 000	120 200 000
		Sum Regjeringa		431 600 000
Stortinget og underliggjande institusjonar				
41	Stortinget			
	01	Driftsutgifter	956 500 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	412 800 000	
	50	Sannings- og forsoningskommisjonen	8 000 000	
	70	Tilskot til partigruppene	197 000 000	
	72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500 000	
	73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	15 000 000	
	74	Reisetilskot til skular	5 000 000	1 595 800 000
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret			
	01	Driftsutgifter	7 300 000	7 300 000
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga			
	01	Driftsutgifter	88 900 000	88 900 000
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste			
	01	Driftsutgifter	22 200 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	29 000 000	51 200 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
45	Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar		
	01 Driftsutgifter	25 000 000	25 000 000
51	Riksrevisjonen		
	01 Driftsutgifter	537 700 000	
	75 Internasjonale organisasjonar og nettverk	26 200 000	563 900 000
	Sum Stortinget og underliggjande institusjonar		2 332 100 000
	Finansdepartementet Finansadministrasjon		
1600	Finansdepartementet		
	01 Driftsutgifter	390 800 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	90 900 000	
	70 Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden	12 700 000	494 400 000
1602	Finanstilsynet		
	01 Driftsutgifter	389 400 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	26 000 000	415 400 000
1605	Direktoratet for økonomistyring		
	01 Driftsutgifter	507 200 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 200 000	523 400 000
	Sum Finansdepartementet Finansadministrasjon		1 433 200 000
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		
1610	Tolletaten		
	01 Driftsutgifter	1 522 600 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	95 200 000	1 617 800 000
1618	Skatteetaten		
	01 Driftsutgifter	6 062 100 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	205 900 000	
	22 Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	472 800 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	88 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	115 000 000	
	70 Tilskot	3 500 000	6 947 400 000
	Sum Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		8 565 200 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Offisiell statistikk			
1620	Statistisk sentralbyrå		
	01 Driftsutgifter	593 300 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	253 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	20 000 000	866 400 000
	Sum Offisiell statistikk		866 400 000
Andre føremål			
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	24 600 000 000	
	72 Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	2 180 000 000	26 780 000 000
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	6 600 000 000	6 600 000 000
	Sum Andre føremål		33 380 000 000
Statsgjeld, renter og avdrag m.m.			
1650	Statsgjeld, renter m.m.		
	01 Driftsutgifter	43 600 000	
	89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 489 300 000	10 532 900 000
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyving		
	98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	76 515 000 000	76 515 000 000
	Sum Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		87 047 900 000
Sum departementets utgifter			134 056 400 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
3021	Statsrådet		
	02 Diverse refusjonar	100 000	100 000
3024	Regjeringsadvokaten		
	01 Vederlag for utgifter i rettssaker	19 000 000	19 000 000
	Sum Regjeringa		19 100 000
Stortinget og underliggjande institusjonar			
3041	Stortinget		
	01 Salsinntekter	9 300 000	
	03 Leigeinntekter	1 100 000	10 400 000
3051	Riksrevisjonen		
	01 Refusjon innland	2 000 000	
	02 Refusjon utland	300 000	2 300 000
	Sum Stortinget og underliggjande institusjonar		12 700 000
Finansdepartementet			
4600	Finansdepartementet		
	02 Diverse refusjonar	400 000	400 000
4602	Finanstilsynet		
	03 Sakshandsamingsgebyr	12 000 000	
	86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	500 000	12 500 000
4605	Direktoratet for økonomistyring		
	01 Økonomitjenester	51 600 000	51 600 000
4610	Tolletaten		
	01 Særskilt vederlag for tolltjenester	7 000 000	
	02 Andre inntekter	2 000 000	
	04 Diverse refusjonar	1 100 000	
	05 Refusjon frå Avinor AS	25 200 000	
	85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	17 000 000	52 300 000
4618	Skatteetaten		
	01 Refunderede utleggs- og tinglysingsgebyr	89 500 000	
	02 Andre refusjonar	46 100 000	
	03 Andre inntekter	37 900 000	
	05 Gebyr for utleggsforretningar	49 000 000	
	07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner	3 500 000	
	11 Gebyr på kredittdeklarasjonar	5 200 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	85	Inngått på tapsførte lån m.m.	246 500 000	
	86	Bøter, inndragingar m.m.	1 430 000 000	
	87	Trafikantsanksjonar	70 000 000	
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	262 600 000	
	89	Gebyr for regelbrot	4 000 000	2 244 300 000
4620		Statistisk sentralbyrå		
	02	Oppdragsinntekter	256 100 000	
	85	Tvangsmulkt	25 000 000	281 100 000
		Sum Finansdepartementet		2 642 200 000
		Ymse inntekter		
5341		Avdrag på utestående fordringar		
	95	Avdrag på lån til andre statar	500 000	
	98	Avdrag på eigenbehaldning statsobligasjonar	8 000 000 000	8 000 500 000
		Sum Ymse inntekter		8 000 500 000
		Skatter og avgifter		
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet		
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	418 400 000	418 400 000
		Sum Skatter og avgifter		418 400 000
		Renter og utbyte m.m.		
5351		Overføring frå Noregs Bank		
	85	Overføring	12 000 000 000	12 000 000 000
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar		
	80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	2 158 000 000	
	81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	200 000	
	82	Av innanlandske verdipapir	1 307 700 000	
	83	Av alminnelege fordringar	25 000 000	
	84	Av driftskreditt til statsverksemder	54 900 000	
	86	Renter av lån til andre statar	100 000	3 545 900 000
5692		Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken		
	85	Utbyte	112 700 000	112 700 000
5693		Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.		
	85	Utbyte frå Folketrygdfondet	600 000	600 000
		Sum Renter og utbyte m.m.		15 659 200 000
		Sum departementets inntekter		26 752 100 000

Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 21 post 01	kap. 3021 post 02
kap. 1600 post 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postane 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 02
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved berekninga av overføring av unytta løyving til neste år.

2. overskride løyvinga til oppdragsverksemd på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesi-

elle driftsutgifter, med eit beløp som svarer til alle meirinntektene på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter.

Unytta meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved utrekning av overførbart beløp på posten.

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01.

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Statsministerens kontor i 2019 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrå-

det, post 01 Driftsutgifter, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover løyvingane

IV

Tingingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 kan gjere tingingar utover det som er løyvt,

men slik at den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar ikkje overstig desse summene:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1610		Tolletaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	40 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

V

Fullmakt til å gjere avtalar om investerings-
prosjekt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 kan inngå avtaler om gjennomføring av dei investeringsprosjekta som er omtalte i Prop. 1 S (2018–2019) under kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne der.

VI

Garantifullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 kan gje garantiar for:

1. grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 230 785 695 euro.
2. lån frå Den nordiske investeringsbanken som gjeld ordninga med prosjektinvesteringsslån innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 387 086 761 euro.
3. miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 57 243 888 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare
bubehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet for 2019 under ordninga med oppfølging av staten sine krav i konkursbu kan pådra staten skyldnader utover løyvingane, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 20,8 mill. kroner. Utbetalingar vert dekte av løyvingane under kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Andre fullmakter

VIII

Fullmakt til å rette opp uoppklåra
differansar og feilposteringsar i
statsrekneskapar for tidlegare år

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 i einskildsaker kan rette opp uoppklåra differansar i rekneskapane og feilposteringsar i statsrekneskapen som gjeld rekneskapar for tidlegare år. Dette må gjerast ved å postere over kontoen for forskuvingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for det inneverande året. Fullmakta gjeld opp til 1 mill. kroner.

IX

Nettoposteringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2019 kan:

1. trekkje direkte utgifter i samband med auksjonssal frå salsinntektene før det overskytande vert ført som inntekter under kap. 4610 Tolletaten, post 02 Andre inntekter.
2. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1610 Tolletaten, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Tolletaten framleiger lokale.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Skatteetaten framleiger lokale.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, refusjonar frå andre offentlege institusjonar for investeringar Skatteetaten gjer i samarbeid med desse.
5. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 01 Driftsutgifter, refusjonar av fellesutgifter og liknande der Statistisk sentralbyrå framleiger lokale.

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak

1 Noregs Bank

Sentralbanksjefen er tilsett på åremål frå 1. januar 2017 og ut 2022. Sentralbanksjefen leier òg hovestyret i Noregs Bank.

Løna til sentralbanksjefen utgjorde 2 359 061 kroner i 2017. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 156 606 kroner. Sentralbanksjefens pensjon er regulert gjennom ei eiga pensjonsordning for sentralbanksjef og visesentralbanksjef. Maksimalt pensjonsgrunnlag er 12 gonger Folketrygdens grunnbeløp (12 G).

1.2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovsselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet. I 2017 utgjorde løna til no avgått administrerande direktør 3 097 000 kroner per år, pensjonsutgiftene 238 000 kroner og anna godtgjersle 34 000 kroner. Administrerande direktør sa opp si stilling 30. oktober 2017. Ho hadde 6 månaders oppseiingstid med dei siste tre månadene utan arbeidsplikt. Arbeidsavtalen gav rett til etterløn i 12 månader, rekna frå oppseiingstidas slutt. Løna på sluttidspunktet var 3 060 000 kroner per år som òg er grunnlaget for berekning av etterløna. Det er ikkje knytt feriepengar eller pensjonsrettigheter til etterløn. All inntekt frå anna arbeid vert trekt frå etterløna.

Folketrygdfondet har frå 1.1.2016 ein avtale om innskottsbasert pensjonsordning for dei til-

sette. I tillegg hadde avgått administrerande direktør ein avtale med Folketrygdfondet som inneber at ho ved fylte 60 år skulle ha pensjonsrettar tilsvarande full opptening i Statens pensjonskasse (SPK). Dette hang saman med at administrerande direktør etter sin tidlegare åremålsavtale med staten før Folketrygdfondet vart omgjort til særlovsselskap, hadde ein slik oppteningsrett. Denne retten vart ført vidare i arbeidsavtalen med Folketrygdfondets styre. Utgiftene vert dekte av Folketrygdfondet.

Pensjon for avgått administrerande direktør frå 65 til 67 år skal dekkjast av Folketrygdfondet. Dersom administrerande direktør i perioden 65 til 67 år tek imot yting knytt til sykdom eller arbeidssuførleik, frå Nav og/eller tenestepensjonsordningar, vil desse ytingane kome til frådrag i pensjonen frå Folketrygdfondet i denne perioden. Pensjon for administrerande direktør vil verte samordna med alderspensjon frå folketrygda, oppsett rettighet i SPK og innskottspensjon frå 67 år.

Ny administrerande direktør byrja i stillinga 1. september 2018 med avtalt løn 3 450 000 kroner per år. Han pliktar å fråtre si stilling ved fylte 70 år. Oppseiingstida er seks månader. Administrerande direktør har rett til etterløn tilsvarande seks månaders løn, rekna frå utgangen av oppseiingstida, dersom han vert oppsagd eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Det er ikkje knytt rett til feriepengar eller pensjon til etterløna.

Bestilling av publikasjoner

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2018

